

## Høyringsrapport

# Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - Vestland



Vestland  
fylkeskommune

# Innhold

<b>Om høyringa .....</b>	<b>5</b>
<b>Overordna drøfting av innspel .....</b>	<b>5</b>
Samanfatning av høyringsinnspele .....	5
Regionale høyringsmøter.....	6
Møte i Sogn.....	6
Møte i Hardanger/Voss .....	7
Møte i Nordfjord.....	7
Møte i Sunnhordland .....	8
Møte i Sunnfjord .....	8
Møte i Nordhordland.....	9
Møte i Bergen.....	10
<b>Vurdering av alle enkeltinnspel .....</b>	<b>12</b>
Advokat Klaus Iversen as.....	12
Alver kommune.....	13
Askvoll kommune.....	14
Askøy kommune.....	14
Atheno as .....	15
Austevoll kommune .....	16
Avinor .....	16
Bergen kommune .....	16
Bergen og Hordaland turlag .....	18
Bioregion institute .....	20
Bjørnafjorden kommune .....	21
BKK as .....	23
Design region Bergen .....	23
Energiomstilling vest.....	24
Fedje kommune.....	25
Fiskeridirektoratet .....	25
Fjaler næringsutvikling .....	26
Hardangerrådet IKS og Sogn regionråd .....	27
Hellesnes med fleire.....	30
Helse førde.....	31
Hordaland bonde- og småbrukarlag og Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag .....	32

Hyllestad kommune .....	32
Høgskulen på Vestlandet.....	34
Invest in Bergen.....	34
IT-forum vest .....	36
Klimapartner Vestland .....	38
Kvam herad.....	40
Kvinnherad kommune.....	41
Kystverket .....	42
Luster kommune .....	42
Lærdal elveeigarlag sa .....	44
Masfjorden kommune.....	44
Måløy vekst as .....	46
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.....	48
Norce Norwegian research centre as .....	49
Nordfjordrådet .....	49
Norges forskningsråd .....	51
Norges handelshøyskole .....	51
Norges lastebileier-forbund .....	52
Norges miljøvernforbund.....	53
Norske lakseelver .....	54
Næringsalliansen Vestland.....	55
Næringslivets hovedorganisasjon (NHO).....	57
Region Nordhordland IKS .....	60
Rexir holding as .....	63
Samarbeidsrådet for Sunnhordland.....	63
Sjømat Norge.....	65
Sogn frukt og grønt sa .....	66
Sogn og Fjordane næringsråd.....	67
Sogndal kommune .....	69
Solund kommune .....	71
Stad kommune .....	72
Statens vegvesen .....	73
Statsforvaltaren i Vestland .....	73
Stiftelsen akvariet i Bergen .....	74
Stiftinga Hardanger og Voss museum .....	75
Stiftinga vestlandsforskning .....	76
Stord kommune.....	77
Sunnfjord kommune .....	78
Sveio kommune.....	79
TA Balevik solutions as .....	80
Trond Terøy.....	81
Ullensvang kommune .....	81
Ullensvang reiseliv.....	83
UN Global compact Norge.....	84
Universitetet i Bergen .....	85
Vaksdal næringsselskap AS .....	86

Vestland bondelag.....	88
Vestlandets innovasjonsselskap AS.....	90
Viken fylkeskommune.....	91
Visit Bergen.....	92
Voss herad .....	92
Øygarden kommune.....	94
Årdal kommune.....	95

# Om høyringa

Hovudutval for næring vedtok i møte 19. januar 2021 å legge planutkastet for Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling – Vestland ut på høyring. Høyringsutkastet blei sendt til om lag 200 høyringsinnstansar til uttale. Høyringsfristen var 26. mars 2021, og det har kome inn 76 skriftlege innspel.

Frå 1. mars til 17. mars 2021 blei det arrangert sju regionale høyringsmøte. Møta var digitale, med studio både i regionane og i Bergen. På desse møta var det om lag 400 deltagarar totalt, 32 ordførarar og mange partnarar og næringslivsaktørar.

I tillegg har planframlegget i høyringsperioden vore presentert på andre arenaer som til dømes digital samling for kommunane, det har også vore dialogmøte med fem andre fylkeskommunale avdelingar.

Den administrative styringsgruppa; Næringsforum Vestland har hatt fått presentert høyringsinnspele, og fått ta stilling til viktige vegval for planen før framlegget vert lagt fram for politisk handsaming.

## Overordna drøfting av innspel

### Samanfatning av høyringsinnspele

Dei fleste sluttar opp om dei føreslårte satsingane i planen. Nokre få kjem med framlegg til nye satsingar. Det er i stor grad tilslutnad til visjon og dei overordna måla, men fleire kommenterer mål for satsinga Grøn næringsutvikling; at næringslivet skal vere klimanøytralt i 2033, og meiner det bør endrast. Det er også fleire som kommenterer berekraftsomgrepet.

Nokre tema går att i høyringsinnspele, som til dømes kraftsituasjonen, kompetanse og infrastruktur (både veg og digital). Fleire etterlyser meir spissing, både i planen, men særleg i handlingsprogram og i vidare oppfølging.

Planen blir av mange oppfatta som bransjenøytral. Fleire synest dette er positivt, men mange etterlyser at spesifikke næringar blir omtala tydelegare. Det er kome fleire innspel om nye temaplanar og strategiar.

Det er kome ein god del innspel om tiltak i handlingsprogram. Fleire av innspela handlar om medverknad. Partnarskapen ønskjer å bidra når planen skal konkretiserast i handlingsplanar, og i iverksetjing av planen. Dette kom klart fram både på dei digitale høyringsmøta og i høyringssvara.

Fleire peikar på at ansvar og roller må spesifiserast tydelegare, og at det bør vere større deltaking frå distrikta, kommunar, regionråd og næringsliv.

Fylkesrådmannen legg opp til at ein administrativt sikrar god medverknad i samansetjing av arbeidsgruppene for handlingsprogram 2022-2025. Fylkesrådmannen vil ta med seg innspela i det vidare planarbeidet.

Det går fram av denne oppsummering korleis ulike innspel er handtert.

## Regionale høyringsmøter

Det blei gjennomført 7 regionale høyringsmøte i høyringsperioden.

- Sogn i samarbeid med Sogn Næring – 1. mars
  - Kommunar: Sogndal, Vik, Luster, Lærdal, Årdal, Aurland
- Hardanger og Voss i samarbeid med Ullensvang Næringshage – 3. mars -
  - Kommunar: Vaksdal, Voss, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Kvam
- Nordfjord i samarbeid med Måløy Vekst – 4. mars
  - Kommunar: Stryn, Bremanger, Gloppen, Stad, Kinn
- Sunnhordland i samarbeid med Atheno – 11. mars
  - Kommunar: Kvinnherad, Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Austevoll
- Sunnfjord i samarbeid med Campus Verftet – 15. mars
  - Kommunar: Sunnfjord, Høyanger, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund
- Nordhordland i samarbeid med Klar bedrift – 16. mars
  - Kommunar: Austrheim, Gulen, Masfjorden, Modalen, Fedje
- Bergen i samarbeid med Bergen Næringsråd – 17. mars
  - Kommunar: Bergen, Bjørnafjorden, Askøy, Øygarden, Alver, Samnanger, Osterøy

### Møte i Sogn

Mandag 1. mars vart det gjennomført eit høyringsmøte i Sogn. Gunn Cecilie Hundere ønskete velkommen. Mette Nora Sætre leia møtet. Fylkeskommunen presenterte kort planen og handlingsprogrammet og prosessen vidare. Det var førebudde innlegg frå kommunane :

- |          |           |
|----------|-----------|
| • Luster | • Lærdal  |
| • Vik    | • Sogndal |

Dessutan var det førebudde innlegg frå andre inviterte aktørar, frå FoU, næringsliv, organisasjonar:

- |                            |                            |
|----------------------------|----------------------------|
| • Næringsparken i Høyanger | • Sogn frukt og grønt      |
| • Sogn Næring              | • Digital Etikett          |
| • Vik Næringerssamskipnad  | • Aurland Ressursutvikling |

Møtet vart gjennomført som eit digitalt møte, der dei som presenterte var inne i eit virtuelt møterom, medan andre som ville høre på møtet såg på ei strøyming av møtet. I overkant av 50 personar deltok på møtet.

Innspela som kom under møtet kan kort summerast opp slik:

- Samarbeid er viktig
- Det er stor kraftproduksjon i Sogn – verdiar bør bli att lokalt
- Meir berekraftig reiseliv, bør utvide sesongen for fleire heilårsarbeidsplassar
- Landbruk er viktig – må ta vare på matjorda og ikkje bygge ned landbruksareal
- Sirkulærøkonomi blir viktig i åra framover
- God infrastruktur og samferdsle er viktig for lokalsamfunna

## Møte i Hardanger/Voss

Onsdag 3. mars vart det gjennomført eit høyringsmøte i Hardanger/Voss. Anna G. Langesæter ønskete velkommen. Mette Nora Sætre leia møtet. Fylkeskommunen presenterte kort planen og handlingsprogrammet og prosessen vidare. Det var førebuide innlegg frå kommunane :

- Kvam og Hardangerrådet
- Voss

Dessutan var det førebuide innlegg frå andre inviterte aktørar, frå FoU, næringsliv, organisasjoner:

- Visit Hardangerfjord og Destinasjon Voss
- Ullensvang Fruktlager
- Hardanger Industri og Odda Technology
- Næringshagen i Ullensvang

Møtet vart gjennomført som eit digitalt møte, der dei som presenterte var inne i eit virtuelt møterom, medan andre som ville høre på møtet såg ei strøyming av møtet. Omlag 40 personar deltok på møtet.

Innspela som kom under møtet kan kort summerast opp slik:

- Samarbeid er viktig
- Er stor kraftproduksjon i Hardanger, verdiar bør bli att lokalt.
- Meir heilårs- og berekraftig reiseliv, og kople reiseliv mot kultur og lokalmat
- Treng trygge og sikre vegar, god infrastruktur og samferdsle

## Møte i Nordfjord

Torsdag 4. mars vart det gjennomført eit høyringsmøte i Nordfjord. Jon Askeland ønskete velkommen. Mette Nora Sætre leia møtet. Fylkeskommunen presenterte kort planen og handlingsprogrammet og prosessen vidare. Det var førebuide innlegg frå kommunane :

- Stad
- Kinn
- Bremanger
- Gloppen
- Stryn

Dessutan var det førebuide innlegg frå andre inviterte aktørar, frå FoU, næringsliv, organisasjoner:

- Invest 24, Stryn Tech Hub, Stryvo/Nomek
- Gloppen hotell/ Classic Norway
- Babord/Stadyard

- Whereby/Ecobait
- Ocean Hyway Cluster
- Havlandet og Fjordbasen i FlorøMåløy vekst

Møtet vart gjennomført som eit digitalt møte, der dei som presenterte var inne i eit virtuelt møterom, medan andre som ville høre på møtet såg på ei strøyming av møtet. Det var om lag 60 personar som deltok på møtet.

Innspela som kom under møtet kan kort summerast opp slik;

- Samarbeid er viktig
- Gode tenestetilbod og infrastruktur for å få heilårsturisme
- Treng koplingar mellom FoU, skular og næringsliv, samarbeid på tvers av kommunegrenser.
- Utdanningstilbod, traineeordningar og fagskular i distrikta
- Desentralisering av offentlege arbeidsplassar, digitale løysningar er framtida.
- Innovative offentlege anskaffingar

## Møte i Sunnhordland

Torsdag 11. mars vart det gjennomført eit høringsmøte i Sunnhordland. Fungerande leiar i hovudutval for næring Sigrid Brattabø Handegard og Astrid Kjellevold, Atheno AS ønskte velkommen. Mette Nora Sætre, Vestland fylkeskommune leia møtet. Fylkeskommunen presenterte kort planen og handlingsprogrammet og prosessen vidare.

Det var førebuide innlegg frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland ved ordførar i Etne kommune Mette Heidi B Ekrheim. Dessutan var det førebuide innlegg frå næringslivet i Sunnhordland ved Lars Solberg som leiar Industrinettverket Sunnhordland og Willie Vågen som er leiar for Katapultsenteret Sustainable Energy.

Møtet vart gjennomført som eit digitalt møte, der dei som presenterte var inne i eit virtuelt møterom, medan andre som ville høre på møtet såg på ei strøyming av møtet. Det var om lag 45 personar som deltok på møtet.

Innspela som kom under møtet kan summerast opp slik;

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ga eit samla innspel ved ordførar i Etne, Mette Heidi B Ekrheim. Samarbeidsrådet la vekt på at regionen har eit sterkt næringsliv, fornybar energi og stor vilje til omstilling. Grøn næringsutvikling, sterkare nærvær av fylkeskommunen, satsing på samferdsle og tilgang på kompetanse er viktige innspel frå kommunane i rådet.

Næringslivet i regionen heldt munnlege innlegg ved Industrirådet i Sunnhordland og Katapultsenteret Sustainable Energy. Willie Vågen som leiar katapultsenteret la vekt på at fylkeskommunen må satse vidare på å gjere fornybar energi til skipsfart tilgjengeleg langs kysten og bruke offentleg innkjøpspraksis til å skape marknad for lavutsleppsløysingar for skipsfart.

## Møte i Sunnfjord

Måndag 15. mars vart det gjennomført eit høringsmøte i Sunnfjord. Jon Askeland ønskte velkommen. Mette Nora Sætra leia møtet. Fylkeskommunen presenterte kort planen og handlingsprogrammet og prosessen vidare. Det var førebuide innlegg frå kommunane :

- Sunnfjord kommune
- Fjaler kommune
- Solund kommune
- Hyllestad kommune

Dessutan var det førebuide innlegg frå andre inviterte aktørar, frå FoU, næringsliv, organisasjonar:

- Førde Industri og næringsforeining
- Helse Førde
- Bondelaget
- Wergelandgruppen
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Sogn Industri

Møtet vart gjennomført som eit digitalt møte, der dei som presenterte var inne i eit virtuelt møterom, medan andre som ville høre på møtet såg på ei strøyming av møtet. Det var om lag 40 personar som deltok i møtet.

Innspela som kom under møtet kan kort summerast opp slik:

- Samarbeid er viktig, framtidsretta samarbeidsmodellar på tvers av næringsliv, fou, skuler, gjerne samlokalisering
- Distriktsutvikling med heilskapleg tenestetilbod, infrastruktur, kompetansetilbod, lærlingplassar, arbeidsplassar, klynger
- Teknologiutvikling og innovative offentlege innkjøp.
- Kommunale næringsfond

## Møte i Nordhordland

Tysdag 16. mars vart det gjennomført eit høyingsmøte i Nordhordland. Fylkesordførar Jon Askeland ønskte velkommen. Mette Nora Sætre leia møtet. Vertskap for møtet var Klar bedrift AS ved Veronica Haveland. Fylkeskommunen presenterte kort planen og handlingsprogrammet og prosessen vidare. Det var førebuide innlegg frå kommunane :

- Alver
- Fedje
- Masfjorden
- Osterøy
- Gulen
- Austrheim
- Modalen
- Vaksdal

Dessutan var det førebuide innlegg frå andre inviterte aktørar, frå FoU, næringsliv, organisasjonar:

- Nordhordland utviklingsselskap
- Osterøy Utvikling
- Greenspot Mongstad og Grønn konkurranseskraft Nordhordland
- Vaksdal næringsselskap
- Gulen og Masfjorden utvikling

Møtet vart gjennomført som eit digitalt møte, der dei som presenterte var inne i eit virtuelt møterom, medan andre som ville høre på møtet såg på ei strøyming av møtet. Det var om lag 35 personar som deltok i møtet.

Innspela som kom under møtet kan kort summerast opp slik:

- Grøn omstilling
- Kraftsituasjonen
- Industri

- Havbruk
- Areal, mellom anna rekkefølge-krav og rett areal til rett tid
- Infrastruktur, både veg og digital infrastruktur
- Kompetanse, utdanning og arbeidsliv
- Må vere ein levande plan med konkrete tiltak
- Rolleavklaring, regional samordning og regionråda si rolle
- Utvikling på næringslivet sine premissar, må løftast lokalt

## Møte i Bergen

Onsdag 17. mars vart det gjennomført eit høyringsmøte i Bergen. Marit Warncke ønskte velkommen. Mette Nora Sætre leia møtet. Fylkeskommunen presenterte kort planen og handlingsprogrammet og prosessen vidare. Det var førebuide innlegg frå kommunane :

- Bergen
- Øygarden
- Askøy
- Bjørnafjorden
- Alver

Dessutan var det førebuide innlegg frå andre inviterte aktørar, frå FoU, næringsliv, organisasjonar:

- |   |   |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bergen Næringsråd</li> <li>• Corvus Energy</li> <li>• Bjørnafjorden Næringsråd</li> <li>• Nordhordland Næringslag</li> <li>• Vest Næringsråd</li> <li>• Høgskulen på Vestlandet</li> <li>• Norges Handelshøyskole</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Framo</li> </ul> |
|---|---|

Møtet vart gjennomført som eit digitalt møte, der dei som presenterte var inne i eit virtuelt møterom, medan andre som ville høre på møtet såg på ei strøyming av møtet. Omlag 105 personar deltok på møtet. Innspela som kom under møtet kan kort summerast opp slik;

- Sikre god tilgang på kompetanse og arbeidskraft, både til eksisterande og nye næringar.
- Beholde TAF-ordninga,
- Sikre krafttilgang
- Rolleavklaring og medverknad

## Høyringsmøta oppsummert

Det var god deltaking og stort engasjement på alle høyringsmøta. Det var om lag 400 deltakarar total, 32 ordførararar og mange partnarar og næringslivsaktørar. Vi fekk mange nyttige innspel frå heile Vestland og frå næringsaktørar som representerer mange ulike næringar.

Fleire aktørar som hadde innlegg på høyringsmøta, har også sendt skriftlege innspele. Men over 40 aktørar som hadde innlegg på møta som ikkje har sendt skriftlege innspele. Vi har difor gått grundig gjennom referata frå alle høyringsmøta for å fange opp innspele som ikkje er dekka av dei skriftlege innspele og såleis ikkje kvittert ut. Vi ser at innspele på høyringsmøta og dei skriftlege innspele i veldig stor grad overlappar, og merknadane i høyringsrapporten og kommentarane i saksutgreiinga svarar også ut innspele som kom i høyringsmøta.

Mange er opptatt av den grøne omstillinga, kraftsituasjonen, fornybar energi og at vi må bruke ressursane betre lokalt. Industri, havbruk, landbruk og reiseliv er næringar som blir nemnt mykje. Areal er eit tema som kom ofte opp, mellom anna knytt til rekkefølgekrav og at vi må ha rett areal til rett tid.

Infrastruktur blir ofte nemnt, både vegar og tema som er mest aktuelle for regional transportplan, og den digitale infrastrukturen blir trekt fram som svært viktig for vidare utvikling. Både digital infrastruktur og kollektivtilbod blir ofte knytt til levande bygder og distrikt, og næringsutvikling i distrikta. Mange er opptatt av at korona har vist moglegheitene for utflytting av arbeidsplassar. Kompetanse i arbeidslivet, utdanningstilbod og korleis ein skal få til eit godt samarbeid mellom FoU, skular og næringsliv er også viktig. Teknologiutvikling, innovative offentlege innkjøp og sirkulærøkonomi blir trekt fram.

Fleire er opptatt av at planen må få konkrete tiltak, og at utviklinga må skje på næringslivet sine premissar. Det blir også etterlyst rolleavklaringar, peika på kor viktig medverknad og regional samordning er, og kommunane og regionråda sine roller blir trekt fram. Eit konkret tiltak som går att i høyringsmøta er ynskje om å få på plass kommunale næringsfond.

# Vurdering av alle enkeltinnspel

Under følgjer ei kort oppsummering av alle høringsinnspela. Alle innspel er lest igjennom og vurdert i det vidare arbeide. Det er notert korleis fylkesrådmannen tilrår at innspela vert tatt til følgje. Alle høringsinnspel er lagt ut på fylkeskommunen si nettside:

<https://www.vestlandfylke.no/politikk/hoyringar/hoyring-regional-plan-innovasjon-og-naeringsutvikling/>

Innstilling frå fylkesrådmannen er fargekartert i merknadsfeltet for lettare overblikk:

Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen	Tatt til orientering som innspel til handlings- program 2021	Tatt til orientering som innspel til handlings- program 2022- 2025	Tatt til følge - Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.
Tatt til følge - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021. Endring eller informasjon av politisk betydning, og blir presentert i saksframstilling.	Tatt til følge. Det blir førslått å starte opp arbeid med ny temaplan	Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid/anna avdeling i fylkeskommunen		

Advokat Klaus Iversen as	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Vidare utvikling av sjøareal og hamneområda blir viktig framtidsretta politikk, både internasjonalt, nasjonalt og lokalt langs kysten. Iversen peikar på at sjøareal og havområdet har hatt for lite merksemd i regional og nasjonal politikk dei siste åra. Politikkområdet er omfattande og merksemda på dette område vil stige både internasjonalt, nasjonalt og lokal merksemd framover. Vestland kan ta eigarskap til utviklinga av dette politikkområdet. Partia bør bygge opp kunnskap for å møte politikkområdet, og lobbyarenaer på ein god måte.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  I handlingsprogrammet kan det vurderast å konkretisere politisk arbeid. Elles eit innspel til hovudutval for innovasjon og næring og politisk arbeid.

Alver kommune	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Einig i planforslaget sin presentasjon av viktige satsingsområde. Særleg fornybar energi, olje og gass, marin sektor, maritim sektor og prosessindustri er særskilt viktige næringar i Alver og Nordhordland.</p> <p>Kommunen er samd i dei prioriteringar planen legg vekt på. Peikar på at det i Alver og Nordhordland er særskilt gode føresetnader for å lukkast med å ta ein leiande posisjon i eit berekraftig grønt skifte, med store og aktive industriområde som Mongstad og ved Fensfjordbassenget, med veksande næringsparkar og mykje tilgjengeleg næringsareal. Kommunen ser behov for ny, digital kompetanse. Opplever i dag mangel på kvalifisert arbeidskraft.</p>	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
<p>Kompetanse er særleg viktig for olje- og gassnæringa. Må kunne kome i møte det framtidige kunnskapsbehovet i overgangen frå olje- og gass. Einige i fylket sin auka fokus på kompetanseutvikling og forsterka samarbeid med utdannings- og forskingsmiljø.</p>	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan og handlingsprogram 2021. Kompetanseutvikling i arbeidslivet er lagt inn som eiga satsing, rett kompetanse for framtida og grøn næringsutvikling er trekt fram.
<p>Mange aktørar i regionen jobbar aktivt og godt saman om næringsutvikling. Dette samarbeidet bør vidareutviklast ved tydeleg rolleavklaring og ved bruk av Smart spesialisering, felles søknader til verkemiddelapparatet og større satsingar. Trekk fram Greenspot Mongstad er eit solid døme på aktiv handling og samarbeid for det grøne skiftet.</p>	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
<p>Ein bør sjå næringspolitikk, arealbruk og infrastruktur i samanheng og vurdere kva for investeringar i infrastruktur som vil gje gode konkurranseskilvår for næringsutvikling. Særleg bør det leggast vekt på å sikre tilstrekkeleg nettkapasitet for forventa kraftkrevjande industri.</p>	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.  Fornybar energi er trekt fram som ei strategisk prioritering i planen. Det blir lagt opp til gode koplinger til den komande regionale planen for fornybar energi, nye verdikjeder med industrielt preg, utfordringar med kapasitet i nettet, samt regional utvikling som gjer at kommunar kan utvikle og bruke ressursar lokalt.
<p>Innovasjon og re-industrialisering vil kreve nye arbeidsmetodar og tettare samarbeid med forskingsmiljø enn det vi har i dag. Regionen opplever mangel på kvalifisert arbeidskraft, og dette vil truleg auke i takt med behov for ny, digital kompetanse. Det bør jobbast aktiv med å auke vår region som ein attraktiv bo- og arbeidsmarknadsregion for å sikre kvalifiserte arbeidstakrar framover.</p>	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen

<b>Askvoll kommune</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Ynskjer at fylkeskommunen legg til rette for å desentralisere arbeidsplassar ut til distrikta.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  I saksutgreiinga er innspel om desentraliserte arbeidsplassar kommentert.
Føreslår å tilbakeføre ordninga med kommunale næringsfond til kommunane, slik dei hadde det tidlegare i Sogn og Fjordane. Den nye ordninga med nærings- og utviklingsfond er ikkje tilstrekkeleg. Dei peiker på at det er for lite midlar i potten og at bruksområdet er for avgrensa.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Kommunale næringsfond blir meldt inn til drøfting i budsjettprosessen for 2022.
Fylkeskommunen og statsforvaltaren bør arbeide saman med kommunane om å halde arealplanar oppdaterte og sørge for ei langsiktig, differensiert og balansert utnytting av natur- og arealressursane i fylket.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Det må leggast til rette for eit fleksibelt og desentralisert utdanningstilbod.	Innspellet sendt over som informasjon til anna planarbeid/anna avdeling i fylkeskommunen.  Det vert også vist til ny satsing på Kompetanseutvikling i arbeidslivet i planframlegget.
<b>Askøy kommune</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Initiativet med ein regional plan er viktig og positivt. Kommunane, med unntak av Bergen, spelar ei alt for perifer rolle, noko dei meiner er eit feilgrep og ei undervurdering av dei andre kommunane si rolle og kompetanse.	Tatt til følge - tekst korrigert i endeleg plan og handlingsprogram 2021.  Kommunane og regionråda si rolle er trekt fram noko meir tekstleg i både plan og handlingsprogram. Kommunane blir viktige samarbeidspartar framover.

<p>Askøy kommune ynskjer å ha ei meir sentral rolle i utarbeidingsa av handlingsprogrammet og det vidare planarbeidet. Dei ynskjer at kommunane i større grad skal få moglegheit til å påverke og få innsyn i arbeid med nytt handlingsprogram. Dei ynskjer også at Askøy kommune skal være representert i to av arbeidsgruppene: Grøn næringsutvikling og areal for næringsutvikling.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Det er positivt at Askøy kommune ynskjer å bidra med kunnskap inn i arbeidet. Vi noterer oss innspelet til vidare arbeid.</p>
<p>Det grøne skiftet, med stort omfang av elektrifisering spesielt i Bergensregionen, blir ein utfordring for kapasiteten i kraftnettet. Dette må løysast for ikkje å forsinke det grøne skiftet.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid/anna avdeling i fylkeskommunen.</p> <p>Blir følgt opp i eigen regional plan for fornybar energi. Fornybar energi er også trekt fram som ei strategisk prioritert i framlegget til regional plan for innovasjon og næring.</p>
<p>Askøy kommune har fleire attraktive og ledige næringsareal, og bedrifter som kan bidra til det grøne skiftet gjennom smart spesialisering. Fleire arbeidsplassar lokalt vil redusere behov for transport og mindre trafikk.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p><b>Atheno as</b></p>	
<p><b>Innspel</b></p> <p>Planen må ta opp i seg det regionen er sterke på og vidareutvikle dette:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ekspansjon innanfor marin industri og næring</li> <li>• Bygge på eksisterande olje- og gasskompetanse, prosesskompetanse og maritim industri</li> <li>• Utnytte den lokale krafttilgangen</li> <li>• Nærleik til havet generelt</li> <li>• Sjønære industriareal</li> <li>• Teknologiklyngar</li> </ul>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Det er viktig å legge til rette for innovative og inkluderande by- og arbeidsregionar, og det er viktig å tiltrekke seg, og utvikle arbeidskraft.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Viktig å få på plass:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Styrka verkemiddel og næringsutvikling regionalt</li> <li>-Læringsarenaer</li> <li>-Betre infrastruktur</li> </ul>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>

Viktig at det vert lagt til rette for næringsareal og næringsklynger - Tenke stort når ein utviklar næringsareal - Syte for nok grøn energi - utnytte den lokale krafttilgangen - Prioritere bruk av grøn energi	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan.  Dese punkta er sentrale i planframleggget. Det er føreslått ei endring der fornybar energi blir tydelegare trekt fram som ei strategisk prioritering.
<b>Austevoll kommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Austevoll kommune har ikkje konkrete innspel til dette planprogrammet, men vil generelt påpeike at dei er skeptisk til alle planar som fylkeskommunen har, som har form som over-kommune innanfor arealpolitikken. Dette er formannskapet kritisk til.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Austevoll formannskap er generelt kritiske til elektrifisering av fiskeriflåten og elektrifisering av olje- og gassinstallasjonar. Dei uttrykker bekymring for auka CO2-avgift og trekker frem at olje- og gassnæringa er viktig for framtida til regionen.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
<b>Avinor</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Avinor har ingen merknader til planen.	Tatt til orientering.
<b>Bergen kommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Høringsframleggget til regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033, med tilhøyrande handlingsprogram vil ha stor betydning for Bergen kommune ved at planen er fylket sin, ikkje berre fylkeskommunen sin plan for innovasjon og næringsutvikling. Den vil gje langsiktige føringar for Bergen kommune og det er viktig at både fylket og kommunen sine prioriteringar blir tekne i vare.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Kommunen viser til Utviklingsplan 2020-2024, der det står følgande om Bergen; «Bergen skal være hovudstaden på Vestlandet og en drivkraft for utvikling i hele landsdelen». Bergen kommune utgjer ca. 45% av sysselsettinga i Vestland fylke og har mange av dei viktigaste næringsklyngene, selskapa og kompetansemiljøa i Norge og verden. Basert på dette opplever byrådet at Bergen som drivkraft er for lite framtredande i den regionale planen og at regionen si betydning for det grøne skiftet blir framstilt feil. Byrådet ønsker derfor at dei komplementære rollene til Bergen og distrikt bør konkretiserast, synleggjerast og balanserast betre i den regionale planen.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan.

<p>Den regionale planen bør gje ei klarare strategisk retning for å kunne mobilisere næringsliv og offentleg verksemd. Planen er for generell og gir liten moglegheit for å prioritere kva som er viktig å satse på i åra framover. Det er uklart om anbefalingane frå Vestlandsenarioene 2020 blir realisert, eller om det vil bli gjort eit utval blant desse. Det er i liten grad beskrive kva næringar som vil skape den framtidige berekraftige verdiskapinga og nye framtidsretta arbeidsplassar.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan.</p> <p>Satsingane er spissa noko gjennom å trekke fram nokre strategiske prioriteringar. Grøn Region Vestland skal sjå nærmare på kva som er dei viktigaste områda å satse på, og spele dette inn til arbeid med handlingsprogram for 2022-2025. Satsingane blir mykje meir konkretisert i handlingsprogrammet.</p>
<p>Planen tek særleg fram sju næringar prega av internasjonal konkurranse. Byrådet meiner at alle desse kan definerast som framtidas eksportnæringar og samlast under fellesnemninga «havnæringane». Ynskjer at visjon og hovudmål i større grad blir spissa mot havnæringane og at FN sitt berekraftmål 14; «Liv under vann» blir inkludert og prioritert i planen. Bør vurdere om havnæringane skal være eit eige satsingsområde og at «Havbyen Bergen» blir lagt inn som tiltak i handlingsprogram 2021.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan og handlingsprogram 2021.</p> <p>Teksten om berekraft er endra. Havnæringane er trekt fram som ei strategisk prioritering. Havbyen Bergen er lagt inn som aktivitet i handlingsprogram 2021.</p>
<p>Bergen kommune har ein ambisjon om å være fossilfri innan 2030 og på lang sikt vere ein 1,5 graders by i 2050. Meiner det er nødvendig med ei meir konkret framstilling av den nødvendige omstillinga til grønt næringsliv i planen.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan.</p> <p>Målsetninga under Grøn næringsutvikling blir føreslått konkretisert i plandokumentet, slik at den er i samsvar med politisk ambisjonsnivå og det som kjem både i regional- og nasjonal klimaplan definert som «netto null-utslepp». Tiltak blir meir konkretisert i handlingsprogram for 2022-2025.</p>
<p>Byrådet saknar at korona-relaterte utfordringar blir synleggjort i planen.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Planen skal ha eit langsiktig perspektiv, men det er naturleg at tiltaka i første handlingsprogrammet og budsjetta blir retta mot koronautfordringane.</p>

<p>Planen bør seie noko om kulturnæringane si betydning for å skape attraktive og framtidsretta samfunn, og belyse kulturnæringa si betydning for områder som reiseliv- og servicenæringa.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan. Det er gjort mindre tekstlege justeringar.</p>
<p>Med ei tydelegare strategisk retning og ei tydelegare omtale av kommunen si rolle som drivkraft for utvikling og det grøne skiftet, meinar byrådet at den regionale planen vil bli eit godt verktøy til å mobilisere til ein tydeleg og samordna innsats og verkemiddelbruk.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan og handlingsprogram 2021. Kommunane og regionråda si rolle er trekt fram noko meir tekstleg i både plan og handlingsprogram. Satsingane er spissa noko gjennom å legge vekt strategiske prioriteringar. Satsingane blir også konkretisert mykje meir i handlingsprogram for 2022-2025.</p>
<p>Peikar på at høg kompetanse og forskningsdriven innovasjon er ein viktig faktor for næringslivet. Nærings-phd er eit eksempel på eit nært samarbeid mellom akademia og bedrifter. Det er viktig at regionen kan tilby anerkjente studieprogram på master- og phd-nivå i samarbeid med Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Norges Handelshøyskole.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021. Kompetanseutvikling i arbeidslivet er lagt inn som eiga satsing, og arbeidsrelevansen i alle utdanninger er trekt fram som viktig.</p>
<p><b>Bergen og Hordaland turlag</b></p> <p><b>Innspel</b></p> <p>Kommentar til mål og visjon i planen: Planen treng ei klårare operasjonalisering av berekraftomgrepet. Må sikre heilskapleg vektlegging av berekraft, ikkje berre økonomisk berekraft.</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til følge, og kommentert i saka. Berekraftsomgrepet er lagt til grunn for planen, også sosiale forhold og klima og miljø. Meir operasjonalisering kjem i samband med handlingsprogram.</p>

<p>Usikre på realismen i det planen seier om at det finnast "areal til å skape ny industri utan å gjøre ytterlegare naturinngrep". Industriutvikling, grøn teknologi og elektrifisering av sokkelen krev stor energibruk og vil kunne medføre utbygging av til dømes vindkraft i urørt natur.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikke gjort endringar i planen. Det er lagt vekt på reetablering av areal og fortetting.</p>
<p>Mangel på nettkapasitet er eit hinder for den skisserte utviklinga, og utbygging av nettkapasiteten er arealkrevjande og vil gå på kostnad av natur. Oppfordrar til å gjøre nokre strategiske val i verdiskapingsplanen for kva type næring som skal prioriterast med tanke på kraftleveransar. Å grave opp co2-rike myrar og rasere sårbar natur for å bygge ut kraftlinjer og vindkraft for å redusere klimagassutslepp frå olje- og gassplattformar og transport nyttar ikkje.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikke gjort endringar i planen.</p>
<p>Turlaget er positive til oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for sjø- og fjellareal. Vil oppmode om at ein utgreier kva verdiar i form av naturmangfold, naturtypar og landskaps-/opplevelingsverdiar fjellområda i Vestland innehavar. Bør også skaffe betre oversikt over konsekvensar av bit-for-bit nedbygging i randsonene av viktige verneområde og allmenningar i fylket.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikke gjort endringar i planen. Vi viser elles til Utviklingsplanen som slår fast at fylkeskommunen vil nytte perioden 2020-2024 til å starte arbeidet med å hente inn og oppdatere kunnskap, som grunnlag for ein framtidig regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar.</p>
<p>Viss verdas vakraste fjordar og fjell skal ligge til grunn for framtidas arbeidsplassar som omtalt i kap. 1.2, må vi i større grad verdsette dette landskapet og verne det mot inngrep.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikke gjort endringar i planen.</p>
<p>Handlingsprogrammet bør fastsetje nye utgreiingar og satsingar for å heve kunnskapsgrunnlaget om fjellareal og sjøareal som er under press.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikke gjort endringar i planen. Viser til kommentar om kunnskapsgrunnlag for ein framtidig regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar.</p>

<p>Planen bør:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- innehalde prinsipp for utvikling som sikrar ei heilskapleg vektlegging av berekraft - ikkje berre økonomisk berekraft</li> <li>- legge til grunn prinsipp for verdsetting av natur</li> <li>- legge til grunn mål om å senke behovet for kraft gjennom å effektivisere, spare og prioritere</li> <li>- gjere eit strategisk val av kva type næring som bør prioriterast for kraftleveransar, ut frå ei berekraftsvurdering</li> </ul>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Mykje av dette er tema som blir omhandla i andre regionale planar, eller blir konkretisert i handlingsprogram. Sjå også kommentarar over.</p>
<p><b>Bioregion institute</b></p>	
<p><b>Innspel</b></p> <p>Bioregion Institute vil oppfordre til at det i 2021 leggast til rette for gjennomføring av eit mogelegheitsstudie om korleis ein kan skape ein Living Lab, som ein arena for å akselerere det grøne skiftet.</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen. Vi vil vurdere dette inn mot handlingsprogram for 2022-2025.</p>
<p>Etablere ein arena som er spissa mot ressursutnytting av biomasse, sirkulære regionale produksjonskjeder, utvikling og testproduksjon av nye biomateriale og produkt som kan erstatte fossile plasttypar innan ei rekke bruksområde. Ein arena som vil bidra til industriutvikling på Vestlandet gjennom spissa utviklingsprosjekt mellom FoU og Industri der ein har som mål å utvikle tenester, teknologiar og løysingar slik at vi kan auke verdiskapinga gjennom å nytte organiske ressursar som i dag går til spille. Ein arena, som gjennom å demokritisere og gjere teknisk utstyr, areal og kompetanse tilgjengeleg på tvers av sektorar, vil auke bruken av ulike restråstoff. Derfor er behov for designkompetanse i prototyping av både produkt, tenester og forretningsmodellar.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025</p>
<p>På kort sikt kan målsettinga vere å skape ein arena der vi kan vise fram kva som skjer innan bioøkonomi og sirkulære nyvinningar i vår region. Ambisjonen bør vere at dette initiativet skal vere eit offentleg -privat partnarskap som på sikt skal få statleg finansiering</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025</p>
<p>Bioregion Institute vil, med nettopp tverrfagleg samarbeid, skape rom for innovasjon. Ved å etablere ein testarena for utvikling og prototyping i småskala kan næringsutviklinga sette fart og samskape nye verdikjeder for utradisjonell utnytting av organisk restråstoff. Bioregion Institute har som målsetting å bygge opp og drifta Biodesign Lab, ein viktig infrastruktur for omstilling til sirkulær økonomi og bioøkonomi i Vestland, med potensiale for ringverknader til andre regionar. Bioregion Institute med samarbeidspartnarar vil svært gjerne kome i dialog om samarbeid eller partnarskap med Vestland Fylkeskommune då det ser ut til at vi har overlappande interesser i dette prosjektet.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>

<b>Bjørnafjorden kommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Mål om verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i hele fylket. Innhaldet i dette målet må likevel konkretiserast og få eit tydelegare innhald gjennom arbeidet med tiltak og handlingsplanar for å unngå interessekonfliktar mellom kommunane i regionen.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Både satsingane, og ansvar og rolledeeling blir meir konkretisert i handlingsprogram.</p>
<p>Ser ikkje heilt kva som ligg i målet om "rett areal til rett føremål til rett tid". I høyringsutkastet er det vist til retningsliner med heimel i pbl. § 8-5. Heimelen er ein forbodsheimel og er ikkje nytta riktig. Kommunen støttar at dette verkemiddelet vert tatt ut av planen. Kommunen ser det som lite tenleg å nytte forbod som ein drivar for utvikling.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan.</p> <p>Det blei slått fast alt i høyringsbrevet at dette var ein feil, og paragrafen blir fjerna.</p> <p>Rett areal til rett føremål til rett tid handlar om å gjere samordna og gode berekraftige val knytt til arealbruk.</p>
<p>Fylkeskommunen si rolle i planen bør tydeleggjera i større grad.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Samarbeid og rolledeeling blir meir konkretisert i handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p>Stiller spørsmål ved om målsettinga er prega av for mange partnarskap</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Bjørnafjorden kommune er usikker på korleis satsing på areal til næringsutvikling skal handtere interessekonfliktar mellom kommunar. Fylket har få verkemiddel til å løyse desse utfordringane.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Planen legg opp til samordning og rådgjeving.</p>

<p>Det manglar konkret fokus på fylket si rolle som brubyggar og spesifikke strukturar som er enkle og som gir rom for god kommunikasjonsflyt og samarbeid utan omfattande byråkrati.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025. Samarbeid og rolledeeling blir meir konkretisert i handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p>Det er positivt at det leggast opp til fleire nye partnarskap og felles arenaer, organiseringa må ikkje vere for omfattande og fylkeskommunen må koordinere. Fasiliteringsarbeid og kostnader må ikkje lempast over på kommunane.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen</p>
<p>Fylkeskommunen bør invitere kommunar som kan ha nytte av å samarbeide til samtaler om dette og legge til rette for økonomiske insentiv for samhandling. Det trengst god kommunikasjon og kompetanseheving på tvers av siloar.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025. Rolledeeling og samarbeid vert konkretisert tydelegare i handlingsprogram for 2022-2025, og vi vil invitere til medverknad både i utforming og oppfylling.</p>
<p>Bjørnafjorden kommune ynskjer handlingsprogrammet 2022-2025 får ei strategi for kompetanseheving og kunnskapsdeling på tvers av siloar, sektor, kommune og næringsliv.</p>	<p>Tatt til følge - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021. Kompetanseutvikling i arbeidslivet er lagt inn som eiga satsing, og det kjem ein eigen regional plan for kompetanse.</p>
<p>Saknar noko som forpliktar fylket til konkrete aktivitetar som vil fremme målsetning. Fylkeskommunen si rolle som tilretteleggjar må framhevast og kommuniserast tydeleg ut, slik at det ikkje vert lagt på kommunane å legge til rette for og drive frem utvikling i kvar sine «siloar».</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025. Satsingane blir også konkretisert meir i handlingsprogram for 2022-2025. Rolledeeling og samarbeid vert også konkretisert tydelegare. Planen skal vere Vestland sin felles plan, og det er viktig med samarbeid for å nå måla.</p>

Fylkeskommunen bør fokusere på inspirasjon, kompetanseheving, framfor byråkratiske tunge organiseringar. Det trengs brei deltaking frå lokalt næringsliv, kommunale næringsaktørar, folkevalde både frå fylket og kommune, FoU miljøet.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
<b>BKK as</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Sjølv om vasskraft spelar ei sentral rolle som fornybar energi, fører endringane i energisystemet også til endringar for vasskrafta si rolle. Auka forbruk av fornybar energi krev auka produksjon, og innfasing av ny og uregulerbar energi aukar betydninga av regulerbar vasskraft. Dette gjer moglegheit for verdiskaping frå vasskraft i fylket. Samtidig møter ein ynskje om avgrensingar av vasskrafta sin påverknad på natur og miljø, noko som vil kunne redusere verdiskapinga. Ynskjer at vasskrafta si rolle som verdiskapar i seg sjølv vert anerkjent og at vidareutvikling av vasskraft blir sett på som viktig for å nå energi- og klimapolitiske mål. Formuleringa "kjend infrastruktur som ligg i botnen" speglar ikkje dette.	Tatt til følgje - Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.  Teksten er justert i kapittel 1.5.
Nett: Kapasitetsutfordringane ligg i transmisjonsnettet, som er Statnett sitt ansvar. Løysinga vil vere å få etablert ein ny forbindelse i tråd med Statnett sine vurderingar i Konseptvalutredning Bergen og Omland.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
Innovative lokalsamfunn treng digitale løysingar. Robust fiberinfrastruktur i heile fylket er utgangspunktet for etablering av digital teknologi og løysingar.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Temaet blir viktig i ny temoplan for breiband og digitalisering dersom fylkestinget vedtek oppstart av planen.
<b>Design region Bergen</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Innspel: at design og arkitektur også får ta del i plankartet. Håpar det blir sett ambisiøse mål for denne næringa knytt til omstilling til sirkulære modeller.	Tatt til orientering , men det er ikkje gjort endringar i planen.  Sirkulærøkonomi er lagt inn som strategisk prioritering, og det er presisert at det gjeld alle bransjar. Satsingane blir tydelegare i handlingsprogram og innspelet blir tatt vidare der.

<b>Energiomstilling vest</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Kompetanse: Utdanning for omstilling. Nærings- og arbeidsliv er under stadig utvikling og omstilling, noko som gir økte krav til etter- og vidareutdanning. Ved en økt arbeidslivsrelevans i høgare utdanning, må aktørane styrke samarbeid på tvers av sektorar og nivå, utdanning burde bli meir opent og tilgjengeleg og svare på de omstillingsbehova regionen står midt oppe i, og som vil prege årea framover. Ei tydelegare satsing på samarbeid om studentmobilitet og praksisplassar i den regionale planen vil bli godt mottatt.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021. Endring eller informasjon av politisk betydning, og blir presentert i saksframstilling.  Det er tatt inn ein ny strategi for Kompetanseutvikling i arbeidslivet der mange av desse poenga er med.
FOU: partnarskapet for regional utvikling må i større grad legge til rette for økt eksperimentering, samarbeid og utvikling av nye arbeidsmåtar. EOV ser det som viktig at regionen ser på kva mogleheter og moglege utfordringar EU sin European Green Deal inkl. taksonomisystemet, gir for framtidig næringsutvikling.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
Vestland fylke bør løfte initiativ til regionalt nivå og fremja tverrfaglege holistiske samarbeid og initiativ for regionen. Vi ser det som viktig at dei ulike initiativa og aktørane som finst i dag (innan innovasjon, forskingsbasert innovasjon, studentinnovasjon, inkubatorar) samhandlar best mogleg og at nye initiativ eller arenaer for samarbeid vurderast opp mot dei aktivitetar som alt er etablert. Bør vere tydeleg plan og strategi på korleis ein skal sikre at regionen sine aktørar samarbeider der det er naudsynt	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Samarbeid og rolledeling blir meir konkretisert i handlingsprogram.
Forsking og utdanningsinstitusjonane si rolle innan innovasjon i næringslivet kan styrkast ytterlegare, og EOV sine fire partnarar bidreg gjerne i ein kommande utvikling av «Forskningsstrategi for Vestland».	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Det er positivt at Energiomstilling Vest ynskjer å bidra i det vidare arbeidet. Vi noterer oss innspelet.

<b>Fedje kommune</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Fryktar at planen vil gje mindre spelerom for kommunane. Dei fryktar at planen får for lite fleksibilitet dersom den må endrast i høve til behov i frå næringslivet.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Planen skal vere overordna og iverksetjinga i kommunane kan tilpassast lokale behov.
Den vidaregåande skulen får ikkje nok fleksibilitet til å utforme og tilpasse fagtilbodet til det som det lokale næringslivet treng. Det gjer utfordringar med å skaffe rett kompetanse.	Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.  Det har vore dialogmøte med opplæringsavdelinga, og innspelet blir sendt over til dei. Blir også sett i samanheng med satsing på kompetanseutvikling i arbeidslivet.
<b>Fiskeridirektoratet</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Behov for god regional samordning og støtte frå regionale styresmakter ovanfor kommunane når dei skal sette i gong med prosessar med arealplanar	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Viktig med reetablering og utnytting av ny industri utan nye naturinngrep	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Fiskeridirektoratet har forventningar til at det vert jobba med satsingar som sikrar ei god og kunnskapsbasert koordinering av arealbruken i sjø. Må vere rom for både fiskeri og akvakultur langs kysten og i fjordane. Treng betre kartlegging og meir samordning av arealbruk i fjordsystema. Marine økosystem må sjåast i ein heilskap, og det må vere balanse mellom bruk og vern. Handlingsplanen må vise korleis ein skal syte for betre kartlegging av sjøområda.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.

Fjaler næringsutvikling	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Næringsfondsmidlar er svært viktige, og er nå tatt bort. Det er viktig å ha direkte midlar til bedrifter lokalt, og at vi forstår deira behov. Det er eit ynske frå kommunane Askvoll, Hyllestad og Fjaler at fylkeskommunen får på sitt budsjett nye næringsfondsmidlar frå 2022.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Kommunale næringsfond blir drøfta i samband med budsjettprosessen for 2022.
Hovudmålet i planen er bra. Den gir ein tydeleg retning, men kvar enkelt kommune sine særpreg, forutsetningar og moglegheiter, som dei enkelt kommunane sjølv må vektlegge og prioritere.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Overordna plan kan ikkje erstatte næringsplan som dei enkelte kommunane utarbeidar. Kvar kommune har sine utfordringar og behov. Den regionale planen bør ta omsyn til dei reelle utfordringane på lokalt nivå, samstundes som den bygger på klimamål og utfordringa i den omstillinga vi nå ser for oss. Kommunane vil etterkvart kunne tilpassa seg dei overordna måla i si planlegging framover, og planen kan brukast som eit styringsverktøy for dei enkelte kommunane.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Satsingane blir konkretisert mykje meir i handlingsprogram for 2022-2025. Grøn region Vestland skal gje innspel til handlingsprogrammet og der blir det sett på regionvise fortrinn.
Planen seier lite om primærnæringa (jordbruk) og dei utfordringar og moglegheiter denne næringa har.	Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.  Det blir føreslått å starte arbeid med ein eigen temaplan for landbruk.
Det er viktig at regionsentera ikkje tappar «utkant» kommunane for arbeidskraft. Det er lite fokus på utdanning, kompetanse og rekruttering. Betydninga av gode utdanningsmoglegheiter lokalt og tilpassing til næringslivets sine behov er heller ikkje omtalt i særleg grad. Desentralisert skuletilbod er viktig. Desentraliserte arbeidsplassar er viktig og det må utarbeidast strategiar for korleis ein kan få kvalifisert arbeidskraft ut i distrikta til dei enkelte kommunane.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.  Kompetanseutvikling i arbeidslivet er lagt inn som eiga satsing. Innspela som hovudsakleg gjeld opplæringssektoren er sendt til dei til orientering.

<b>Hardangerrådet IKS og Sogn regionråd</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Saknar ei tydeleg satsing på kraftkrevjande næringsetableringar der straumen finst, på same måte som ein er tydeleg på at satsing på maritime og marine næringar må skje på kysten. Må satse på berekraftig bruk av knappe naturressursar og derfor utsetja eller helst skrinlegga elektrifisering av sokkelen med landstraum. Som storprodusentar av grøn kraft må vi spørje oss sjølv kva vi vil bruka krafta på; korleis nytta denne ressursen til beste for alle i framtida.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Fornybar energi er trekt fram som strategisk prioritering, og det er opnar for gode koplingar til den komande regionale planen for fornybar energi, nye verdikjeder med industrielt preg, utfordringar med kapasitet i nettet, samt regional utvikling som gjer at kommunar kan utvikle og bruke ressursar lokalt.</p>
<p>Meiner at vasskraft er eit sentralt tema som må løftast fram i ein eigen regional plan for fornybar energi.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Blir følgt opp i eigen regional plan for fornybar energi. Det er også kopling til strategisk prioritering av fornybar energi i denne planen.</p>
<p>Meiner det må lagast ein eigen strategi for industrien. Industrien i Hardanger og Sogn har moglegheit for å skapa endå større synergiar, og har eit enormt vekstpotensial. Planen må underbygga og støtta opp om desse moglegheitene. Planutkastet har for stort fokus på historisk utvikling i arbeidsplassar, og i for liten grad tek omsyn til betydninga industrien har for distrikta, og resten av fylket, med potensiell framtidig vekst og mogleheter for synergiar til andre bransjar og grøn utvikling. Den grøne næringssutviklinga representerer også moglegheit for ei fornying av distrikts-Noreg.</p>	<p>Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Det vert foreslått at industri går inn som eit viktig tema i handlingsprogram for 2022-2025. Innspel om strategiar/temaplanar er kommentert i saksframstillinga.</p>

<p>Prosessindustrien i Vestland er etablert hovudsakleg på einsidige industristader med høg grad av industrisysselsetjing og spesialisering. Desse stadane har felles utfordringar og moglegheiter knytt til næringsutvikling og innovasjon. Desse behova kan vera veldig ulike dei behova som andre kommunar i regionen dei er ein del av har, og som er gjer at strategiane, verktøya og verkemidla ofte ikkje er relevante. Me meiner det bør utviklast ein eigen strategi for utvikling av verktøy og verkemiddel for desse stadane og prosessindustrien, der dei ulike stadane i Vestland kan arbeide saman på tvers og tettare med kompetanse/FOU-miljø i Bergen.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Det blir ikkje føreslått ein eigen strategi for industri, men temaet blir viktig i handlingsplan for 2022-2025.</p> <p>Det blir også føreslått ein temaplan for forsking der dette kan vere aktuelt tema.</p>
<p>Reiselivet er ei stor næring i Hardanger og Sogn og resten av Vestlandet. Reiselivet er eksportretta, det er viktig å arbeide i første omgang med å «berge og restaurere» næringa etter korona-pandemien. I det vidare må det vera særleg fokus på å forlenga sesongar for å skape heilårlege arbeidsplassar. Heilårlege arbeidsplassar er grunnleggande for at reiselivsnæringa gir arbeidsplassar som er samfunnsbyggande og som fører til fast busetnad i større grad. Berekraftig reiseliv, besøksforvaltning og heilårsturisme er det viktig at også det offentlege tek ansvar for.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025 og til temaplan for reiseliv.</p>
<p>Vestland er det sterkeste reiselivsfylket i landet, og det bør utarbeidast ein eigen temaplan for reiseliv.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan</p>
<p>Koronapandemien har sett fokus på at matproduksjon er viktig. Det må arbeidast meir med forsking og utvikling for å gjera landbruksnæringa så berekraftig som råd, og det bør kome ordningar med offentlege midlar som bidreg til ei berekraftig utvikling i næringa. Det er også stort potensial for å utvikla fleire eller vidareutvikla eksisterande verdikjeder med bruk av lokale råvarer. Slik vidareutvikling er underkommunisert i planutkastet.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan</p>
<p>Positive til at det blir utvikla temaplan for landbruk.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan</p>
<p>"Eit viktig regionalpolitisk perspektiv er at heile fylket skal takast i bruk". Vi støttar opp om ordlyden i høyringsframlegget om at heile fylket blir teke i bruk. Då må politikken differensierast ut frå ulike behov i ulike delar i fylket. Regional plan må leggja til rette for ei utjamning av maktforholdet mellom Bergen og distrikt og det bør gjerast nærmare analyse av kva omlandet eller resten av fylket har å bety for Bergen.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Roller, samarbeid og verkemiddelbruk blir meir konkretisert i handlingsprogram.</p>

<p>Digitaliseringa gir moglegheiter som bør utnyttast enno meir for å nå målet om desentralisering. Det bør utviklast ein plan/strategi for desentralisert fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i regionane.</p>	<p>Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Temaplanar og strategiar blir drøfta i saksframstillinga. Temaplan for breiband vert føreslått starta opp, ikkje ein plan for å desentralisere arbeidsplassar.</p>
<p>Det er avgjerande å utvikle naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar med dei fasilitetar som krevst for å kunne sikre framtidig livskraft i eit slikt område. Fylkeskommunen må vera ein medspelar i arbeidet for å styrke bu- og arbeidsmarknadsregionane i Vestland.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p>Etter vår vurdering er kompetanse og utdanning for lite trekt fram i planutkastet. Me ynskjer at fylkeskommunen skal arbeida meir med desentralisert utdanning, og at utdanningstilbod mellom by og bygd blir meir fordelt. Det må også utviklast gode tilbod som alle kan få tilbod om (t.d. digitalt).</p>	<p>Tatt til følge - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021. Endring eller informasjon av politisk betydning, og blir presentert i saksframstilling.</p> <p>Strategi for Kompetanseutvikling i arbeidslivet er lagt inn som eiga satsing.</p>
<p>Hardangerrådet og Sogn regionråd er positive til å vera med som samarbeidspart i planarbeidet.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2021.</p> <p>Det er positivt at dei to regionråda ynskjer å bidra med kunnskap inn i arbeidet. Vi noterer oss innspelet til vidare arbeid.</p>

<b>Hellesnes med fleire</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Innspel om å justere målsetningane: redusere merksemda på regional klimanøytralitet og heller ha merksemd på globale berekraftsmål.</p> <p>Berekraftsmåla er globale, for stor merksemd på regional klimanøytralitet kan vere eit hinder for å utvikle teknologi, tenester og kompetanse som kan eksporterast for å bidra til å løyse berekraftsutfordringar andre stader i verda.</p> <p>Kjem med innspel om justert målsetting: 1. Fylket skal bli ein verdsleiande leverandør av teknologi og kompetanse for å nå FN sine berekraftsmål. 2. Næringsutvikling skal medverke til å nå FN sine berekraftsmål globalt og – gjennom det - til berekraftig velstand i regionen. 3. Fylket skal synleggjerast som eit operativt og levande laboratorium for utvikling og implementering av sirkulærøkonomiske løysningar (og annan «miljøteknologi»).</p>	<p>Tatt til følge.</p> <p>Målsetjinga om klima blir konkretiserast og tilpassa i plandokumentet, slik at den er i samsvar med politisk ambisjonsnivå og det som kjem både i regional- og nasjonal klimaplan definert som «netto null-utslepp». Tekst om berekraft er også endra. Handlingsprogram 2022-2025 vil konkretisere meir.</p>
<p>Innspel om å styrke satsing på eksport av teknologi, tenester og kompetanse. Særleg der dei bidrar til å løyse berekraftsutfordringar andre stader i verda. Innspelet peiker på at det kan vere ei utfordring i høve målet om målet om klimanøytralitet.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Eksportnæringer er sterkt framme i planen. Kompetanseutvikling i næringslivet blir føreslått som eiga satsing.</p>
<p>Vil at planen skal gjennomføre ein revisjon av verkemiddelstrukturen. Må høyre på kva næringen trenger for å få rett utvikling.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Prosjekt som skal sjå på entreprenørskapsstøtte og pilotprosjekt for kartlegging av innovasjonsinfrastruktur er lagt inn i handlingsprogram 2021. Verkemiddel og verkemiddelstruktur er naturlege tema i handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p>Finansiering av funksjonar og miljø som bidrar til deling av ressursar (delingskoordinatorar eller verdikjedekoordinator (driver)). Denne type koordinatorar vert peika på som viktige for å overføre kompetanse frå/mellom ulike type miljø (spisskompetanse).</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>

Samarbeid lokalt, regionalt og globalt. Når næringslivet er involvert må det vere med å legge premissar og må ha målsetting om økonomisk gevinst på sikt. Samarbeid om internasjonal nettverksbygging og synleggjering. Styrke eksisterande miljø - dra nytte av dei miljøa som finnes i regionane.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Orientere arbeidet rundt verdikjeder - og samarbeid om teknisk utvikling, prototypar og testfasilitetar (katapult). Peiker i innspelet sitt på fleire aktuelle verdikjelder eller forretningsområde som kan vere grunnlag for vidare utvikling.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Fleire av dei aktuelle verdikjedene er tema er trekt fram som strategiske tema i planen. Dette blir også meir detaljert i handlingsprogram for 2022-2025.
Det trengs eit betre statistikkgrunnlag for å måle om berekraftsmåla blir nådde.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Det blir arbeidd meir med dette i samband med utarbeidning av handlingsprogrammet.
Helse førde	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Regional plan er eit viktig dokument for samspel mellom offentleg og privat sektor.	Tatt til orientering , men det er ikkje gjort endringar i planen.
Vurder å ta med spesialisthelsetenesta inn i Næringsforum Vestland.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Det er naturleg at samansettninga i Næringsforum vert vurdert som følgje av dei satsingane som blir konkretisert i den regionale planen. Det blir sett på i samband med utforming av handlingsprogram for 2022-2025.

<b>Hordaland bonde- og småbrukarlag og Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Meiner at landbruk får for lite fokus i planen. Dei føreslår at det vert laga ein eigen temaplan for dette området. Peikar på at fylkeskommunen etter regionreforma har fått hovudansvaret for utviklinga i landbruket, og det følgjer med å ta ei aktiv rolle i utviklinga. Sjølv om det er sentrale føringer som styrer investeringspolitikken (jordbruksavtalen), må fylkeskommunen bruke det handlingsrommet som finst, og leggje planar som tek omsyn til areal, topografi og dei ressursane vi har her i fylket.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan for landbruk.</p>
<p>Pandemien har understreka behova for trygg matvaresikkerheit og at det ikkje er smart å forsterke sentraliseringa i landet. For Vestland fylke er det særleg viktig å vera tydeleg på utnytting av areal, både dyrka- og beiteareal. Jordvern er avgjerande for å sikre matproduksjonen både lokalt og nasjonalt. Meiner det er trøng for ein strategi der Statsforvaltaren og fylkeskommunen får større høve til å gripa inn.</p>	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Jordvern er eit naturleg tema i ny temaplan for landbruk. Heimel for å gripe inn blir ikkje tatt stilling til no.</p>
<p>Levande og berekraftige lokalsamfunn er framleis avgjerande for utvikling av næringsverksemd basert på norske ressursar og «det grøne skiftet».</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til planen, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Dei etterlyser ein plan for rekruttering av nye bønder, ein aktiv plan for nye brukarar, og ein plan for å finne gode løysingar ved generasjonsskifte. Trengst nytenking i forskrifter og lover som regulerer dette.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Rekruttering er eit viktig område for landbrukssatsinga i Vestland, og vil bli tema i ny Temaplan for landbruk. Lover og forskrifter på dette området er utanom fylkeskommunen sitt ansvar, men kan vere tema for politisk arbeid.</p>
<b>Hyllestad kommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Ser framleis behov for eigen verdiskapingsplan i samfunnsdelen eller som ein eigen temaplan.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>

<p>Det er ønskjeleg at fylkeskommunen legg til rette for desentraliserte arbeidsplassar, lagar strategiar for korleis ein kan få nok arbeidskraft til distrikta.</p>	<p>Tatt til orientering som innspeil til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Sjå saksutgreiinga for kommentar om innspeil om strategi for desentraliserte arbeidsplassar. Kompetanseutvikling i arbeidslivet er lagt inn som eiga satsing.</p>
<p>Tatt til orientering som innspeil til handlingsprogram 2022-2025.</p>	<p>Tatt til orientering som innspeil til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Kommunale næringsfond blir lagt fram for drøfting i samband med budsjettprosessen for 2022.</p>
<p>Framhevar viktigheita av eit desentralisert utdanningstilbod som gjev tilgang til fleksible og framtidsretta utdanningstilbod i den einskilde bu- og arbeidsmarknadsregion. Dei peiker på at Dale og Høyanger vgs er særsviktig for lokalsamfunna, og at både offentleg og privat sektor må ta inn fleire lærlingar.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med opplæringsavdelinga, og innspelet blir sendt over til dei. Blir også sett i samanheng med satsing på kompetanseutvikling i arbeidslivet.</p>
<p>Trengst betre infrastruktur mellom Hyllestad og omkringliggende kommunar og god utbygging av mobildekning og fiber. Her trekker dei fram at Vlfk må være ei medfinansiell aktør.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir førslått å starte opp arbeid med ny temaplan for breiband og digitalisering.</p>
<p>Utfordrande at Statsforvaltaren ofte kjem med motsegn til å bruke areal til ny næringsverksemder. Det er viktig å sikre ein god arealdisponering med balanse mellom bruk og vern, og kommunen treng arealstrategiar som veg behovet for utvikling mot forvalting og vern av arts- og naturmangfold, landskaps- og kulturminneverdiar. Fylkeskommunen og statsforvaltaren bør arbeide saman med kommunane om å halde arealplanar oppdaterte og sørge for ei langsiktig, differensiert og balansert utnytting av natur- og arealressursane i fylket.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Samarbeid og kunnskapsdeling blir sentral i satsinga på areal. Vi viser også til ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar som kjem i neste planperiode.</p>

<b>Høgskulen på Vestlandet</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Det er godt samsvar mellom planutkastet og eigen strategi. Understrekar at samarbeid er viktig. Peikar på Smart Spesialisering som viktig grep for strategiske prioriteringar.	Tatt til orientering, men det er ikke gjort endringar i planen.  Smart Spesialisering blir sentralt framover.
Fylkeskommunen har fått eit særskilt koordineringsansvar for å leggje til rette for kompetanseutviklinga. Gode kartleggingar av kompetanse og – behov er ein viktig del av arbeidet, og at det er noko alle partar dreg nytte av.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan og handlingsprogram 2021.  Kompetanseutvikling i arbeidslivet er lagt inn som ny satsing. Det er sett i gang ei kartlegging av utdanningstilbod og kompetansemiljø i Vestland.
Universitet og høgskule sektoren kan nemnast på side 16 i avsnittet under overskrifta «Bygge kultur for innovasjon og medverknad», særleg i setninga «Utvikling av regionen, lokalsamfunn og offentlege tenester krev aktiv og reell involvering av næringsliv, innbyggjarar og brukarar. Fylkeskommunen og statlege aktørar må samhandle med kommunar, lokalsamfunn, og frivillige organisasjonar for å løyse komplekse samfunnsutfordringar, og legge til rette for næringsutvikling og det grøne skiftet».	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan.
<b>Invest in Bergen</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Støttar visjon og hovudmål, men er usikre på om hovudmålet bygger på føresetnader som det stillast spørsmålsteikn ved (krafttilførsel, red. adm.), og det kan diskuterast om planen er tydeleg nok på kva grep som må gjerast for å fjerne denne usikkerheita.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan.
I kapittelet om hinder for utvikling er det peikt på dei store utfordringane Bergensregionen har med tilgang på eigenprodusert elkraft gjennom et relativt kort elnett som i løpet av veldig kort tid ikkje har klart å holde følge med etterspurnaden. Stiller seg undrande til at strategidelen ikkje omtalar denne utfordringa i det heile tatt, men tar det for gitt at dette løysast utan administrativt og politisk prioritert arbeid?	Fornybar energi er trekt fram som strategisk viktig tema, og det er opna for gode koplinger til den komande regionale planen for fornybar energi, og utfordringar med kapasitet i nettet.

<p>Støttar grepet med dei tre hovudsatsingane og meiner at merknadane dei sendte inn mot planprogrammet i hovudsak er fanga opp, med unnatak av merknad om å sette større fokus på elnettutfordringane, samt grepet som er tatt med å fjerne «Bergen som motor» som eige satsingsområde. Pågående initiativ til Havbyen Bergen er en riktig satsing for å få vise fram sterke miljø, flott næringsliv og vår kompetanse på havet.</p>	<p>Tatt til følge.</p> <p>Havnæringane og fornybar energi er trekt tydelegare fram, og Havbyen Bergen er lagt inn som aktivitet i planprogrammet for 2021.</p>
<p>Planframleggget er på eit dels veldig høgt og ikkje operativt nivå. Det kan bli vanskeleg å styre verkemiddelbruken (økonomisk og politisk) både for fylkeskommunen og for andre.</p> <p>Vestlandssceneriar (VS) som veldig gode sjekkpunkt kunne vore lagt til grunn i større grad og gjort planen tydelegare og meir operativ?</p>	<p>Tatt til følge - tekst korrigert i endeleg plan.</p> <p>Satsingane er noko meir konkretisert gjennom strategiske tema. Arbeidet med Grøn region Vestland skal også sjå på korleis vi kan konkretisere iverksetjing av Vestlandsscenarioene. Dette blir innspelet til handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p>MÅL: Næringslivet i Vestland er klimanøytralt i 2033: Stiller spørsmål ved om målet for denne strategien mogleg i hele Vestland gitt det vi vet om tilgang på elkraft i dag.</p>	<p>Ikkje tatt til følge. Innspelet er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Målet er endra til netto null-utslepp. Det er eit ambisiøst mål, men vi legg til grunn at Utviklingsplanen for Vestland er styrande for denne planen.</p>
<p>Meiner at utsagnet om at «Vi må ha tilstrekkeleg kapasitet på breiband, mobilnett og tilgang til elektrisk kraft» er alt for svakt formulert som grunnlag for etterfølgande forventningar til en realisering av det grøne skiftet i Bergensregionen. Kapittel 3.2 kommenterer ikkje desse utfordringane i det hele tatt sjølv om dette er helt sentrale barrierar i Vestlandsscenarioene som ligg til grunn for planforslaget. Vi føreslår at det leggast til et avsnitt under kapittel 3.2, gjerne under tema «lukke eksportgapet». Her bør det fokuserast på aktivt administrativt og politisk arbeid i tett samarbeid med næringsliv og FoU for å auke tilgangen på elkraft og å forsere tida for å få tilbake et teneleg elkraftnett i regionen.</p>	<p>Ikkje tatt til følge. Innspelet er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Teksten om fornybar energi og tilgang på kraft er forsterka i andre deler av planteleksen.</p>

<p>Planframlegget gir i liten grad løysningar på de komande utfordringane. Dei set likevel eit viktig fokus på problemstillingane og stikk ikkje under en stol at dette er spørsmål som både fylkeskommunen og andre offentlege institusjonar framover må være ekstra merksame på.</p> <p>Invest in Bergen ønsker framleis å være aktivt med i dette arbeidet framover då fokus på næringsareal er vesentleg for å lukkast med å etablere større eksterne næringslivsinitiativ som fattar interesse for regionen på same måte som tilgangen av elkraft er et basiskrav</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Dette blir meir konkretisert i handlingsprogram for 2022-2025. Det skal også lagast ein eigen plan for areal frå neste politiske periode. Her er målsettinga å arbeide med korleis vi kan bli betre samordna på arbeid med areal til næring. Det er positivt at Invest in Bergen ynskjer å ta del i arbeidet.</p>
<p>Når det gjelder vårt konkrete innspel til planprogrammet knytt til datasenter og datasenterstrategi finner vi ikkje spor av dette i planforslaget.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Sjå kommentarar i saksframstilling på korleis datasenterstrategi blir tatt vidare.</p>
<p>Invest in Bergen har forventningar til at det i kommande handlingsplanar blir drøfta kva for næringar og bransjar som vil være mest aktuelle kor. Tolkar også konklusjonen i kapittel 4.5 på den måten at dei ulike temaplanane frå tidlegare her under datasenterstrategi blir å komme tilbake til i behandlinga av handlingsprogrammet.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Sjå kommentar i saksframstilling. Datasenterstrategi vil gå inn i handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p><b>IT-forum vest</b></p> <p><b>Innspel</b></p> <p>IT-forum Vest meiner framlegget viser ein god og oversiktleg plan. Den gir ei god strategisk retning på det langsigchte arbeidet og med eit oversiktleg tal hovudsatsingar. Dei er glade for at planen legg stor vekt på gode og breie samarbeid i det nye Vestland fylke, for at Vestland fylkeskommune skal arbeida vidare etter ein partnarskapsmodell bygd på kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling, og for å vere ein del av eit slikt partnarskap.</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>

<p>Tilgang til breiband og god mobildekning har vorte endå meir kritisk som grunnleggande infrastruktur under korona-pandemien. Mykje bruk av heimekontor, endå meir skullearbeidet frå heimen og levering av tenester både frå offentleg sektor og privat sektor over nett har vist kor viktig telekom-infrastruktur er i eit moderne samfunn. Må følgast opp i handlingsdelen.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan. Det blir føreslått ein temaplan for breiband</p>
<p>Saknar ein referanse til e-helse / velferdsteknologi / digital heimeoppfølging mm. Pandemien har tydeleg vist kor kritisk teknologi, kunnskapsbasert utvikling og helse heng saman, og kor stor og kritisk denne sektoren er.</p> <p>Sektoren har og eit stort innovasjons- og næringsutviklingspotensiale. Ei rekke innovative verksemder i Vestland arbeider på området og klynger er under utvikling. Området burde ha eit stort næringspotensiale i Vestland.</p>	<p>Tatt til følgje. Også naturleg tema i ein temaplan for breiband og digitalisering.</p>
<p>Under del «3.3. Innovative og inkluderande samfunn» er det nemnd ei rekke gode strategiar. Men saknar merksemd på meir mangfold i rekruttering til teknologifag. Teknologi er heilt avgjerande i dei omstillingar som blir omtalt i planen. Men eit vesentleg problem er dårlig rekruttering av jenter/kvinner og til dels også innvandrarar til teknologiutdanninger og teknologistillingar.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025, og til temaplan for breiband og digitalisering, og satsing på kompetanseutvikling i arbeidslivet.  Rekruttering er omtala i ny satsing på kompetanseutvikling i arbeidslivet.</p>
<p>Meiner det vil vere svært nyttig å utvikle ein breibandplan/strategi for Vestland i løpet av 2021. Bør inkludere restområda i alle kommunar som ikkje har full dekning, inklusiv tidsplanar og kostnadsestimat. Då vil Vestland fylke kunne få ei samla oversikt for å formidle behov for nasjonal finansiering, regionale spleiseland og for å få til ein smidig veksling i høve den varsle nedlegginga av koparnettet.</p> <p>Mobilnett og dekning er ein del av dette, og beredskap for gode og trygge lokalsamfunn det same.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan</p>
<p>Bør setje i gang ei vurdering av moglegheitene for innovasjon og næringsutvikling ut frå offentleg sektor. Dette er ein stor sektor også i Vestland, den representerer stor innkjøpskraft og det finst allereie ei rekke vermekiddel som kan støtte verksemder i høve innovasjon og næringsutvikling.</p> <p>Det ver særleg peika på E-helse der det er store nasjonale satsingar td. gjennom forskingsrådet si store utlysing Pilot Helse i 2021. Området har også betydeleg internasjonalt potensiale.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025 og til temaplan for breiband og digitalisering, og satsing på kompetanse.</p>

It-forum Vest vil gjerne vere med vidare i aktuelle arbeidsgrupper og aktivitetar, og ser fram til å vera med å realisere denne viktige planen for Vestland.

Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2021.

Det er positiv at It-forum Vest ynskjer å ta del i arbeidet. Vi noterer oss innspelet til vidare arbeid.

### Klimapartner Vestland

#### Innspel

Etterlyser ei tydelegare retning og visjon i planen knytt til korleis den grøne omstillinga skal skje i praksis de neste 10 åra. Viktig at det er godt samsvar mellom denne planen og den kommande klimaplanen. Peikar på at noverande plan er for vag til å nå nullutsleppsmålet.

#### Merknad/Oppfølging

Tatt til følgje - tekst korrigert i endelige plan og handlingsprogram 2021.

Målsetjinga blir konkretisert og tilpassa i plandokumentet, slik at den er i samsvar med politisk ambisjonsnivå og det som kjem både i regional- og nasjonal klimaplan definert som «netto null-utslepp».

Handlingsprogram 2022-2025 vil koncretisere meir også på dette området.

Klimapartnere etterlyser konkrete punkt knytt til gjennomføringa av nullutsleppsmålsetjinga innan 2030. Underpunkt her er infrastruktur, finansiering, innkjøp og mobilisering.

Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025

Føreslår i målsettingar i planen knytt til: mål for grøn næringsutvikling 2030, mål for grøn eksport fra Vestland i 2030, mål for å sikre eksisterande arbeidsplassar 2030 og mål for å styrke utviklinga av sirkulærøkonomi innan 2030. Anbefaler spissing og tydeliggjering på ei rekke punkt knytt til grøn eksport (t.d. prioriterte satsingsområde jf. scenarioanalysen).

Tatt til følgje - tekst korrigert i endelige plan eller handlingsprogram 2021.

Det er lagt inn strategiske tema knytt til mellom anna sirkulærøkonomi i planen. Satsingane blir ytterlegare konkretisert i handlingsprogram for 2022-2025.

<p>Føreslår at nullutsleppsmålsetning 2030 må leggjast til grunn tråd med vedtatt utviklingsplan for fylket (side 22): «2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030».</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.  Målsetjinga blir konkretisert og tilpassa i plandokumentet, slik at den er i samsvar med politisk ambisjonsnivå og det som kjem både i regional- og nasjonal klimaplan definert som «netto null-utslepp». 2030 er årstalet som no er lagt til grunn i planen.</p>
<p>Klimapartnere anbefaler å konkretisere mål for grøn eksport frå Vestland per 2030, konkretisere mål for sirkularitet og tall arbeidsplassar i berekraftige næringar.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Satsingane, inkludert mål og indikatorar blir meir konkretisert i handlingsprogram.</p>
<p>Ber om at mål for grøn næringsutvikling konkretiserast og koplast opp mot samarbeidsprosjektet Vlfk har med SINTEF</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025</p>
<p>Anbefaler at det peikast på prioriterte satsingsområde for eksport, kva for aktørar som må mobiliserast og kva aktørar som må styrkast for å oppnå grøn eksport frå Vestland i 2030.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Grøn region Vestland skal gje innspel til dette. Satsingane blir meir konkretisert i handlingsprogram for 2022-2025.</p>
<p>Peikar på at infrastruktur for nullutsleppstransport (sjø, land og luft) er nødvendig for at næringslivet kan oppnå nullutslepp innan 2030. Dei anbefaler å konkretisere mål for utbygginga av slik infrastruktur.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid/anna avdeling i fylkeskommunen.  Dette er ikkje naturleg tema for denne planen.</p>

<p>Anbefaler ei tydeliggjering og spissing av korleis fylket skal løyse behova for ny og vidareutvikla kompetanse i det grøne skiftet både når det gjeld utdanning, unngå hjerneflukt og tiltrekke naudsynt kompetanse til regionen og samarbeid og støtte med/til kompetanse- og innovasjonsarenaer.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid/anna avdeling i fylkeskommunen. Og til handlingsprogram 2022-2025 og satsing på kompetanseutvikling i arbeidslivet.</p>
<p><b>Kvam herad</b></p>	
<p><b>Innspel</b></p> <p>Kvam herad peiker på at det finnast mykje tilgjengeleg kraft i indre Vestland. Dei ber om at det skal arbeidast målretta for å etablere ny, grøn industri der kor krafta er (t.d. klimavenlege energiberarar som hydrogen og ammoniakk, samt batteriproduksjon). Dei ber om at Vestland fylkeskommune arbeidar for å løfte fram og synleggjere området som attraktivt for etablering av ny kraftkrevjande og grøn industri.</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.</p> <p>Fornybar energi er trekt fram som strategisk prioritering, og det er opnar for gode koplingar til den komande regionale planen for fornybar energi, nye verdikjeder med industrielt preg, utfordringar med kapasitet i nettet, samt regional utvikling som gjer at kommunar kan utvikle og bruke ressursar lokalt.</p>
<p>Distrikta må være godt representert i utarbeidingsa av handlingsprogrammet.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025</p>
<p>Trekker frem viktigheita av at det byggast ut god nok infrastruktur i distriktet - både digital infrastruktur og gode nok vegar</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp ein temaplan for breiband og digitalisering.</p>
<p>Kvam herad ynskjer at ein skal bygge opp under samspelet mellom distrikt, regionsenter og storby i regionen, framelska synergieffektar framfor motsetnadar og vektlegge områdefordelar.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen. Dette blir jobba vidare med i handlingsprogram for 2022-2025.</p>

<p>Naturressursane i Kvam og Hardanger må utnyttast og bør vere sentrale i framtidig innovasjon og næringsutvikling i Vestland. Naturressursane må utnyttast fult ut, både til grøn næringsutvikling, reiseliv, lokalmat og opplevelser.</p> <p>Desentralisering av vidaregåande opplæring må oppretthaldast og det må leggast til rette for etterutdanning og omskulering av vaksne til yrker der det manglar arbeidskraft i distrikta.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikke gjort endringer i planen</p> <p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vært dialogmøte med opplæringsavdelinga, og innspelet blir sendt over til dei. Blir også sett i sammenheng med satsing på kompetanseutvikling i arbeidslivet.</p>
<p>Kvam herad ber om at det jobbast for at planlagt elektrifisering av sokkelen kun skal skje med fornybar energi som er produsert offshore (t.d. fra flytende havvind)</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid/anna avdeling i fylkeskommunen.</p> <p>Blir ført opp i egen regional plan for fornybar energi.</p>
<p><b>Kvinnherad kommune</b></p> <p><b>Innspel</b></p> <p>Kompetanse og utdanning er for lite skildra i planprogrammet. Skal vi lykkast med grøn omstilling, digitalisering og innovasjon er det viktig med desentraliserte utdanningstilbod.</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til følge - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.</p> <p>Kompetanseutvikling i arbeidslivet blir foreslått som eigen strategi. Innspel knytt til opplæring er også sendt over til dei til orientering.</p>
<p>Trekker frem at næringar som vasskraft, industri, reiseliv og landbruk bør få stor merksemd og helst eigne temaplanar og strategiar.</p>	<p>Tatt til følge.</p> <p>Dersom fylkestinget gjer vedtak om det blir det starta opp arbeid med temaplanar for reiseliv og landbruk. Vi viser også til egen regional plan for fornybar energi som skal utarbeidast. Industri vert ført opp gjennom handlingsprogram.</p>

Ber om at fleire representantar frå distrikta får vere med i arbeidsgrupper og utval.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
<b>Kystverket</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Planen seier at næringsliv, det offentlege, akademia og samfunnsaktørar elles må jobbe saman om innovasjon på tvers av verdikjeder. Kystverket støttar denne vurderinga og ynskjer å bidra med kunnskap inn i arbeidet.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Det er positivt at Kystverket ynskjer å bidra med kunnskap inn i arbeidet. Vi noterer oss innspelet til vidare arbeid.
Sjøområda er viktig for næringsutvikling med stort potensial for innovasjon. For å få ønska utvikling og styrking av hamnene som transportknutepunkt må det settast av tilstrekkelege og hensiktsmessige areal til framtidssretta og effektiv drift i hamnene, og auka tilrettelegging for næringsverksemd med behov for hamnetenester.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
<b>Luster kommune</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Viktig for kommunar med kraftproduksjon at skattlegging av kraftverk, konsesjonskraft og konsesjonsavgifter har ei innretning der det går verdiar attende til lokalsamfunna som har stilt sine kraftverdiar til rådvelde for storsamfunnet. Viktig å utnytte mest mogleg av den grøne energien lokalt, også for å unngå energitap	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Fornybar energi er trekt fram som strategisk prioritering, og det er opnar for gode koplingar til den komande regionale planen for fornybar energi, nye verdikjelder med industrielt preg, utfordringar med kapasitet i nettet, samt regional utvikling som gjer at ein nytta ressursane lokalt.
Distriktskommunar med nedgang i folketal og utfordringar med næringsstruktur treng stor merksemd frå fylkeskommunen.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen

<p>Heilårsarbeidsplassar innan reiseliv er viktig for lokalsamfunna og busetnad. I eit klimaperspektiv må det og vere fokus på meir kortreiste turistar, og turistar som er i området i lengre periodar.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Kan gå inn som tema i ny temaplan for reiseliv dersom fylkestinget vedtek å starte planprosessen.</p>
<p>Landbruk er eit viktig næring for Vestland og Luster. Det må arbeidast meir med FoU for å utvikle landbruket i ein berekraftig retning</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025, og til temaplan for landbruk.</p>
<p>Transport er viktig i det grøne skiftet. Viktig med rask utbygging av hurtigladestasjonar. Offentleg transporttilbod (el-bussar) i distrikta må utviklast med eit godt rutetilbod. Utbygging av kollektivtilbod i distriktet er viktig både for pendling og reiselivet.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei</p>
<p>Innvandrarar er ein ressurs. Norskopplæring er viktig for integrering i arbeidsliv og samfunnsliv.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen</p>
<p>Kompetanse og utdanningstilbod i distriktet er viktig for rekruttering til næringslivet og kommunane</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Kompetanseutvikling i arbeidslivet er føreslått som ny satsing.</p>
<p>Sirkulærøkonomi må bli sentralt framover.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan.</p> <p>Sirkulærøkonomi er omtala i planen.</p>
<p>Det vil vere viktig å flytte ut offentlege funksjonar og vidareutvikle desse til distriktskommunane</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Også relevant for Regional plan for stadutvikling.</p>

Viktig å legge til rette areal for næringsutvikling og bustadbygging samtidig som ein unngår å bygge ned dyrka og dyrkbar mark. Må ha planprosessar i god tid, så det ikkje vert venting for utbyggjarar.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Er omtala i planen
Luster kommune vil ha eit strategisk samarbeid med Vestland fylke om utnytting av grøn energi nær produksjonsanlegga i kommune	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Fornybar energi er trekt fram som strategisk prioritering, også det å nytte ressursane lokalt. Vi tek med oss innspelet om samarbeid.
<b>Lærdal elveeigarlag sa</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Peiker på store utfordringar i samband med å få fiske etter villaks tilbake slik det var og samstundes oppretthalde havbruksnæringa. Mykje av løysinga ligg i å forlate dagens produksjonsmetode basert på opne merdar i sjø. Vil at kommunane skal pålegge havbruksaktørar å nytte teknologi som ikkje slepp ut lakselus, patogenar eller rester etter legemidlar, og i tillegg samle opp alt partikulært materiale.	Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.  Kjem ikkje inn under denne planen sitt verkeområde. Problemstillingane gjort kjent for fagmiljøa i fylkeskommunen.
<b>Masfjorden kommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Svært flott at berekraftig verdiskaping ligg sterkt til grunn for planen, og at den har eit «hårete» mål om eit nullutsleppsfylke innan 2030. Men peikar på at gode intensjonar må konkretiserast gjennom gode handlingsplanar med aktuelle verktøy.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2021
Nokre sektorar har større potensiale for å redusere utslepp enn andre og verkemiddelbruken innan innovasjon og forsking bør ha ei tung vektning mot dette potensialet. Peikar særleg på olje og gass, leverandørindustri og transport. Samstundes må vi sikre arbeidskraft og kompetanse.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen

<p>Nettkapasitet og distribusjon av grøn vasskraftenergi, er eit stort hinder for nye næringar. Omstilling må akselererast.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.</p> <p>Fornybar energi er lagt inn som strategisk prioritering i planframleggget. Opnar for gode koplingar til den komande regionale planen for fornybar energi, nye verdikjeder med industrielt preg, utfordringar med kapasitet i nettet, samt regional utvikling som gjer at kommunar kan utvikle og bruke ressursar lokalt</p>
<p>Fylket må vere konkurransedyktig som forskings- og utdanningsreduksjon. Næringsmessig spin-off av forsking har eit potensialet som er større enn det vi tek ut i dag.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen, vert spelt over til temaplan for forsking.</p>
<p>Samstundes som eksportnæringer og lokomotiv må gå i bresjen, må også breidda takast i vare. Vi må halde fram utviklingsarbeidet i næringar knytt til innlandsmarkanden samstundes som omstilling i eksportnæringer vert stryka. Vi må og redusere import og behalde lokal kjøpekraft. Peikar særleg på landbruk og lokal matproduksjon og reiseliv. Må legge insentiv i handlingsplanar.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Det blir føreslått oppstart av temaplanar både for landbruk og for reiseliv.</p>
<p>Samspelet mellom næring, forsking og lokalsamfunn er viktig. Ny teknologi og nye næringar har like stort potensiale i distriktskommunar, i høve stadbunde ressursar og næringsareal som i bynære kompetansemiljø. Vi må spele kvarandre gode for å bli ein leiande vekstregion i Europa innan berekraftig verdiskaping.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Ynskjer at planen får betre fram kor viktig næringsmessig infrastruktur er. Frårår sterkt at ein plan unisont skal legge opp til å utarbeida rammer for rekkefølgekrav. Rekkefølgekrav må vurderast individuelt i kvart prosjekt og med nødvendig lokal forandring. Ber om at dette blir tatt vakk.</p>	<p>Tatt til følge, teksten er omformulert.</p> <p>Intensjonen er ikkje at det skal vere same rekkefølgekrav til alle, men ei individuell vurdering.</p>

Måløy vekst as	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Måløy Vekst meiner planen synleggjer på ein god måte både styrker, moglegheiter og utfordringar for utvikling av framtidas berekraftige næringsliv. Samstundes saknar dei ei tydelegare presisering på kysten og næringslivet langs kysten si rolle i både å nå måla, men og kva utfordringar ein må løyse for å oppnå dei. Om ein spreier satsingane tynt utover, så vil ein oppnå mindre enn om ein klarer å gjere tydelege prioriteringar der potensialet er størst.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.  Satsingane er spissa noko gjennom strategiske prioriteringar. Satsingane blir også konkretisert mykje meir i handlingsprogram for 2022-2025. Havnæringerane er trekt fram som sentralt framover.
Måløy Vekst peikar på at kystregionen på Vestlandet har potensialet til å verte den mest vekstkratige regionen i landet. Å utnytte potensialet for berekraftig vekst og utvikling langs kysten føreset ei tydeleg prioritering og satsing på å byggje sterke bu-, arbeids-, og serviceregionar. For å bidra til realisering av den potensielle verdiskapinga som vert peika på i vestlandscenarioene, så meiner Måløy Vekst at prioriteringane må spissast for å gjere kystområda og kystrerkingane best mogleg rusta for den innovasjonen og utviklinga som vil komme.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.  Havnæringerane er trekt tydelegare fram.
Fiskeri, havbruk, energiproduksjon, transport, skipsdesign og konstruksjon, industri, foredling, produktutvikling, teknologi, samt berekraftig reiseliv blir trekt fram som eksempel på næringer som har eit enormt potensiale for berekraftig vekst og velstandsproduksjon i åra framover, der dei naturgitte føresetnadane, samt kompetansen, erfaringa og innovasjonskrafta allereie ligg i etablerte miljø og lokalsamfunn langs kysten.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Peikar på at det er viktig med tenelege regioninndelingar på tvers av forvaltningsnivå. Næringslivet i kystrerkingane treng tilgang til andre verksemder, varer, tenester, arbeidskraft og kompetanse som ein i all hovudsak finn langs kysten. Då må kommunikasjonane nord-sør prioriterast slik at ein knyt desse miljøa og kompetansen saman i felles bu- og arbeidsregionar.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025
Måløy Vekst peikar på viktigheita av desentraliserte utdannings og forskingsmiljø nærest mogleg, og i tett samarbeid med næringslivet. Spesifikt peikar dei på vidareutvikling og styrking av dei maritime og marine utdanningane ved Måløy Vidaregåande skule og Fagskulen i Måløy, som viktige bidrag for å styrke tilgangen til kompetanse for bedriftene. Å knytte utdanning og forsking vil gje positive effektar for både forskinga og næringslivet. Ein må i tillegg jobbe med tiltak for å styrke lokal attraktivitet, bulyst, senterutvikling og god infrastruktur.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.  Kompetanseutvikling i arbeidslivet blir tydelegare trekt fram som ei satsing i planen. Desentraliserte tilbod blir trekt fram som viktig i den satsinga.

Fylkeskommunen kan og bidra til oppbygginga av lokale kompetanseflynger gjennom å gje tilsette i fylkeskommunen rett til å bu og arbeide kor dei vil i Vestland fylke så sant ikkje arbeidsoppgåvene må utførast på ein bestemt stad. Fylkeskommunen bør leige kontorplassar til tilsette i lokale kompetansemiljø, slik at ein både bidrar med lokale arbeidsplassar, men og at ein vert ein del av eit utviklende miljø med både næringsliv, utdanning, forsking, verkemiddelapparat og offentleg forvaltning.

Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.

Dette er ikkje direkte tema for denne planen. Innspelet blir tatt til orientering. Sjå elles tekst om innspel til strategi for utflytting av fylkeskommunale arbeidsplassar i saksutgreiing.

Næringslivet langs kysten er i stor omstilling. Potensialet er stort for å skape framtidas berekraftige næringar og verdiar. Men krava som vert stilt ovanfor næringslivet må ikkje være konkurransevridande ovanfor andre innanlandske eller utanlandske konkurrentar. Berekraft er i dag eit konkurransefortrinn for næringslivet langs kysten, det offentlege må ikkje legge hindringar eller kostnadars på næringslivet som gjer det til ein konkurranseulempe.

Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.

Ein bør støtte opp om og bidra i utviklingsprosjekt som nettopp prøver å samle aktørar for å finne framtidsretta løysingar og nye måtar å organisere næringsaktiviteten på. Blant anna er det eit stort potensiale innan berekraftig reiseliv, der både det offentlege og næringa bør samarbeide om å sjå på nye løysingar og produkt for vidare turistsatsing.

Måløy Vekst håper at Vestland fylke vil halde fram med å ha god kontakt med lokale og regionale organisasjonar og næringsapparat for å sikre at ein har korte linjer og god kommunikasjon. Er svært positive til at fylkeskommunen har formaliserte og gode arenaer der ein møter fylkesdekkande organisasjonar, men like viktig er det at fylkeskommunen og har god kontakt på lågare nivå mot næringslivet og dei einskilde bransjane.

Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.

Samarbeid og rolledeeling blir meir konkretisert i handlingsprogram 2022-2025. Det er også starta opp eit prosjekt på entreprenørskapsstøtte.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane		
Innspel	Merknad/Oppfølging	
Planen må sjå breiare på økologisk berekraft enn reduksjon av klimautslepp. Måla er gode og ambisiøse på klimaomstilling, men saknar tilsvarande mål for miljø og naturmangfold. Positive til formuleringar som «pådrivar for nullutslepp», men ein må i større grad vektlegge ivaretaking av økosistema og det rike biologiske mangfaldet. Saknar mål, delmål og verkemiddel knytt til sirkulærøkonomi. Ynskjer plan for satsing på fornybar energi som er i lite konflikt med naturverdiar.	Tatt til følge. Teksten om berekraft er endra.  Sjå kommentar i saksframstillinga.  Mål og verkemiddel blir meir konkretisert i handlingsprogram for 2022-2025.	
Planen er for generell og for lite forpliktande på mange viktige saksområde	Tatt til følge - tekst korrigert i endeleg plan.  Teksten er spissa noko gjennom strategiske prioriteringar. Satsingane blir mykje meir spissa i handlingsprogram for 2022-2025.	
Skulle ynskje at regional plan vert laga og vedteken etter klimaplanen. I arbeidet med klimaplanen oppmodar naturvernforbundet å legge like stor vekt på tapet av natur og artsmangfold som klima, då dette er to like alvorlege og akutte miljøproblem som også heng uløyseleg saman.	Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.  Rekkefølga på planane blir ikkje endra. Fylkeskommunen prøver så langt det let seg gjere å samkøyre prosessane. Innspel er også formidla til prosjektleiar for Klimaplanen	
Ynskjer forpliktande arealrestriksjonar. Planen manglar konkrete mål for å sikre natur og naturmangfold. Kritisk til arealkrevjande og kontroversielle tiltak - som at areal til vindkraft, mineralutvinning og fiskeoppdrett er viktig for å skape grunnlag for verdiskaping. Er behov for eige planmål om arealnøytralitet. Planen må medverke særleg til at svært arealkrevjande verksemder som brukar mykje straum - og dermed har eit stort indirekte arealforbruk, og som gjev lite verdiskaping og arbeidsplassar, ikkje vert realisert i Vestland.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Ein del av desse temaene går utanom det som er verkeområde til denne planen. Vi viser til Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar, som skal utarbeidast neste planperiode. Deler av innspelet blir tatt vidare til arbeid med handlingsprogram.	

<p>Ynskjer forpliktande plan for å mobilisere kunnskapsaktørar i Vestland. Ynskjer forpliktande plan for å stoppe all motorvegutbygging i fylket og konsentrere vegbygginga til å sikre trygge bruksvegar som er lagt til rette for gang og sykkel. Justere kapasitetsbehov på riks- og fylkesvegnett</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei.</p>
<p>Planen bør ha ein forklaring i kva som blir lagt i omgrepene "grøn utvikling", "grøne arbeidsplassar" og "grøn verdiskaping". Bør ha kriterie som kan skilje mellom kva som er verkeleg grønt og kva som er mest grønmaling. Viktig å hugse på dei grøne arbeidsplassane som allereie eksisterer, som arbeidsplassar innan energisparing og effektivisering, sirkulær økonomi og berekraftig utvikling innan tradisjonelle næringar.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen</p>
<p><b>Norce Norwegian research centre as</b></p>	
<p><b>Innspel</b></p> <p>Generell kommentar i forhold til institutta sin spesielle rolle som katalysator for innovasjon i næringslivet: Denne rolla og bidraget kjem ikkje tydeleg fram i planen og er heller ikkje spesielt nemnt i avsnittet om forsking og innovasjon. Det visast i avgrensingane til «Forskningsstrategi for Hordaland» som gjekk ut i 2020. NORCE bidrar gjerne i ei kommande utvikling av «Forskningsstrategi for Vestland»</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Roller og bidrag blir tydelegare presisert i handlingsprogram og i Temaplan for forsking dersom fylkestinget vedtek å starte planprosessen. Det er positivt at NORCE ynskjer å delta, og vi noterer oss innspelet.</p>
<p><b>Nordfjordrådet</b></p>	
<p><b>Innspel</b></p> <p>Nordfjordrådet støttar den bransjenøytrale tilnærminga planen har. Dei tre satsingane viser også at fylkeskommunen har lagt til grunn ei brei tilnærming til næringsutvikling, og med dette også reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, klima og miljø, økonomi og sosiale forhold, på ein god måte.</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>

<p>Nordfjordrådet viser til NOU 2020:12 Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn og NOU 2020:15 Det handler om Norge – Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene. Nordfjordrådet meiner det er viktig at Regional plan for Innovasjon og Næringsutvikling tek opp i seg, og er på line med den «breie tilnærminga» for vellukka utvikling av distriktsregionar i Vestland og elles i Noreg som er tilrådd i NOU 2020:12 og NOU 2020:15.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Vestland fylkeskommune må vere ein aktiv medspelar i å etablerer fleire statlege og fylkeskommunale kompetansemiljø og arbeidsplassar i Nordfjord. Det er viktig også for å lukkast med næringsutvikling.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Fylkeskommunen må vere ein medspelar i å arbeide strategisk og langsiktig med å utvikle Nordfjord som ein sterkare felles og endå meir funksjonell bu- og arbeidsmarknadsregion</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Følgande bør vurderast som tiltak i handlingsplan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vegkart for stevnis og radikal innovasjon som tek omsyn til dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, og som er bransjeorientert – gjerne kopla mot smart spesialisering.</li> <li>- Stimulere til nye nettverk og samarbeid på tvers av privat/offentleg basert på funna i det vidare arbeidet i Vestland med smart spesialisering, jf. til dømes erfaringane ein har hatt i Nordfjord gjennom etableringa av «Beredskapsteam Nordfjord»</li> <li>- Transport og infrastruktur som ein nøkkel til å lukkast med grøn omstilling, jf. prosjekt «Grøn Transport Nordfjord»</li> </ul>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p>Følgande bør vurderast som tiltak i handlingsplan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvikle heilskaplege strategiar for utdanningssystem på bu- og arbeidsmarknadsnivå (til dømes Nordfjord) og kompetansearbeidsplassar som «matchar» dei desentraliserte – i samarbeid med næringsliv, vidaregåande skular, NAV, voksenopplæring/kommunane).</li> <li>- Etablere fleire desentraliserte fagskule- og høgskuletilbod i Vestland, spissa inn mot kompetansebehov i regionane og i samarbeid med familjøa på dei vidaregåande skulane.</li> </ul>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025</p>
<p>Følgande bør vurderast som tiltak i handlingsplan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvikle strategi og støtteordningar knytt til bruken av kystlinja, kysten som samferdsleår og behovet for ny/vidareutvikling av hamn og grøn infrastruktur.</li> <li>- Utvikle vegkart for transformasjon og fortetting av tettstadar – pilotprogram?</li> <li>- Etablere lærings- og nettverksarena knytt til strategisk planlegging som også reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, klima og miljø, økonomi og sosiale forhold</li> <li>- Statleg medfinansiering av nødvendige arealavklaringar (til dømes skred- og flaumsikring, kvikkleirekartlegging etc.) og tettare samspele mellom stat, fylke og kommunar for at vi skal kunne møte forventingane om å ha «rett areal for rett næring til rett tid» på ein god måte.</li> </ul>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>

<p>Følgande bør vurderast som tiltak i handlingsplan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidareføre ordninga med lokale næringsfond – som handtering av Covid-19 situasjonen</li> <li>- Arbeide målretta med å styrke reiselivet som ei framtidig berekraftig distriktsnæring, både gjennom satsing på destinasjonsselskap, kompetanseheving i små og mellomstore reiselivsbedrifter (bedriftsnettverk mm)</li> <li>- Vurdere opprettning av ei egen satsing på innovasjon/utvikling av landbruket kopla opp mot natur-, og kulturbasert reiseliv – med kopling mot IN sine «nye» støtteordningar</li> </ul>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Ordninga med næringsfond blir spelt inn til drøfting i budsjettprosessen for 2022.</p>
<p>Peikar på regionråda og regionane si rolle og tilrår:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Regionråda blir viktige samarbeidspartar, og vil kunne vere ein koordinerande part på område innanfor næringsutvikling og reiseliv.</li> <li>- Ein satsar på sterke, funksjonelle bu og arbeidsmarknadsregionar, og byggjer kapasitet på bu og arbeidsmarknadsregion nivå</li> <li>- Fokusere på «kundereisa» for besøksnæringa og stimulere til eit samanhengande transportsystem og produktutvikling (tilskot til SMB-utvikling og nettverk)</li> <li>- Avklare/sjå nærrare på destinasjonsselskapa sine roller i høve til marknadsføring av Vestland</li> <li>- Stad skipstunell opnar ein mogelegheit der kommunane i regionen, fylket og sentrale myndigheter, saman kan planlegge og realisere regional samfunnsutvikling</li> </ul>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p><b>Norges forskningsråd</b></p>	
<p><b>Innspel</b></p> <p>Viktig at den regionale planen peikar på konkrete utfordringar og moglegheiter med behov for ny kunnskap, kor forsking kan vere utløysande for å nå mål og strategiar for en berekraftig verdiskaping i Vestland fylke. I tillegg til å dele og bruke eksisterande forskingsbasert kunnskap, førestår NFR at planen i større grad også tek i vare produksjon av ny kunnskap gjennom forsking. For stort gap mellom forsking, utdanning og næringsliv er omtalt på side sju som et av de ni største hindera for å realisere planen. NFR meiner det er viktig å iverksette tiltak for å redusere dette hinderet, blant annet ved å klargjere korleis og på kva måte forsking kan utviklast som en vesentleg del av den regionale verktøykassen og inngå i porteføljen av regionale innsatsfaktorar.</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.</p> <p>Det blir lagt inn ei satsing på Kompetanse i arbeidslivet og ein temaplan for forsking.</p>
<p><b>Norges handelshøyskole</b></p>	
<p><b>Innspel</b></p> <p>Internasjonalisering: NHH har auka satsinga sin på internasjonalisering. NHH ønsker også tiltrekke seg flerre internasjonale forskrarar, og møter da utfordringar med å finne relevante jobbar til ektefellar av disse. Et meir internasjonalt orientert næringsliv i Bergen, og fylket elles, vil gjere rekryttering av utanlandske kompetanse lettare.</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>

Kompetanse: Ei tydelegare satsing på samarbeid om studentmobilitet og internships i den regionale planen vil bli godt tatt imot av NHH. Forsking og innovasjon: NHH ønsker enda fleire fruktbare samarbeid med næringsliv og offentleg sektor og ser frem til at det skal etablerer nye gode møteplassar for samarbeid om forskingsbasert innovasjon. NHH er gjerne med og drøfter endringar og utvikling i regionale finansieringsordningars for forsking.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025 , og til temaplan for forsking.
Tema som ikkje er dekka av planen: Entreprenørskap er ikkje nemnt som ei spesifikk satsing i den regionale planen NHH ønsker ei tydelegare satsing studententreprenørskap i den regionale planen.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
<b>Norges lastebileier-forbund</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Meiner planen gjev ei klar og tydeleg retning i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i Vestland fram mot 2033, men kunne tenkt seg eit større sokelys på veg. Næringsareal får stort fokus i planen, men utan gode, sikre og føreseielege transportkorridorar vil inntransport av råvarer og uttransport av ferdigvarer bli utfordrande for næringslivet	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen, veg er tema i Regional transportplan og vi vil sikre gode koplinger mot den planen.
I omgrepet grøn næringsutvikling må grøn transport bli inkludert. Det føregår ein drivande teknologiutvikling innan transport, men uavhengig av energikjelder må det byggast energi- og miljøvenlege vegar Energi, og spesielt grøn energi, vil bli ei ettertrakta og kostbar vare som må forvaltast på best mogleg måte. Landtransporten står for ein betydeleg del av Co2 utsleppa i dag. Dersom målsettinga i høve til Paris-avtalen skal nåast, må vi redusere utslepp frå landtransporten betydeleg.	Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.  I næringssamanheng er grøn transport dekka av omtale om endring frå fossile til fornybare energikjelder.
Det regionale samarbeidet bør bestå av aktørar frå fylke, kommunar, industri/ næringsliv og næringsorganisasjonar (NHO, Norges Lastebileier-Forbund m.fl.).	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Vi noterer oss innspel om deltaking til vidare arbeid.
Peikar på at det offentlege ofte stiller krav til grøn teknologi før denne er tilgjengeleg eller er berekraftig. Ny teknologi skal sjølvsagt takast i bruk når den er tilgjengeleg og kan konkurrere med anna teknologi. Men det er ikkje fornuftig å kassere eksempelvis nye lastebilar utelukkande fordi det finst «reinare» køyretøy på marknaden. Køyretøya må fasast ut gjennom normal levetidssyklus. Grønt næringsliv består også i å utnytta eksisterande utstyr på ein god måte. Det har også ei økonomisk side. Vi er også skeptisk til at norsk sokkel skal elektrifiserast når vi manglar tilgang til kraft i Vestland.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.

Norges Lastebileier-Forbund kan bidra med kompetanse innan transport.	Tatt til orientering som innspeil til handlingsprogram 2022- 2025.  Det er positivt at Norges Lastebileiger-Forbund ynskjer å bidra med kunnskap inn i arbeidet. Vi noterer oss innspelet til vidare arbeid.
<b>Norges miljøvernforbund</b>	
Innspeil	Merknad/Oppfølging
<p>Planen har mange gode tankar kring å satse på berekraft og miljø, men NMF er bekymra for at ein brukar flotte ord for å kamuflere "business-as-usual". Berekraftmåla må ivaretakast, men fleire forslag vil vere i konflikt. NMF tek opp fleire konfliktområde ang. berekraftmåla:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 6. Rent vann - konfliktområde: vindkraft og utslepp av mikroplast</li> <li>- 14. Livet i havet - konfliktområde: havvind og mikroplast</li> <li>- 15. Livet på land - det tas for lite omsyn til naturmangfold og artsmangfold i sakshandsaming og vedtak, og gis for mange dispensasjoner frå lovverket.</li> </ul> <p>Overordna omsyn til klima og miljø må tas omsyn til i alle delplanar. Ynskjer at naturmangfold får ein tydeleg omtale i alle plandokument og i alle innstillingar for saker til politisk behandling. Oppfordrar til å gi større og tydelegare plass til miljø og naturmangfold i planen.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Regional plan for klima går djupare i desse problemstillingane enn andre planar. Noko av desse blir også meir konkretisert i handlingsprogram.</p>
<p>Vil ha korrekte klimatal for alle tiltak gjennom å bruke LCA rekneskap (Life Cycle Assessment).</p> <p>Bør ut frå reelle klimatal.</p>	<p>Tatt til orientering som innspeil til handlingsprogram.</p> <p>Indikatorar vil bli jobba med i handlingsprogram 2022-2025.</p>
Må gå vekk frå planane om elektrifisering av norsk sokkel og bygging av havvind, og utgreie potensialet på CO2 kutt.	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Ikkje innanfor verkeområdet til denne planen.</p>
Opptatt av å få norsk oppdrettsindustri inn i lukka anlegg på land eller i sjø, for å fjerne dei fleste store miljøproblema dei meiner bransjen forårsakar i fjordsystema og kystområda. Bli kvitt lakselus-problem, og reinse store mengder kloakk og næringssaltar. Krev at all oppdrett skal vere utsleppsfrí til miljøet, det vil seie at dei må legge all drift om til lukka anlegg.	<p>Ikkje tatt til følge. Innspeil er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Det ligg ikkje til denne planen å ta stilling til lukka anlegg, eller ikkje.</p>

Tar opp problemstillingar knytt til omgrepet "utsleppsfrí", og at elektrifisering ikkje nødvendigvis fører til at ein industri, eit tiltak eller løysing blir utsleppsfrí. Nemner her oppdrettsnæringa og elektrifisering av sokkelen. Negative til hydrogen som energiberar.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Oppmodar fylkeskommunen om å legge til rette for å styrke kompetansemiljøet innan forsking og utvikling av fagfelta jordvarme, fjordvarme og geotermisk energiproduksjon. I staden for å bli best på energisløsing med hydrogen, kan Vestlandet kome i førarsetet på utvikling og utnytting av morgondagen sine energiløysingar. Kan også vere berebjelken til ei miljøvenleg og berekraftig teknologiutvikling på energisida.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Forskningsmidlar kan nyttast også til slike miljø dersom søknadane elles er innanfor ordninga. Innspelet er relevant for temaplan for forsking.
Det manglar ei full LCA (Livsløpsanalyse) på prosjektet Langskip. LCA må omfatte all ressursbruk og forureining/klimaavtrykk og naturavtrykk frå vigge til grav. Krev ei uttømmande, opent tilgjengeleg LCA som omfattar heile belastninga frå bygging og drift av CCS-anlegga.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Fell utanom denne planen.
Opptatt av mikroplast og miljøskadelege stoff som Bisfenol-A og lignande mellom anna i forhold til utplassering av vindkraftanlegg i nærleiken av vår drikkevasskjelder og vassdrag.	Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen; regional plan for vassforvaltning.
<b>Norske lakseelver</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Vil sikre robuste bestandar av laks og sjøaure og peiker på utfordringane i høve konvensjonelt oppdrett.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Ynskjer tydlegare styringssignal av oppdrettsnæringa gjennom plandokumentet.	Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.  Regulering av oppdrettsnæringa er ikkje naturleg å gjere gjennom denne planen.

<p>Ynskjer overgang til lukka eller semilukka oppdrettsanlegg i sjø og RAS (resirkuleringsanlegg) eller gjennomstrøymingsanlegg på land. Vidare vekst i lakseoppdrett er avhengig av dette. Peiker konkret på å utnytte slam fra anlegga i sirkulærøkonomi.</p>	<p>Ikkje tatt til følge. Innspeil er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Kjem ikkje inn under denne planen sitt verkeområde. Problemstillingane er gjort kjent for fagmiljøa i fylkeskommunen.</p>
<p>Vil at Vestland fylke må ta ein aktiv og koordinerande rolle for å fremje interkommunalt samarbeid om arealplanar som stimulerer til utsleppsfree lakseoppdrett.</p>	<p>Ikkje tatt til følge. Innspeil er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkeskommunen har ikkje myndighet til dette.</p>
<p>Vil at kommunane skal pålegge havbruksaktørar å nytte teknologi som ikkje slepp ut lakselus, patogenar eller rester etter legemidlar, og i tillegg samle opp alt partikulært materiale.</p>	<p>Slik regulering er ikkje tema for denne planen.</p>
<p><b>Næringsalliansen Vestland</b></p> <p>Innspeil</p> <p>I Vestland blir det produsert 31 TWh straum i året. Av dette blir 18 TWh send ut av fylket. Ressursane må nyttast der dei skapar mest verdiar, og forelast vidare i Vestland. Det er høgdramatisk at vi ikkje har nok tilgang på elektrisk kraft til å forsyne ny industri som skapar nye berekraftige arbeidsplassar. Vi veit no at Vestland er uaktuell som vertskap for ein batterifabrikk med inntil 2000 tilsette, og årsaka er truleg manglende forsyningstryggleik.</p> <p>Det er heilt avgjerande at Vestland fylkeskommune medverkar til at forsyningstryggleiken snarast råd vert forsterka. Det bør i denne samanhengen òg vurderast å utsetje elektrifiseringa av installasjonar i Nordsjøen eller å flytte tilkoplingspunkt slik at dei ikkje belastar nett med lite fri kapasitet. Arbeidsplassane på sokkelen forsvinn ikkje som ein konsekvens av ei utsetjing, men på den vestlandske landjorda kan vi alt no telje tapte arbeidsplassar i tusental.</p>	<p>Merknad/Oppfølging</p> <p>Tatt til følge - tekst korrigert i endeleg plan.</p> <p>Fornybar energi er lagt inn som strategisk prioritering i planframlegget. Oppnar for gode koplingar til den komande regionale planen for fornybar energi, nye verdikjeder med industrielt preg, utfordringar med kapasitet i nettet, samt regional utvikling som gjer at kommunar kan utvikle og bruke ressursar lokalt.</p> <p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Sjå over. Satsing på fornybar energi er forsterka, men dette innspeilet er utanom verkeområdet til denne planen.</p>

<p>Fylkeskommunen må arbeide for at kortreist, fornybar kraft kan nyttast lokalt til å vidareutvikle eksisterande verksemder eller skape ny næringsutvikling. Fylkeskommunen må også arbeide aktivt for at ein i langt større grad kan nytte sjø- og jordkabel på dei høgaste spenningane for å redusere naturinngrep og nærføring til busetnad. Det vil redusere konfliktnivået og medverke til ein raskare og meir effektiv auke i nettkapasiteten.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Innovasjon knytt til kortreist fornybar kraft er sentralt i arbeidet framover.</p>
<p>Fylket må difor på kort sikt arbeide for at oppgraderinga av eksisterande nettkapasitet skjer raskare enn planane som no ligg føre og på noko lengre sikt sikre ny tilførsle til kystnære regionar.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Forsyningstryggleiken må også omfatte berekraftig matproduksjon, innan både fiskeri, havbruk og jordbruk. Vestland fylkeskommune må legge til rette for arealdisponering, kunnskapsutvikling, teknologiutvikling, forsking og innovasjon for å ytterlegare kunne nytte dei naturgitte fortrinna for matproduksjon i fylket. Ein langt større del av råvarene må forelast lokalt, for å sikre fleire arbeidsplassar og eksportinntekter.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p>Vestland fylkeskommune må forsterke eit desentralisert utdanningstilbod i heile fylket. Innovative og inkluderande samfunn er ei av tre hovudsatsingar i planen, og vi deler denne fullt ut. Vestlandsverksemndene kan ikkje lukkast i omstillinga utan tilgang på rett kompetanse. Unge menneske må utdannast der dei bur, og det er ei stor og viktig oppgåve å hindre fråfall og utanforskap. Fylkeskommunen må forsterke samarbeidet med næringslivet på dette feltet, slik at den vidaregående opplæringa er fleksibel nok til å fange opp skiftande kompetansebehov. Vi ser også gjerne at utdanningstilbod i havrelaterte næringer vert meir synleggjort og forsterka. Havbruk og fiskeri vil vere svært viktige pilarar i ei berekraftig vestlandsk framtid.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med opplæringsavdelinga, og innspelet blir sendt over til dei. Blir også sett i samanheng med satsing på kompetanseutvikling i arbeidslivet.</p>
<p>Vi treng ny og berekraftig verdiskaping i alle delar av Vestland fylke. For å lukkast med dette, må storbyen Bergen styrkast. Bergen er vertskap for sterke næringsklynger, forskings- og utdanningsinstitusjonar. Dette må synleggjera på ein heilt annan måte om Vestland skal styrke posisjonen sin nasjonalt og internasjonalt. Ikke minst er reiseliv, kultur og kreative næringer viktige for å bygge attraktive, innovative og inkluderande samfunn. Desse høyrer også med mellom våre viktige eksportretta næringer i framtida. Den scenarioanalysen tydeleg peika på sju havrelaterte næringer som kan medverke til å tette eksportgapet, er det uklart kva retning den regionale planen vil ta oss i. Ei tydelegare strategisk retning vil gje auka mobilisering i næringslivet og ein meir samordna innsats og verkemiddelbruk frå det offentlege.</p>	<p>Tatt til følge - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.</p> <p>Havnæringerane er trekt fram som strategisk viktig tema i planen, og Havbyen Bergen er lagt inn som aktivitet i handlingsprogram 2021.</p>

<p>Verdiskapingspotensialet i Vestland vert utløyst for alvor først når ulike regionar med ulike konkurransefortrinn finn kvarandre. Komplementære regionar skal forsterke kvarandre, ikkje konkurrere. Dei merkar seg at fylkeskommunen teiknar eit nytt regionkart, noko som mellom anna kjem til uttrykk i oppfølginga av scenarioanalysen. Næringsalliansen har ingen sterke innvendingar mot dette, men ser gjerne at inndelinga vert drøfta nærmare.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Regioninndelinga frå Grøn Region Vestland er for det arbeidet. Det er ikkje tatt stilling til eit nytt regionkart for det vidare arbeidet.</p>				
<p>Vestland fylkeskommune må aktivt medverke til oppgradering av eksisterande fylkesvegnett og utvikling av nye, grøne transportkorridorar. Ein effektiv infrastruktur skapar større bu- og arbeidsregionar, noko som gjer Vestland meir attraktiv i konkurransen med andre regionar.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport, og innspelet blir sendt over til dei. Og blir sett i samanheng med Innovative og inkluderande samfunn i handlingsprogram 2022-2025.</p>				
<p>Næringsalliansen ser fram til å ta aktivt del i det vidare arbeidet med regional oppfølging av «Vestlandsscenarioene 2020» og handlingsprogrammet for «Berekraftig verdiskaping». Utan eit offensivt handlingsprogram er det ikkje mogleg å forankre denne planen breitt i næringslivet. Eit operativt handlingsprogram for 2022-2025 må snarast råd utarbeidast, og det må peike på konkrete satsingsområde med sterk relevans for små og store verksemder i fylket.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2021.</p> <p>Handlingsprogram for 2022-2025 blir meir konkretisert.</p> <p>Handlingsprogrammet blir vedteke i desember 2021. Det er positivt at Næringsalliansen ynskjer å ta aktivt del i det vidare arbeidet.</p>				
<p><b>Næringslivets hovedorganisasjon (NHO)</b></p> <table border="1" data-bbox="187 1641 1092 1996"> <thead> <tr> <th data-bbox="187 1641 1092 1754">Innspel</th><th data-bbox="1092 1641 1440 1754">Merknad/Oppfølging</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td data-bbox="187 1754 1092 1996"> <p>Vi må bevare og skape nye private, lønsame arbeidsplassar, og styrke det private eigarskapet i heile landet. Det viktigaste vi kan gjøre for å nå ambisjonane våre er å få folk tilbake i arbeid. Det er viktig for å oppretthalde velferda i landet vårt. Det er svært mye god helse for folk å kunne ha ein jobb å gå til. Omsynet til jobbskaping som må derfor gjennomsyre all politikk.</p> </td><td data-bbox="1092 1754 1440 1996"> <p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> </td></tr> </tbody> </table>	Innspel	Merknad/Oppfølging	<p>Vi må bevare og skape nye private, lønsame arbeidsplassar, og styrke det private eigarskapet i heile landet. Det viktigaste vi kan gjøre for å nå ambisjonane våre er å få folk tilbake i arbeid. Det er viktig for å oppretthalde velferda i landet vårt. Det er svært mye god helse for folk å kunne ha ein jobb å gå til. Omsynet til jobbskaping som må derfor gjennomsyre all politikk.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>	
Innspel	Merknad/Oppfølging				
<p>Vi må bevare og skape nye private, lønsame arbeidsplassar, og styrke det private eigarskapet i heile landet. Det viktigaste vi kan gjøre for å nå ambisjonane våre er å få folk tilbake i arbeid. Det er viktig for å oppretthalde velferda i landet vårt. Det er svært mye god helse for folk å kunne ha ein jobb å gå til. Omsynet til jobbskaping som må derfor gjennomsyre all politikk.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>				

<p>Kompetent arbeidskraft er ei hovudutfordringa for næringslivet i distrikta, og særleg i Vestland. Med eit arbeidsliv som stiller stadig større krav til kompetanse, er det avgjerande at vi riggar om utdanningssystemet vårt og gjer det meir tilgjengeleg for folk flest. Dette gjeld også nødvendig kompetanse for å sikre grøn omstilling i alle deler av næringslivet.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endelige plan eller handlingsprogram 2021. Kompetanseutvikling i arbeidslivet er lagt inn som ny satsing i planen.</p>
<p>Det er avgjerande at kvar enkelt av oss kan fylle på kompetansen sin uavhengig av kor dei bur og jobbar. For å auke tilgangen på arbeidskraft må vi rekruttere frå heile befolkninga. Regional plan for næringsutvikling bør derfor legge til rette for tilstrekkelege og relevante tiltak for kvalifisering og kompetanseheving, som tar utgangspunkt i bedriftene sine behov. For mange bransjar i vår region, som turisme, matindustri og verfts- og leverandørindustri er tiltak for å sikre tilgjengeleg utanlandsk arbeidskraft viktige. Viktig med midlar til bedriftsintern opplæring.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endelige plan eller handlingsprogram 2021. Kompetanseutvikling i arbeidslivet er lagt inn som ny satsing i planen.</p>
<p>NHO er glade for at planen legge opp til at regionen framleis skal være det leiande verdiskapingsfylket. Vi skal redusere klimagassutsleppa, samstundes som vi beheld velferdsnivået. Det hastar med å gjere god næringsutvikling på klimaomstillinga.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Innan havvind, hydrogen, elektrifisering, maritim og marin sektor, batteriteknologi, samt karbonfangst- og lagring har Vestland gode føresetnadar for å gripe moglegheiter. Skal vi lykkes med å utvikle ny industri bygget på grøne elektriske verdikjeder må fleire spille på lag. Det å etablere ny lønsam industri krev koordinert innsats gjennom hele forvaltningsleddet, frå fleire aktørar og på ulike nivå.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Vi i Vestland fylke bør gjennom kunnskap, innovasjon og synergiar på tvers av verdikjeder kunne ruste oss for å ta vår del av potensialet i helsenæringer.</p>	<p>Tatt til følgje - Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.</p>
<p>Det er viktig at satsinga på samferdsle held fram, også innanfor dei områda som fylke og kommune har ansvar for.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen. Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport, og innspelet blir sendt over til dei.</p>

<p>God digital infrastruktur blir stadig meir kritisk for næringsverksemd. Bedrifter og offentleg sektor sin tilgang til høghastigheitsnett er eit av dei grunnleggande premissa for eit konkurransedyktig Vestland. Derfor må den digitale grunnmuren betrast og sikrast i hele regionen. Framleis legging av fiber er nødvendig for rask utrulling av 5G som vil opne mange nye moglegheiter for bedrifter offentlege instansar i tida framover.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan. Temaet blir viktig i ny temaplan for breiband dersom fylkestinget vedtek oppstart av planen.</p>
<p>Peikar på viktigkeit av tilgang til kraft og eit robust kraftnett. For å realisere dei næringsmoglegheitene som følgjer av den grøne omstillinga, der elektrifisering er ein grunnleggande trend, er det avgjerande med ein energiinfrastruktur med god nok kapasitet. God tilgang på energiinfrastruktur vil vere avgjerande for vertskapsattraktivitet og nye industrielle etableringar.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen. Det vert også vist til ny regional plan for fornybar energi.</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innspel til handlingsprogram bidra til å utvikle ny grøn industri og nye tenestenæringer gjennom fylkeskommunen sitt eige verkemiddelapparat</li> <li>- sørge for at ung kompetanse blir i fylket gjennom å fremja dei moglegheitene som finst for unge i fylket og samordne sentrale aktørar i eit slikt arbeid</li> <li>- koordinere arealpolitikken slik at Vestland blir attraktivt å etablere seg med ny næringsverksemd og samtidig ein stad det er attraktivt å bu.</li> <li>- Herunder mellom anna legge til rette for ny utvikling og vidareutvikling av akvakultur</li> <li>- fremja næringspolitisk støtte opp mot sentrale myndigheter i saker som er statleg styrt</li> <li>- Utbetring av kraftsituasjonen i fylket er eit eksempel. Nyleg gjennomslag i saka om utvida permitteringsperiode er eit annet døme på at det er mogleg å få til endringar når ein står saman.</li> <li>- fremja utviklinga av ny grøn teknologi og andre typar innovasjonar gjennom eigne innkjøp</li> <li>- vere pådrivar for eit godt samspel mellom privat og offentleg sektor</li> <li>- Vi må ha ei betre arbeidsfordeling mellom offentleg og privat, for å sikre inntekter til velferdssamfunnet. Derfor må det private gjere fleire oppgåver framover, ikkje færre</li> <li>- Sikre god vertskapsattraktivitet i konkurranse med andre regionar i både inn og utland</li> <li>- koordinere ulike næringslivsaktørar gjennom smart spesialisering slik planprogrammet legg opp til</li> <li>- bidra til å tette kompetanse gapet gjennom rett dimensjonering av vidaregåande opplæring, bedriftsintern opplæring og fagskule</li> <li>- Næringslivets kompetansebarometer viser for eksempel at vi har eit stort behov for fagarbeidrar i tida som kjem.</li> <li>- legge til rette for at statlege arbeidsplassar kan etablerast i vår region, herunder ein desentraliseringsstrategi slik utviklingsplanen legg opp til.</li> <li>- sørge for tidleg involvering av råka næringslivsaktørar i aktuelle planprosessar</li> </ul>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>

<b>Region Nordhordland IKS</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Ynskjer å bygge merkevare rundt Nordhordland Unesco biosfæreområde som har fått Unesco-status, og at fylket ser om dette kan passast inn i prosjekt/pilotarbeid.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Regionrådet er samd i at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Peikar på at fornybar energi, olje og gass, marin sektor, maritim sektor og prosessindustri er særskilt viktige næringar i Region Nordhordland.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Regionrådet vil understreka at ein ikkje må snakka ned olje- og gassindustrien. Omstilling og nedbygging må derfor skje gradvis og kontrollert.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Det er avgjerande at Vestland fylgjer opp den gode intensjonen om å ta heile fylket i bruk – og at dette vert sentralt i planarbeidet. Små og store kommunar har ulike behov for planar og kva dei skal ha av tiltak. Tiltak og planar må derfor kunne tilpassast der det er hensiktsmessig.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Det blir naturleg å sjå på verkemiddelbruk, også differensiering av verkemiddelbruk mot ulike område og tema.
Samde i at Bergen er ein motor for innovasjon og næringsutvikling i sams spel med resten av Vestland. Det må likevel avklårast nærmere kva fylket legg i dette - og det må vera tydeleg korleis Bergen og resten av fylket skal spela saman.	Tatt til orientering til handlingsprogram 2022-2025.  Roller og samhandling vil bli meir konkretisert i handlingsprogrammet.
Vestland må vera tydeleg på korleis ein vil bruka regionane / dei regionale sentra aktivt i arbeidet. Vestland fylke må sjå nærmere på samordning / samanslåing av verkemiddelapparatet, for dermed å skapa sterkare aktørar med større og breiare fagmiljø.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Rolledeling og samarbeid blir nærmere presisert i handlingsprogram for 2022-2025.

<p>Skal ein oppnå innovative og inkluderande samfunn må ein halda fram med satsinga på digital infrastruktur.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.</p> <p>Det blir føreslått å starte arbeid med ein temaplan for breiband og digitalisering.</p>
<p>Det er viktig at fylket satsar mykje meir på vedlikehald og utbetring av fylkesvegane.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei.</p>
<p>Skal me få til grøn omstilling i stor skala, må me ta i bruk krafta sjølv. Det er derfor viktig at Vestland framleis jobbar hardt for å sikra at me har nok kraft til ei satsing på grøn omstilling. Våre vasskraftanlegg må moderniserast slik at dei kan produsera meir grøn kraft. Staten må sørge for at rammevilkår som skatt vert tilpassa til føremålet om auka produksjon av grøn energi. Dette er ei viktig oppgåve for Vestland fylkeskommune å jobba med.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
<p>Havbruk og havnæringer vil vera ei viktig framtidsnæring. Fylket må bidra til å leggja til rette for at vilkåra bransjen vert mykje meir føreseielege, og at ein får eit meir oversiktleg byråkrati enn det me har i dag.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Dette gjeld i hovudsak endringar i statlege reguleringar, og innspelet fell utanom tema i denne planen.</p>
<p>Regionrådet er godt i gang med arbeidet med Interkommunal plan for sjøareal for Region Nordhordland, og håpar fylkeskommunen og andre offentlege instansar vil bidra i dette arbeidet.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Fylkeskommunen er med i arbeidet med den interkommunale planen gjennom administrativ deltaking, og vil halde fram med det.</p>
<p>Andre næringar som reiseliv og landbruk må løftast fram og satsast på.</p>	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Det blir føreslått oppstart av temaplanar både for landbruk, og for reiseliv.</p>

<p>Utdanninga i vidaregåande skular, og også høgskular / universitet, må tilpassast det lokale næringslivet slik at ein greier å skaffa riktig arbeidskraft til industri i omstilling. Ungdom må kunne utdannast der dei bur, og Vestland fylkeskommune må forsterka eit desentralisert utdanningstilbod i heile fylket.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endelige plan eller handlingsprogram 2021. Kompetanse er blitt tydelegare i planen ved at det er løfta inn som eiga satsing.</p>
<p>Samarbeid: I regionen er det mange aktørar som jobbar aktivt og godt saman om næringsutvikling som industriaktørar, næringslag, Industriutvikling Vest, Klar Bedrift, Invest in Bergen, Osterøy Utvikling, Vaksdal næringsselskap, kommunane og Regionrådet. Samarbeid må heile tida utviklast vidare, ein må ha tydeleg rolleavklaring, det må tenkast smart og ein må forsetja med stor satsing innan digitalisering.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025. Handlingsprogrammet blir tydelegare på rolleavklaringar og samarbeid. Det blir føreslått å starte arbeidet med ein temoplan for breiband.</p>
<p>Knoppskyting og innovasjon skjer i etablerte bedrifter. Det må derfor vera aktivt samspel og medverknad mellom FoU-miljø og bedriftene i fylket. Peikar på at godt samarbeid med den vidaregåande skulen er viktig. Kommunen er svært oppteken gründer kulturen, og ynskjer at fylket også gjer det og at ein prøver å få til liknande gründerkultur andre stadar.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Regionrådet er samd i dei sentrale føringane som er nemnd i planen knytt til arealplanlegging. Samarbeid om plankompetanse, og oppdaterte planar er ei viktig satsing som fylke og stat kan leggja til rette for saman med kommunane og regionane.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Kommunane opplever at urimelege rekjkjefylgjekrav set ein stoppar for utvikling. Slik rekjkjefylgjekrav vert formulert og fylgd opp no, stoppar det vidareutvikling i mange kommunar. Kommunane opplever svært lite løysningsorientering frå regionalt nivå. Kommunane føler dei blir tvunge til akseptera rekjkjefylgjekrav i overordna planar som i neste omgang er øydeleggande for å få gjennom reguleringsplanar mm.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen. Dette er viktige tema i regional samordning.</p>
<p>Meiner at stat og fylke har større rom for skjøn enn det som vert praktisert. Dersom statlege eller regionale organ fremjar motsegn mot kommunale planar, må det dokumenterast at ulempene for det statlege eller regionale organet er større enn nytten planen utgjer for kommunen. Regionrådet Nordhordland ber Vestland fylke prioritera å jobba med og finna løysingar som alle involverte kan leva med.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen. Dette er viktige tema i regional samordning.</p>

<b>Rexir holding as</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Meiner at det i den regionale planen bør settast opp kriterier som raskt kan sile ut prosjekter som det er ynskjeleg å satse på og gi desse føreseielegheit når det gjelder realisering og framdrift.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Trek fram at store og førande prosjekt (for grøn omstilling i eit nasjonalt perspektiv) må få prioritet.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
<b>Samarbeidsrådet for Sunnhordland</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Planen skal femne om eit stort fylke med ulik kultur og geografi. Derfor er det viktig at det er rom for å vera ulike, og at planen tar opp i seg det særeigne/stadlege ressursar og byggjer vidare på det.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Viktig med årleg rullering av handlingsprogrammet.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Samferdsle svært viktig for næringsutvikling. Dette gjeld både for verksemder som skal utvida, utvikla eller som vil etablera seg. Hordfast, Sunnfast og betre tilkopling mellom Austevoll og E39 er til dømes eit svært avgjerande prosjekt for å binda regionen tettare saman internt og med regionen nord for Sunnhordland, og for å styrka konkurransekrafta og omstillingsevna til næringslivet	Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.  Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei.
Kollektivtilbodet er svært viktig for ungdommane våre, men også arbeidstakrar har behov for eit kollektivtilbod som gjer at dei kan bu på draumestaden og få arbeid der. Her må fylkeskommunen vera lagspelar. Kollektivtilbod er i tillegg ein rask og enkel måte å redusera utslepp på. I eit område som har så ulike utfordringar som Sunnhordland er det viktig at fleksible tilbod, gjerne med små lokale aktørar inngår i eit fylkeskommunalt tilbod.	Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.  Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei.

Ber om at det vert lagt opp til fleire pilotprosjekt på alternative kollektivløysingar som både er miljøvenlege og betre svarar på innbyggjarane sitt transportbehov.	Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.  Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei.
Digital utbygging og nettverkskapasitet. Får ikkje næringa kraft og digital tilgang så etablerer dei seg annan stad.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Grøn næringsutvikling får ein og ved at offentleg anbod forma slik at lokale aktørar blir føretrekte framfor import langvegs frå. Som til dømes vekting av krav til utslepp, lærlingar og lokalkunnskap.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Fleire fylkeskommunale arbeidsplassar bør leggjast desentralisert og fylkeskommunen bør vera ein pådrivar mot staten for å få desentralisert statlege arbeidsplassar. Det er sjølv sagt ikkje desse som skal danna eit grunnlag for lokalsamfunna, men det er av høg betydning for utvikling av lokalsamfunna om ein har offentlege arbeidsplassar eller ikkje.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Sjå saksutgreiinga for kommentar om innspel om desentraliserte fylkeskommunale arbeidsplassar.
Det er dei levande lokalsamfunna som gjer at folk vil busetje seg. Helsetilbod, skule, idrett og kulturtilbod. Flott natur frå fjord til fjell hjelper, men me treng meir. Folk bur der det er næring, det blir næring der folk bur.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Vidaregåande skule er grunnleggjande for at ungdommane skal bli verande, eller komma tilbake til regionen. Det er behov for eit tett samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og næringslivet både om opplæring, vidareutdanning og forsking. Yrkesfaga bør styrkast, og det bør arbeidast for å reetablera opplæring i fag som næringslivet i regionen treng, men som i dag er mest heilt overlate til utanlandske arbeidskraft (isolasjon, stillas, overflate, mm.). Me ønskjer at fylkeskommunen saman med regionen kan tilpassa det vidaregåande tilbode til lokalt næringsliv og tenestetilbod elles. Bømlomodellen må vidareutviklast.	Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.  Det har vore dialogmøte med opplæringsavdelinga og innspelet blir sendt over til dei.

<p>Desentralisert fagskule, høgskule/universitet slik at samarbeid mellom opplæringsinstitusjonane og lokalt initiativ kan utvikla seg. Her kjem den digitale infrastrukturen inn som ein premiss. Kompetansebehovet endrar seg fort.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Innspel er oversendt opplæringsavdelinga til orientering. Blir også følgt opp gjennom Temaplan for breiband.</p>
<p>Ein overordna plan må sjølv sagt ligge til grunn, men samstundes må kommunane sjølv kunne være med å sette kurs for utvikling av areal. Mykje av næringslivet i Sunnhordland er i tilknyting til sjø, her må kommunane også i framtida kunne byggja ut for den type næring som treng liggje der. Ein kan heller setje krav til at ein ikkje nyttar dette verdfulle arealet til anna næring. Planane må ikkje kollidera, t.d. kystsoneplan og næring.</p> <p>Det er ulike behov i kvar kommune. Planen må vera hjelphemiddel, ikkje hinder. Trekk fram storregionen Haugalandet og Sunnhordland, og det viktige samarbeidet mellom dei to regionane. Storregionen mellom Bjørnafjorden og Boknafjorden har ein felles bu- og arbeidsregion.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen</p>
<p><b>Sjømat Norge</b></p>	
<p><b>Innspel</b></p> <p>Sjømat Norge har utarbeidd eit strategidokument som er relevant i denne samanheng. Sjømatnæringa er klimavennleg matproduksjon med gode vekstmogleigheter under føresetnad av god forvaltning.</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Bedriftene i sjømatnæringa skapar arbeidsplassar og er viktige aktørar i lokalsamfunna.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Sjømatnæringa, og spesielt havbruk, treng tilgang på gode lokalitetar for optimal produksjon - vil kunne gje eit lågare fotavtrykk.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Sjømat Norge deltek gjerne i arbeidet med oppfølging av planen og arbeidet med rulleringa av planen</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Det er positivt at Sjømat Norge ynskjer å bidra med kunnskap inn i arbeidet. Vi noterer oss innspelet til vidare arbeid.</p>

<b>Sogn frukt og grønt sa</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Dei meiner planen i sin heilskap er god og gir ei offensiv retning for arbeidet med berekraftig verdiskaping. Planen ser ut til å legge stor vekt på samarbeid, samhandling og kunnskapsdeling. Dette er dei glade for og støttar fullt ut. Landbruket i Noreg er avhengig av samhandling mellom produsentane. Det er gjennom samarbeid me blir store nok til å kunne ta dei store løfta for utvikling og innovasjon, og ta marknadsdelar.</p>	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
<p>Pakkeristrukturen på Vestlandet er eit særleg fenomen. Pakkeria har vore og er ein nødvendig felles infrastruktur. Pakkeria har også utvikla seg til å vera ein heilt nødvendig miljøbyggjar og har fungert som både kompetanseutviklar, samordnar for felles satsingar, nyplantingar, produktutvikling og felles profilering og sal til dei store grossistane og kjedene. Ei vellukka regional satsing på landbruk og matproduksjon i Vestland må bygge vidare på desse samarbeidsformene og strukturane.</p>	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025, og til temaplan for landbruk.
<p>I ein region som skal gjennom store omstillingar, er det også viktig å ivareta næringane som allereie produserer ut frå fornybare resursar, men som treng vidareutvikling framfor omstilling. Tilgang til ny eller forbetra teknologi er viktig. Det er viktig å bygge kultur for å ta i bruk ny teknologi, og at regionale satsingar og løyingar bygger opp under dette. Vestland fylkeskommune bør ha ei særleg rolle i å utvikle handlingsplanar som fangar opp spesifikke regionale behov i næringa, og tilordnar verkemiddel og utviklingsresursar til behova. Konkrete fleirårlege handlingsplanar utvikla saman med næringa blir avgjerande for å lukkast.</p>	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025, og til temaplan for landbruk.
<p>Er glade for at temaet «areal til næringsutvikling» er ein del av planen. Den peikar på at areal er ein føresetnad for å få gjennomført ambisjonane med grøn næringsutvikling, samstundes som den også erkjenner, at eigna areal mange stader er mangelvare. Den nasjonale jordvernstrategien blir vektlagd i planen.</p>	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
<p>Vestlandsgardane er små, men med 40 daa fruktjord har produsentar likevel nok til å kunne leve av garden, men ei omdisponering av areal vil likevel kunne gje eit stort utslag for om den enkelte garden har eit livsgrunnlag for å kunne leve heilt eller i stor grad av gardsdrifta.</p>	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
<p>Under temaet areal til næringsutvikling, er det også viktig å legge til rette meir areal til jordbruk innan grøntsektoren. I jordbruksoppgjerset 2019 vart avtalepartane einige om å etablera ei særskilt satsing på grøntsektoren med mål om å auke norskandelen, og møte auka etterspurnad med mest mogleg norskprodusert vare. Gartnerhallen/Bama ynskjer ei volumvekst på 50% og ein verdiauke på 150% innan 2030. Denne veksten må også vår region ta del i. Noko av veksten bør takast ved å utnytte endå meir av den eigna jorda for frukt og grønt i vår region, og såleis auke landbruksarealet på desse produksjonane.</p>	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025, og til temaplan for landbruk.

<p>Dei har ei rekke konkrete framlegg til tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Støtte initiativ frå frukt og grønt-næringa som søker å ta marknadsposisjonar, fylle hol i marknaden og ynskjer å produsere nye produkt for den norske marknaden.</li> <li>- Støtte initiativ for å auke påverknad og justere maktbalansen i verdikjeda. Produsentane har ein altfor svak stilling i dag, men gjennom samarbeid i pakkeria, effektiv felles profilering, systematisk merkevarebygging og dialog med kundane kan denne uheldige situasjonen gradvis endrast.</li> <li>- Støtte opp om initiativ til eit meir klimasmart landbruk, særleg ved å vere aktiv medspelar i arbeid med tilgjengeleggjering, tilpassing og utprøving av ny teknologi. Både pakkeria og dei einskilde produsentane er allereie tunge teknologibrukarar, og presisjonslandbruk, robotisering, bruk av droner mm vil kunne gje vesentlege innovasjonar for betre kvalitet, mindre miljøbelastning og auka verdiskaping.</li> <li>- Støtte arbeide for mindre matsvinn gjennom teknologiske løysingar for betre sorterings- og distribusjon av varer. Dette vil gje vesentleg mindre svinn og betre produksjonsutbytte. I tillegg støtte og mogleggjere innovative løysingar for vidareforedling av varer som i dag blir kasta i sorteringsleddet. Her er det stort potensiale for auke verdiskaping og jobbskaping i Vestland.</li> <li>- Støtte opp om samarbeide med dei typiske og spesialtilpassa organisasjons- og samarbeidsstrukturane i Vestland; frukt- og grøntpakkeria. Desse er føresetnaden for at næringa skal overleve, vekse og vere ein del av eit nasjonalt klimatilpassa landbruk.</li> <li>- Støtte initiativ som arbeider for kompetanseheving og særleg rekruttering til landbruket. Den demografiske utvikling har vore negativ i lang tid, men særleg i frukt og grønt er det no mange lyspunkt.</li> <li>- Arbeide aktivt for at den nasjonale jordvernstrategien blir følgd i Vestland fylke med eit særleg vern av den jorda som det er minst av, som har stort verdiskapingspotensiale og som ikkje kan erstattast med tilsvarande landbruk andre stader i Norge.</li> </ul>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025, og til temaplan for landbruk.</p>
--	---

<b>Sogn og Fjordane næringsråd</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Peikar på viktige tiltak for å skape deltaking og forankring i næringslivet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det må lagast konkrete handlingsplanar som inkluderer og treffer næringslivet både lokalt og regionalt.</li> <li>- Invitere enkeltbedrifter frå ulike næringar og deler av fylke til å kome med innspel.</li> <li>- Invitere vekstselskap og næringshagar til å kome med innspel basert på tilbakemeldingar frå eigne medlemmar eller næringslivet i sin region/kommune.</li> <li>- Kunne justere kurser og tilpasse handlingsplanane til næringslivet sitt behov gjennom kontinuerleg dialog og samarbeid.</li> </ul>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Vi tek med oss innspela til arbeidet med å setje i verk planen.</p>

<p>Planen må også peike på korleis arbeidsdelinga og ansvarsområda skal vere mellom fylkeskommunen, andre offentlege etatar og verkemiddelapparatet. Det same gjeld korleis ein skal få til eit effektivt og konstruktivt samarbeid mellom Bergen og resten av fylke som alle kan tene på og som kan skape vekst og utvikling i alle delane av Vestland.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Roller og bidrag blir tydelegare presisert i handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p>Fylkeskommunen må spele ei aktiv rolle inn mot sentrale styresmakter for å sikre at næringslivet får best mogeleg rammevilkår for å skape auka vekst og verdiskaping og trygge arbeidsplassane. Ein skatte- og avgiftspolitikk som sørger for vekstkraft og nye arbeidsplassar er viktigare enn nokon gong. Det same eit ope, trygt og effektive vegnett som både kan sikre leveransar av varer og tenester internt i fylket og eksport ut av fylket.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Konkrete innspel til regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland Leiande verdiskapingsfylke</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vestland er sterke på naturbaserte næringar. Fornyar energi, olje og gass, marin og maritim sektor og reiseliv. Dette må vidareutviklast og danne grunnlaget for auka verdiskaping i Vestland.</li> <li>- Reiselivet er inne i svært krevjande tider. Mykje vil endre seg i tida som kjem. Planen må peike på korleis vi møter desse utfordringane.</li> <li>- Vestland er stor kraftprodusent og kraftekspørte. Planen må peike på korleis vi kan bruke denne krafta til auka verdiskaping i Vestland</li> <li>- Desentralisert/digital utdanning tilpassa lokalt næringsliv er avgjerande for å få tilgang på kompetent arbeidskraft i framtida.</li> <li>- Vestland er ein viktig matprodusent. Korleis skal ein vidareutvikle dette og få vekst i dei ulike regionane. Havbruk/fiskeri, landbruk, frukt og grønt og matvareindustri.</li> <li>- Planen må legge til rette for å skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.</li> <li>- Planen må legge til rette for å vidareutvikle sterke næringsklynger og skape nye.</li> <li>- Regionsenterutvikling og styrking og vidareutvikling av kompetansemiljø er viktig både for auka verdiskaping og busetnad i heile Vestland.</li> </ul>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Mange av desse innspela blir også fanga opp av presisering av strategiske tema, og framlegg til temaplanar.</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gode og framtidsretta regionale og kommunale planar må ligge i botnen.</li> <li>- Det må leggast til rette for næringsutvikling gjennom å utarbeide offensive reguleringsplanar som ligg klare når nye bedrifter skal etablere seg.</li> <li>- Det må leggast til rette for å vidareutvikle eksisterande bedrifter ved å sikre areal til ekspansjon.</li> <li>- Offentlege myndigheter må legge stor vekt på å gjennomføre rask, effektiv og føreseieleg sakshandsaming.</li> <li>- Offentlege myndigheter må ha ei JA haldning til næringslivet sine behov og ønskjer.</li> </ul>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>

<p>Det årlege kraftforbruket vil auke mykje fram mot 2050. På same tid har Vestland stort behov for meir straum både for å vidareutvikle det næringslivet ein har i dag og skape nyt. Tilgang på fornybar energi til konkurransedyktige prisar vil vere heilt avgjerande for å legge til rette for å vidareutvikle eksisterande næringsliv, skape nye bedrifter og næringar og legge til rette for det grøne skifte i Vestland. Det gjer at Vestland fylkeskommune må arbeide aktivt for å legge til rette for meir fornybar kraftproduksjon og styrke nettkapasiteten der det i dag er for lite tilgang på kraft. Det må leggast stor vekt på at kortreist kraft som er lokalt produsert kan nyttast til lokal verdiskaping. Det vil trygge eksisterande arbeidsplassar og legge til rette for nyetablering og grøne arbeidsplassar.</p>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Fornybar energi er trekt fram som ei strategisk prioritering i planen. Det blir lagt opp til gode koplingar til den komande regionale planen for fornybar energi, nye verdikjeder med industrielt preg, utfordringar med kapasitet i nettet, samt regional utvikling som gjer at kommunar kan utvikle og bruke ressursar lokalt.</p>
<p>Ønsker å delta aktivt i det vidare arbeidet med dei regionale scenarioanalysane og ventar at det blir stor fokus på konkrete handlingar og klare målsettingar. SFN ber om at dei merknadane og kommentarane vi har sendt inn gjennom denne høyningsuttalen blir vektlagde i det vidare arbeidet med regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Det er positivt at Sogn og Fjordane Næringsråd ynskjer å ta del i det vidare arbeidet. Dei regionale scenarioanalysene blir viktige innspel til handlingsprogram for 2022-2025.</p>
<p><b>Sogndal kommune</b></p>	
<p><b>Innspel</b></p> <p>Planen skal gjelde for 12 år, og må ha eit langsiktig perspektiv. Samstundes er den ikkje tydeleg på kva vi skal bli gode på. Truleg er overskriftene like relevante for alle fylker, i alle fall dei med kystline. Vanskeleg å sjå kva som konkret er meint med satsingane. Tema som gjeld alle satsingar i avsnitt 3.1 gjev tydelegare retning. Må vere rom for å vere tydelegare på kva ein skal satse på, gjerne ved å knyte det til der Vestland har særleg gode føresetnader for å lukkast.</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.</p> <p>Satsingane er spissa noko gjennom å løfte fram strategiske prioriteringar. Satsingane blir konkretisert meir i handlingsprogram for 2022-2025.</p>

<p>Planen er for overordna til å vere eit godt verktøy for kommunen til å gå rett på handlingar. Planen hadde blitt styrka av ei tydelegare dyrking av regionane sine fortrinn.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Dette blir meir konkretisert i handlingsprogram for 2022-2025. Grøn region Vestland ser på desse problemstillingane.</p>
<p>Saknar ei tydleg satsing på kraftkrevjande næringsetableringar der straumen finst, på same måte som ein er tydeleg på at satsing på maritime og marine næringar må skje på kysten.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Dette blir meir konkretisert i handlingsprogram for 2022-2025.</p>
<p>Kan tenke seg ei kopling mellom Bergen og regionsentera og dei ulike styrkane ein har, jf. smart spesialisering.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Dette blir meir konkretisert i handlingsprogram for 2022-2025. Grøn region Vestland ser på desse problemstillingane.</p>
<p>Saknar tydelegare fokus på omstilling og endring jamfør Korona-krisa.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Handlingsprogram og eventuelle årsplanar må evne å ta opp i seg koronatiltak, og andre tiltak som fangar opp endringar i samfunn og rammevilkår.</p>
<p>Bruk av heimekontor opnar for nye måtar å tenke samanheng mellom bu- og arbeidsmarknadsområde og kva som er mogleg å desentralisere. Det burde vore løfta fram som ei tydelegare strategisk retning.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Det er også kome innspel om ein strategi knytt til desentralisering. Innspel om strategiar er kommentert i saka.</p>

Planen kunne vore betre som mobiliseringsverktøy dersom den var tydlegare på kva som er dei konkrete satsingane for by, distrikt, kyst og innland. Dei saknar og tydelegare roller og ansvar, særleg knytt til det offentlege sine ulike nivå.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Blir konkretisert ytterlegare i fireårig handlingsprogram.
Vanskeleg å meine så mykje om Handlingsprogram 2021 då det er prosessretta. Viktig at eit representativt utval kommunar blir brukt i arbeidet for å sikre ulike perspektiv. Kommunar saknar rollebeskriving i handlingsprogrammet, og ynskjer tydelege signal på korleis fylkeskommunen ser på regionråda sin funksjon handlingsprogram.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.  Kommunane og regionråda si rolle er trekt fram noko meir tekstleg i både plan og handlingsprogram 2021. Rollebeskriving blir også mykje tydelegare i handlingsprogram 2022-2025.
<b>Solund kommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Solund kommune meiner generelt at det er viktig at fylkeskommunen ser heilskapen og samanhengane mellom dei ulike regionale planane. Solund kommune oppmodar fylkeskommunen om å ha tillit til lokal kunnskap og erfaring, og nytte dette aktivt i utviklingsarbeidet.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
Næringsutvikling og samfunnsutvikling må sjåast i samanheng, og fylkeskommunen må bruka sine verkemiddel heilskapleg. Næringsutviklingstiltak bør koma i tiltakspakker saman med mellom anna tiltak for bustadutvikling, inkludering, stadutvikling og tilflytting.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Trekker frem viktigheten av kommunale næringsfond for innovasjon og næringsutvikling. Regional politikk og verkemiddelbruk må differensierast ut frå ulike behov i ulike delar av fylket for å få dette til.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Kommunale næringsfond blir drøfta i samband med budsjett 2022.
Mangfold kan vera ein ressurs for næringsutvikling og innovasjon. Det avgjerande er å ha gode ordningar for kvalifisering og språkopplæring, slik at alle kan kjenne seg som ein ressurs i samfunnet.	Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling må peika på smartare måtar å utnytta den kapitalen som ligg bunden i fråflytta gardsbruk i utkantane.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.

<p>Vidaregåande skular skal vera fylkesdekkjande, og for Solund sin del må fleire skular samhandle med vårt næringsliv. Fylkeskommunen som skuleeigar må samhandle med lokalsamfunna om opplæringsløpa. Potensialet for desentralisert utdanning bør nyttast i større grad, både knytt opp til fylket sine eigne skular, (fagskulen og dei vidaregåande skulane) og til andre kompetansemiljø, t.d. høgskule og universitet. Tilgang til slike tilbod må opplevast like tilgjengeleg i alle delar av fylket.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen. Det har vore dialogmøte med opplæringsavdelinga, og innspelet blir sendt over til dei.</p>						
<p>Både ferjedrift, hurtigbåtar, flyruter og flyplass struktur høyrer med som eit satsingsområde i ein plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland. Planen bør visa at forbetra infrastruktur på land og sjø, inkludert internett, er grunnlag for framtidig innovasjon og verdiskaping. Planen bør også vise korleis infrastrukturen kan auke tilgjenge til ein utvida arbeidsmarknad og tilgang til regionalt/nasjonalt rutenett som t.d. fly.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid/anna avdeling i fylkeskommunen. Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei.</p>						
<p><b>Stad kommune</b></p> <table border="1" data-bbox="187 1057 1092 1848"> <thead> <tr> <th data-bbox="187 1057 1092 1102">Innspel</th><th data-bbox="1092 1057 1440 1102">Merknad/Oppfølging</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td data-bbox="187 1102 1092 1361"> <p>Stad kommune peikar på at handlingsprogrammet må ta omsyn til at planen gjeld for alle næringar. Samtidig må handlingsprogrammet være konkret nok til å kunne gje effekt for den enkelte bransje og vere til støtte for kommunane som nærings- og samfunnsutviklar. Stad kommune anbefaler å vurdere eit vegkart for grøn omstilling og innovasjon i det nye handlingsprogrammet. Innovasjonen bør vere radikal og stegvis, gjerne kopla mot smart spesialisering.</p> </td><td data-bbox="1092 1102 1440 1361"> <p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> </td></tr> <tr> <td data-bbox="187 1361 1092 1848"> <p>Ber om at det blir utvikla strategi og støtteordningar knytt til bruken av kystlinja, kysten som samferdsleåre og behovet for ny/vidareutvikling av hamn og grøn infrastruktur. Stad kommune trekk også fram at kunnskapsgrunnlaget for planlegging av berekraftig bruk av areal i kystsona bør styrkast.</p> </td><td data-bbox="1092 1361 1440 1848"> <p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Sjå saksutgreiinga for kommentar om innspel strategi for kystlinja. Støtteordningar og tiltak, som sjølvsagt også omfattar kysten vil vi kome attende til i handlingsprogram for 2022-2025.</p> </td></tr> </tbody> </table>	Innspel	Merknad/Oppfølging	<p>Stad kommune peikar på at handlingsprogrammet må ta omsyn til at planen gjeld for alle næringar. Samtidig må handlingsprogrammet være konkret nok til å kunne gje effekt for den enkelte bransje og vere til støtte for kommunane som nærings- og samfunnsutviklar. Stad kommune anbefaler å vurdere eit vegkart for grøn omstilling og innovasjon i det nye handlingsprogrammet. Innovasjonen bør vere radikal og stegvis, gjerne kopla mot smart spesialisering.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>	<p>Ber om at det blir utvikla strategi og støtteordningar knytt til bruken av kystlinja, kysten som samferdsleåre og behovet for ny/vidareutvikling av hamn og grøn infrastruktur. Stad kommune trekk også fram at kunnskapsgrunnlaget for planlegging av berekraftig bruk av areal i kystsona bør styrkast.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Sjå saksutgreiinga for kommentar om innspel strategi for kystlinja. Støtteordningar og tiltak, som sjølvsagt også omfattar kysten vil vi kome attende til i handlingsprogram for 2022-2025.</p>	
Innspel	Merknad/Oppfølging						
<p>Stad kommune peikar på at handlingsprogrammet må ta omsyn til at planen gjeld for alle næringar. Samtidig må handlingsprogrammet være konkret nok til å kunne gje effekt for den enkelte bransje og vere til støtte for kommunane som nærings- og samfunnsutviklar. Stad kommune anbefaler å vurdere eit vegkart for grøn omstilling og innovasjon i det nye handlingsprogrammet. Innovasjonen bør vere radikal og stegvis, gjerne kopla mot smart spesialisering.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>						
<p>Ber om at det blir utvikla strategi og støtteordningar knytt til bruken av kystlinja, kysten som samferdsleåre og behovet for ny/vidareutvikling av hamn og grøn infrastruktur. Stad kommune trekk også fram at kunnskapsgrunnlaget for planlegging av berekraftig bruk av areal i kystsona bør styrkast.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Sjå saksutgreiinga for kommentar om innspel strategi for kystlinja. Støtteordningar og tiltak, som sjølvsagt også omfattar kysten vil vi kome attende til i handlingsprogram for 2022-2025.</p>						

Peikar på at mangel på rett kompetanse er den største utfordringa for næringane i Nordfjord.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endelige plan eller handlingsprogram 2021. Endring eller informasjon av politisk betydning, og blir presentert i saksframstilling. Kompetanse i arbeidslivet er lagt inn som eiga satsing.
Etterlyser eit tettare samspel mellom stat, fylke og kommunar for at vi skal kunne møte forventingane om å ha «rett areal for rett næring til rett tid» på ein god måte.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen. Samspel mellom ulike aktørar ligg til grunn for satsinga.
<b>Statens vegvesen</b>	
Innspel  Gode moglegheiter for transport er viktig for berekraftig utvikling. Val knytt til lokalisering av næring vil kunne påverke transportbehovet i den aktuelle kommunen.	Merknad/Oppfølging  Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen. Det har også vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei.
Det er store skilnader mellom kommunane i Vestland. Statens vegvesen er usikker på om Regional plan vil kunne fungere som overordna styringsdokument for alle kommunar, men støttar likevel hovudintensjonen bak planframlegget	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
<b>Statsforvaltaren i Vestland</b>	
Innspel  Planen peikar på manglende kunnskapsgrunnlag og at kunnskapen om særleg sjøarealet og fjellarealet må betrast. Statsforvaltaren støttar dette og ser det som viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag ved utlegging av nye næringssareal, både i sjøområde, fjellområde og meir generelt.	Merknad/Oppfølging  Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
Berekraft knytt til klima og miljø er nemnt som ein viktig premiss for økonomisk og sosial berekraft, jf. figur 4 i kapittel 2. Ønskjeleg at det skal gå tydeleg fram i planen at berekraft for miljø og klima omhandlar økologisk berekraft, i tillegg til klima. Dette er ikkje minst viktig å legge til grunn i kapittel 3.4. om areal til næringssføremål.	Tatt til følgje.  Teksten om berekraft er endra. Sjå kommentar i saksframstillinga.

<p>Ei kunnskapsbasert arealforvaltning, slik planforslaget legg vekt på, vil vere eit godt utgangspunkt for å nå målet om å stanse tapet av biologisk mangfald. I tillegg vil det vere viktig at arealforvaltninga er berekraftig ut frå eit økologisk perspektiv. Vi rår difor fylkeskommunen til å vurdere om det kjem tydeleg nok fram i planen at berekraft knytt til klima og miljø også omfattar økologisk berekraft, der naturgrunnlaget og biologisk mangfald er vektlagt. Vi legg t.d. til grunn at det med berekraft i retningslinje i kap. 3, om berekraftig areal til akvakultur, er meint økologisk berekraft, slik at omsynet til anadrom villfisk og anna biologisk mangfald i fjordsystemet skal vektleggjast.</p>	<p>Tatt til følgje. Teksten om berekraft er endra. Sjå kommentar i saksframstillinga.</p>				
<p>Statsforvaltaren ønskjer at fylkeskommunen skal ta eit tydelegare grep kring jordvern. Dette kan gjerast gjennom ein regional strategi for jordvern som set klare mål og legg større press på reetablering og fortetting av regulerte område. Eit slikt dokument vil vere eit viktig verktøy både for kommunane og regionale styresmakter. Jordvern er eit aktivt tiltak for å sikre jordbruket sitt næringsareal. Dette er viktig for å sikre ein lokal og nasjonal matproduksjon både på kort og lang sikt. Areal som blir omdisponert til andre føremål er som regel tapt som ressurs for matproduksjonen.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.  Det blir føreslått å starte arbeidet med ein temaplan for landbruk. Jordvern blir eit tema der. Areal og jord er også eit naturleg tema for Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar som er føreslått starta opp i neste valperiode.</p>				
<p>Statsforvaltaren rår til å utarbeide ein eigen temaplan for landbruk. Gjennom regionreforma fekk fylkeskommunen utvida ansvar og mynde på landbruksområdet. Med dette har Vestland fylkeskommune hovudansvaret for utviklinga innan landbruket og landbruksrelaterte næringar i Vestland. Dette ansvaret kan vise seg gjennom ein eigen temaplan for landbruk som set mål og tiltak for ei næring i omstilling.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.</p>				
<p><b>Stiftelsen akvariet i Bergen</b></p> <table border="1" data-bbox="187 1462 1097 1965"> <thead> <tr> <th data-bbox="187 1462 1097 1507">Innspel</th><th data-bbox="1097 1462 1440 1507">Merknad/Oppfølging</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td data-bbox="187 1507 1097 1965"> <p>Stillar seg bak hovudmål og delmål. Ønskjer å samarbeide om å oppnå måla i planen gjennom t.d. kunnskapsutvikling og formidling, rekruttering og grøn næringsutvikling og gjennom at Nye Akvariet kan vere motor for innovative og inkluderande samfunn på Dokken.</p> </td><td data-bbox="1097 1507 1440 1965"> <p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> </td></tr> </tbody> </table>	Innspel	Merknad/Oppfølging	<p>Stillar seg bak hovudmål og delmål. Ønskjer å samarbeide om å oppnå måla i planen gjennom t.d. kunnskapsutvikling og formidling, rekruttering og grøn næringsutvikling og gjennom at Nye Akvariet kan vere motor for innovative og inkluderande samfunn på Dokken.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>	
Innspel	Merknad/Oppfølging				
<p>Stillar seg bak hovudmål og delmål. Ønskjer å samarbeide om å oppnå måla i planen gjennom t.d. kunnskapsutvikling og formidling, rekruttering og grøn næringsutvikling og gjennom at Nye Akvariet kan vere motor for innovative og inkluderande samfunn på Dokken.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>				

Stiftinga Hardanger og Voss museum	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Viktig å skape bulyst i distrikta og å utvikla gode bu- og arbeidsregionar i heile fylket. Det bør seiast meir om korleis ein kan styrke regionar som har store naturressursar og næringsliv som treng folk, men der folketalet går ned. Korleis reversere sentraliseringa? Det er viktig å leggja til rette for at barnefamiliar og unge menneske vel å bu i distrikta. Det er og behov for gode skuletilbod og desentralisert undervisning, kulturtildbod og arbeidsplassar for meir enn ein i familien. Viktig med digitale tenester, gode og sikre vegar, nærliek til sjukehus og god eldreomsorg. Viktig å jobba med utflytting av statlege og offentlege arbeidsplassar og slik styrke regionsentra.</p> <p>Må finne balansen mellom kompetansemiljøa i Bergen og kompetansen der ressursane er, og styrka gode kompetanse- og forskingsmiljø utanfor byen. Covid har vist moglegheiter for heimekontor og eit meir desentralisert arbeidsliv.</p>	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Må leggjast større vekt på medverknad frå distrikta i arbeidsgrupper og i styringsgruppe når planen skal gjennomførast som eit viktig verkemiddel	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025
Musea er viktige samfunns- og kunnskapsinstitusjonar. Vonar at fylket finn å kunna vidareutvikle musea som viktige "kulturbankar" og kunnskapsinstitusjonar å investera i knytt til kulturarv, vern gjennom bruk og opplevingsproduksjon og forteljekunst.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling må enno tydelegare visa retning for kompetansedeling og sørgra for at vi har mange nok og sterke nok kompetansemiljø i regionane inkludert i arbeidet og nemnt i planen.	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.</p> <p>Endring eller informasjon av politisk betydning, og blir presentert i saksframstilling. Kompetanseutvikling i arbeidslivet er lagt inn som ei eiga satsing.</p>
<p>Saknar noko om kultur som næring i planen. Kultur og næring høyrer tett saman. I all planlegging av næringspolitikk må levande lokalsamfunn og kultur vera ein del av planen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kultur som trivsel, identitet, mangfald og verdiskapar.</li> <li>- Kulturarv som ressurs og vern gjennom bruk og aktivitetar - tradisjon og berekraftig bruk.</li> <li>- Kultur og innovasjon høyrer saman - kultur tyder å kultivera eller å utvikla</li> </ul>	<p>Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan.</p> <p>Det er gjort mindre tekstlege justeringar.</p>

Bør lagast ein temaplan for reiseliv.	Tatt til følgje. Det blir førslått å starte opp arbeid med ny temaplan for reiseliv.
<p>Saknar i høyringsutkastet til regional plan for innovasjon og næringsutvikling at ein koplar mot regional plan for kultur i opplisting av alle regionale planar som ligg til grunn</p> <p>Ynskjer at det i regional plan for næring og innovasjon skal visast til fylkeskommunen sin Handlingsplan 2021 Kultur.</p>	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Vi har vist koplinga til andre regionale planar tydelegare i handlingsprogram for 2021. Når det gjeld Handlingsplan for kultur er det ikkje naturleg å vise til handlingsplanar for 2021 i ein langsigtnig plan.</p>
<b>Stiftinga Vestlandsforskning</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Det manglar ei skildring av korleis ein skal satse på E-helse i åra framover. Dette bør ha eit stort potensiale i Vestland ut frå behova i ein stor offentleg sektor. E-helse blir noko av det viktigaste å prioritere for å oppretthalde velferdssamfunnet og ta hand om eldrebølgja. Det pågår ei rekke forskingsprosjekt innan E-helse (også i Vestlandsregionen) som kan gje viktige input til denne satsinga.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021. Endring eller informasjon av politisk betydning, og blir presentert i saksframstilling.
Vestlandsforskning ser veldig positivt på at dette området er framheva. Men det burde vere tydelegare fokus på korleis ein skal få til vesentleg meir mangfold i rekruttering til teknologifag. Det er eit stort potensiale i å sikre betre rekruttering til teknologifag. Det vil både styrke utdanningsmiljøa i Vestland og auke tilgangen til rett arbeidskraft til det viktige omstillingsarbeidet.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Vestlandsforskning ynskjer å framheve det nasjonale senteret for berekraftig klimailpassing, Noradapt, som ein viktig brikke i dette arbeidet. Her inngår ei rekke brukarpartnarar frå næringslivet. Satsinga på klimaomstilling i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet er også relevant	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Reiselivet er i stor krise etter Covid 19 og bør få spesiell merksemd dei neste åra. Vestland er ein av dei største reiselivsregionane i Norge. Reiselivet har stor lokal verdiskapings- og sysselsettingseffekt, og dekker heile regionen. I tillegg har reiselivet potensielt store klimakonsekvensar og vil difor vere ei viktig næring når det gjeld omstilling. Denne omstilling har ein unik moglegheit til å trå i kraft etter covid-19, og det er viktig at retninga er kunnskapsbasert. Dei oppfordrar til ei større satsing innan reiseliv dei neste åra.	Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan. Det blir føreslått å starte opp arbeidet med ein temaplan for reiseliv.

<b>Stord kommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Stord kommune meiner næringsplanen saman med utviklingsplan for Vestland gir eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare næringsarbeid i fylket, Sunnhordland og Stord kommune. Vi meiner likevel planen vert for omfattande til å kunne fungere som næringsplan på kommunalt nivå, men kommunen kan nyte det framlagte kunnskapsgrunnlaget, målsetjinga og strategiane til å identifisere våre styrker og kva vi kan byggje vidare på for å lukkast i næringsarbeidet framover i vår regionale kontekst. Dette vert ein viktig del av samfunnssdelen til kommuneplanen som kommunen no går i gang med å utarbeide. Særleg vert det viktig å definere ein god arealstrategi slik regional plan påpeiker. Kva for næringar treng kva for areal i vår kommune?</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Planen blir meir konkretisert i handlingsprogram for 2022-2025, og gjennom Grøn region Vestland blir føremona til dei ulike regionane kartlagt.</p>
<p>Stord kommune har ikkje innspel til endringar i sjølvé næringsplanen, men meiner handlingsprogramma særleg må støtte opp om følgjande: infrastruktur, kompetanse, offentleg-privat samarbeid, sosial berekraft, medverknad.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p>Infrastruktur: Det må byggjast tilstrekkeleg infrastruktur for å hindre at dette vert barriere for vidare næringsutvikling; dette gjeld både nettkapasitet for kraftforsyning, digital infrastruktur og transportinfrastruktur og kollektivtransport for å binde saman større bu- og arbeidsmarknadsregionar.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>
<p>For Stord kommune som regionsenter og øykommune er det viktig med gode kommunikasjonar mot regionhovudstaden Bergen og mot våre nabokommunar. Hordfast og Sunnfast er samferdselsprosjekt som bind Sunnhordlandsregionen saman internt og mot Bergen. Vi må også nyte innkjøpsmakta til å bidra til utviklingsprosjekt innanfor kollektiv transport både til sjøs og på land. Fylkeskommunen må aktivt setje i verk fleire pilotprosjekt innanfor kollektiv transport som både er miljøvenlege og i større grad svarer på innbyggjarane sitt transportbehov.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid/anna avdeling i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei.</p>
<p>Det vert i regional plan peika på at vi har eit fortrinn når det gjeld naturressursar, men skal vi kunne foredle og utnytte desse, er vi avhengige av ei lærande arbeidskraft. Her meiner Stord kommune at det må leggjast endå større vekt på samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og næringslivet, både kva gjeld aktuell oppdatering og vidareutdanning av arbeidskraft, og kva gjeld næringsaktuell forsking. Ein må starte arbeidet allereie i grunnskulen ved at elevane får høve til å utvikle yrkespreferansen sin før dei kjem til vidaregåande skule. Rådgjevingstenesta må kvalitetssikrast. Det må også arbeidast for å hindre fråfallet i vidaregåande skule. Peikar på trong for kunnskap om yrkesretta utdanningar og arbeidsplassar.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid/anna avdeling i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med opplæringsavdelinga , og innspelet blir sendt over til dei.</p>

Handlingsprogrammet må stimulere til kunnskapsdeling på tvers av privat og offentleg sektor, bransjar og verdikjeder.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Næringslivet treng stabil tilgang på arbeidskraft og kundar. Arbeid med å fremja folkehelsa og skape gode og attraktive lokalsamfunn der folk trivast er grunnleggjande for den lokale næringsutviklinga. Både privat, offentleg og frivillig sektor har her eit felles ansvar. Det må leggjast til rette for samhandling på tvers av sektorane slik at dei ulike aktørane støttar opp om kvarandre og drar i same retning.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Innvolering av innbyggjarane i utviklingsprosessar må vere eit berande prinsipp i næringsutviklinga. Det må skapast gode arenaer for dialog og samskaping. Tidleg innvolering og opne prosessar fremjar tillit og felles forståing.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Stord kommune vil også peike på det grunnleggjande prinsippet som gjeld rett bruk av rett areal. Dette prinsippet medfører at det vil vere trøng for meir og betre kartleggingsarbeid for å oppnå målsetjingane om ei berekraftig forvaltning. Biologisk mangfald skal takast vare på, og naturgrunnlaget må sikrast gjennom auka kartlegging, overvaking og kompetansebygging for å få eit tilstrekkeleg godt grunnlag for kommunane til å gjøre vedtak når det gjeld arealforvaltning og næringsutvikling. Dette bør inkluderast i handlingsprogrammet på regionalt nivå.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
<b>Sunnfjord kommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
Sunnfjord kommune meiner at planen bør syne større ambisjonar for utvikling av landbruket. Landbruket står ovanfor nye utfordringar knytt til m.a. klimatilpassing, ny kraft til dyrevelferd og drift. Sunnfjord kommune meiner planen bør peike ut ei satsing og retning for landbruket med tilhøyrande verdikjedar. Vi trur det ligg eit stort unytta potensiale ved ei satsing på smartspesialisering i landbruket.	Tatt til følge. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temoplan. Det blir føreslått å starte arbeidet med ein temoplan for landbruket. Innspellet går inn i det arbeidet.
Utbygging av framtidssretta breibandnett må framleis vere ei stor satsing i Vestland fylke. Samstundes er det ein utilsikta konsekvens at leveringsplikta for telefoni fell bort. Vi meiner difor at tida er inne for ei større satsing på utbygging av eit framtidssretta mobilnett. Vi bør ha ambisjon om at utbygging av mobilnettet bør kunne komme under finansiering av NCOM, etter lik modell for breibandutbygging. Utbygging av framtidssretta mobilnett er viktig for at distriktsnæringer og landbruk kan ta del i smart spesialisering.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025 og til temoplan for breiband som er føreslått starta opp. 5G blir eit sentralt tema framover.

Kommunestyret i Sunnfjord ber om at ordninga med kommunale næringsfond tilbakeførast til kommunane og tilførast meir midlar.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Kommunale næringsfond blir drøfta i samband med budsjettprosessen for 2022.
Sunnfjord ser at dei har behov for å spisse sitt eget næringsarbeid lokalt, med ein eigen kommunal næringsplan. Det er heilt naturleg at ein ny kommunal plan for innovasjon og næringsutvikling er bygd på dei same grunnprinsippa som regional plan.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
Planen bør omtale regionråda sin relevans og posisjon i Vestland fylke. Regionråda er viktige i utvikling av næringspolitikk, næringsretta infrastruktur og for å etablere større næringsmessig samarbeid.	Tatt til følge.  Kommunar og regionråd si rolle er noko meir omtala i plan og handlingsprogram. Dette blir også følgt opp i eiga politisk sak om regionråd, og i handlingsprogram.
I utviklingsplan Vestland vart det peika på at Vestland skulle bli leiande kulturregion i landet. Sunnfjord kommune saknar difor ei større satsing på kulturbasert reise- og næringsliv i planen.	Tatt til følge. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan. Det blir føreslått ein eigen temaplan for reiseliv og der kan dette bli eit tema.
<b>Sveio kommune</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Sveio kommune ser på høyringsutkastet «Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» som eit godt dokument som gjev eit godt grunnlag for vidare arbeid på feltet. Kommunen meiner og at dokumentet gjev ei realistisk skildring av dei utfordringane lokalsamfunna i Vestland vil stå overfor i åra som kjem. Sveio kommune ser at både utfordringar og mogelegeheter i Vestland har mykje til felles med det ein vil finna i nabofylka Rogaland og Møre og Romsdal. Kommunen vil difor oppmoda Vestland fylkeskommune om å ta ei leiarrolle i det samla innovasjons- og næringsutviklingsarbeidet på heile Vestlandet. På dette viset kan landsdelen setja dagsordenen når framtidige nasjonale satsingar skal gjennomførast.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Vestlandssamarbeid er kome tydelegare fram i dokumenta.

Sveio kommune vil vidare peika på at samferdsel og kommunikasjonar også i framtida vil vera sentrale element i innovasjons- og næringsutviklingsarbeidet i Vestland og på resten av Vestlandet. Det går føre seg svært mykje innovasjonsarbeid knytt til utvikling av berekraftige transportløysingar på veg, til sjøs og i luftfarten. Vidare er god breibandstilgang, eit moderne vegnett, moderne hamner og flyplassar og tenlege logistikknutepunkt naudsynte om vårt lokale næringsliv framleis skal vera innovativt og konkurransedyktig internasjonalt.

Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen. Det blir også føreslått ein eigen temaplan for breiband.

### **TA Balevik solutions as**

#### **Innspel**

Kjem med innspel om at Fiskeridirektoratet sitt regionkontor skal kunne dispensere frå generelt forbod for norske fartøy for å fiske og lande leppefisk frå 2021 for mellom anna undervising og guiding.

#### **Merknad/Oppfølging**

Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.

Kjem ikkje inn under denne planen sitt verkeområde, det er Fiskeridirektoratet som har mynde på dette temaet.

TA Balevik Solutions har eit innspel om bruk av ruser til fangst av leppefisk og regelverk knytt til dette. Har innspel om at det ikkje er behov for utfasing av ruser.

Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.

Kjem ikkje inn under denne planen sitt verkeområde, det er Fiskeridirektoratet som har mynde på dette temaet.

TA Balevik Solutions AS kjem med innspel om å evaluere grensene for bevaringsområde for hummar i Sognefjorden, og justering av grensene i bevaringsområdet Kvinnefossen – Tenninga som ligg i Nye Sogndal kommune

Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.

Kjem ikkje inn under denne planen sitt verkeområde, det er Fiskeridirektoratet som har mynde på dette temaet.

<b>Trond Terøy</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Legg vekt på at breiband må prioriterast. Det vert etterlyst ein anna metode for breibandutbygging	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Breiband blir tema i ny temaplan for breiband dersom fylkestinget vedtek å starte planprosessen
Bør ha mål om full fiberdekning i heile Vestland	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Breiband blir tema i ny temaplan for breiband dersom fylkestinget vedtek å starte planprosessen og mål for breibanddekning blir sett der.
<b>Ullensvang kommune</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Kommunane er eigne forvaltningsorgan, og vil styre sine planar og handlingsplanar etter dei overordna planar som kommunestyret vedtek. Med dette er det dei kommunale planane, slik som til dømes kommuneplanen, som er styrande for kommunale handlingsplanar.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
Det blir oppmoda om at det blir utvikla ein plan/strategi for desentralisert fylkeskommunale- og statlege arbeidsplassar i dei større regionssentera (dørme; Odda, Voss, Sogndal, Førde, Stord). Målet bør være at det blir etablert minst like mange fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i distrikta som netto er tapt sidan år 2000.	Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.  Innspel om strategiar er kommentert i saka.

<p>Vasskraft, industri, reiseliv og landbruk er svært viktige næringar for mange kommunar i Vestland. Det oppmodast om at desse næringane får stor merksemd, og då helst gjennom eigne temaplanar og strategiar. Ullensvang kommunestyre støttar vedtaket i Vestland fylkesting 29. oktober 2020 om å utvikle målretta tiltak for å styrke industrisamfunna og sikre gode rammevilkår for den kraftforedlande industrien. Eit sentralt tema må vere å nytte den fornybare vasskrafta til vidareutvikling av industri nær kraftproduksjonen.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.</p> <p>Det blir føreslått oppstart av temaplan for landbruk, og temaplan for reiseliv. Det skal utarbeidast ein eigen regional plan for fornybar energi. Industri blir tema i handlingsprogram, og teknologi og industri er trekt fram som strategisk viktig tema i planen.</p>
<p>I Ullensvang er det store prosjekt i gang innan hydrogen og biogass. Det er svært viktig at desse aktivitetane stemmer godt inn i handlingsprogrammet.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Biogass vil bli nærmare omtalt i den nye regionale planen for fornybar energi, der det vil bli utarbeida ein eigen biogasstrategi.</p>
<p>For å sikra distrikta sin medverknad må Vestland fylkeskommune nytta fleire representantar frå distrikta inn i ulike arbeidsgrupper og sentrale fora. Til dømes registrerer vi at distrikta ikkje var representert i administrativ styringsgruppe for planen. Vi registrerer at Bergen kommune er representert i Næringsforum Vestland, medan distrikta ikkje er representert. Fylkeskommunen må organisera samansettinga av Næringsforum Vestland slik at minimum regionane er representert på line med Bergen kommune.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram for 2022-2025.</p> <p>Bergen som den klart største byen og kommunen i folketal er representert i Næringsforum. KS er også med, og representerer alle kommunane. Det er likevel naturleg at samansetninga i Næringsforum vert vurdert som følgje av dei satsingane som blir konkretisert i oppfølginga av den regionale planen.</p>
<p>Elektrifisering av sokkelen med straum frå land tek seg godt ut i vår nasjonale utsleppsstatistikk, men sparar verda for lite eller ingenting av Co2-utslepp. Klimakrisa er for viktig og akutt til at Noreg skal driva med slik suboptimalisering. Framføring av straum frå land til oljeinstallasjonane i Nordsjøen er svært kostbart, og kvar kWh kunne i staden vore nytta til produksjon av klimavenlege energiberarar som hydrogen eller ammoniakk på land. Havvinden som produserer straumen til installasjonane kan så levera straum til straumnettet når oljefelta vert tekne ut av produksjon. Vidare elektrifisering av sokkelen bør skje med havvind, ikkje med straum frå land.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen</p>

<p>Vi må satsa på kortreist kraft. Krafta blir i stor grad produsert i indre strøk og bør også brukast der. Ullensvang kommune er Norges største kraft kommune, prosessindustrien i kommunen brukar mykje kraft og har store planar for utvidingar. Så det er stort behov for kraft. Indre strøk har også stor nedgang i folketalet og har bruk for nye arbeidsplassar. Så i staden for å eksportera krafta til Bergen og omland og etablera nye arbeidsplassar i pressområde bør arbeidsplassane etablerast nær der krafta blir produsert. Krafta må i alle fall ikkje eksporterast i nye kraftkablar til utlandet!</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Fornybar energi er trekt fram som eit strategisk viktig tema i planen, der blir det mellom anna lagt vekt på ei regional utvikling som gjer at kommunar kan utvikle og bruke ressursar lokalt. Det kjem også ein eigen regional plan for fornybar energi.</p>
<p><b>Ullensvang reiseliv</b></p> <p>Innspel</p> <p>Reiseliv er ei så kompleks og viktig næring, at å innarbeide denne i innovasjon- og næring vil gjera den for generell og fragmentert. Etterlyser eit system for reiseliv som tar heile fylket i bruk og fordeler turistane utover fylket, og ønskjer overordna retningsval for reiselivsutvikling i fylket og ein eigen reiselivsplan eller reiselivsstrategi</p>	<p><b>Merknad/Oppfølging</b></p> <p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Reiseliv blir tema i eigen temaplan for reiseliv dersom fylkestinget vedtek å starte planprosessen.</p>
<p>Ønskjer incentivordningar for å stimulere til innfasing av miljøvenlege driftsmidlar i reiselivet</p> <p>Treng satsing på miljøvenleg infrastruktur og transportløysingar. Det fylkeskommunale verkemiddelapparatet må innrettast meir til omstillingsmidlar av eksisterande reiseliv.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Aktuelt for andre regionale planar, samt temaplan for reiseliv dersom fylkestinget vedtek å starte planprosessen.</p>
<p>Kollektivtransport er viktig for inkludering i samfunna. Treng fokus på at rutetilbodet forankrast lokalt.</p> <p>Fylkeskommunale kontorpultar må flyttast ut i regionane</p> <p>Infrastruktur: framkomlege vegar er viktig også for reiselivet</p> <p>Hurtigbåten på Hardangerfjorden: ønskjer heilårsrute jamfør heilårs reiseliv</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei</p>
<p>Næringsutvikling bør skje utan nye naturinngrep i verneområde</p> <p>Ny næring og industri må utviklast i tråd med FNs berekraftmål, og vestlandsnaturen må anerkjennast som den viktigaste råvara til reiselivet</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>

UN Global compact Norge	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>UN Global Compact Norge saknar ein tydelegare strategisk retning og samanheng i planen, og opplever dei fire målsettingane i planen som lite konkrete. Dei oppfattar at den strategiske retninga blir enda vagare ved at mål og satsingar ikkje har ein tydelegare samanheng. UN Global Compact Norge ser på de to store utfordringane ”å få fart på den store omstillinga som skal gjere Vestland mindre oljeavhengig” og ”sikre verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i hele fylket”, som gode utgangspunkt for å sette tydelegare mål. UN Global Compact Norge ser på dei gjennomgåande temaa som sentrale for å lykkast med planen. Dei stiller spørsmål ved om samarbeid bør være ein eigen og fjerde satsing. Samarbeid er eit premiss i smart spesialisering og blir trekt fram som ein av barrierane i Vestlandsscenarioene. Visjonar og målsettingar bør komme tydelegare fram på et tidlegare tidspunkt.</p> <p>Planen peikar på taksonomien som en påverkningsfaktor for næringslivet på Vestlandet. Her er det sentralt å ikkje undergrave de sosiale krava som vil bli stilt til verksemndene. Vi vil derfor understreke viktigheten av at første satsingsområde har et todelt fokus - både på berekraft, men også ansvarlegheit. UN Global Compact Norge foreslår at første satsing blir kalla ”berekraftig og ansvarleg næringsutvikling”</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Det er spissa noko gjennom strategiske tema, det blir også spissa meir i handlingsprogram for 2022-2025. Samhandling og møteplassar er eit tverrgående tema i planen.</p>
<p>Eit av temaa som gjelder for alle satsingane i den regionale planen, er kompetanse. To av barrierane i Vestlandsscenarioene er også ”for stort gap mellom forsking, utdanning og næringsliv” og ”manglende tilgang på kompetanse og ”brain drain” Fleire konkrete tiltak i handlingsprogrammet for 2022-2025 bør rettast mot denne tematikken.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p> <p>Det blir lagt inn ei satsing på Kompetanse i arbeidslivet og ein temaplan for forsking. Tiltak blir konkretisert i temaplan og i handlingsprogram. Det kjem også ein eigen regional plan for kompetanse.</p>
<p>UN Global Compact etterlyser konkrete mål for nye eksportnæringer. UN Global Compact Norge vil utfordre fylkeskommunen til å sette konkrete målsettingar, knytt til økte eksportinntekter og utvikling av nye eksportnæringer. Fylkeskommunen bør på sikt tydeleggjere korleis de vil støtte opp om eksisterande eksportnæringer og auke innsatsen for å utvikle nye.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p> <p>Satsingar og mål blir meir konkretisert i handlingsprogram for 2022-2025.</p>

Det som står i planen om EU sin taksonomi bør forbetraast og det bør spesielt peikast på risikoen EU-taksonomien inneberer for små- og mellomstore bedrifter.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen
Planens mål om nullutslepp innan 2033 kan underspille utviklingsplanens mål om nullutslepp innan 2030. Vi anbefaler derfor at planen setter målet om nullutslepp til 2030, til tross for at den regionale planen for næringsutvikling og innovasjon varer frem til 2033.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.  Planen nyttar no omgrepene "netto null-utslepp" og målet er endra frå 2033 til 2030.
<b>Universitetet i Bergen</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Nytten til planen vil i stor grad vere avhengig av konkretisering av satsingar og tiltak i handlingsplanane.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Det er lite tydeleg kva som meinast med «inkluderande samfunn» i planen. Dette omgrepet bør defineraast, og inkludere innvandrarar. UiB vil også trekke frem at dimensjonar knytt til alder, kjønn, fattigdom, helse og distrikt er viktig å ta med når ein snakkar om eit inkluderande samfunn i Vestland.	Ikkje tatt til følgje. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.  Berekraftsomgrepet er lagt til grunn for planen, også sosiale forhold. Satsinga innovative og inkluderande samfunn blir konkretisert meir i handlingsprogram for 2022-2025.
Vi ser det som viktig at dei ulike initiativa og aktørane som finst i dag (innan innovasjon, forskingsbasert innovasjon, studentinnovasjon, inkubatorar) samhandlar best mogeleg, og at nye initiativ eller arenaer for samarbeid vurderast opp mot dei aktivitetar som alt er etablert.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Slik regionplanen og handlingsplanen skisserer bør mange aktørar vere involverte, men vi vil særleg trekke fram VIS – Vestlandets Innovasjonsselskap som ein viktig partner i forskingsdriven innovasjon	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Universitetet vil peike på FoU og satsingsområda for forsking og utdanning som særskilt relevante område for tiltak og strategiar i handlingsprogrammet. Innovasjon og næringsutvikling er i aukande grad kunnskapsbasert. Forsking er nemnt i planen som eit punkt som gjeld alle satsingane. FoU og innovasjon heng tett sammen. Tiltak for å styrke FoU og FoU-basert kompetansekraft kunne med fordel vore ytterlegare framheva som eit eige satsingsområde, og bør uansett ha ein framtredande plass i handlingsprogramma.	Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.  Det blir føreslått å starte arbeidet med ein Temaplan for forsking.

<p>For å byggje opp kompetansen som fylket har behov for er dei akademiske lærestadane sentrale. Sammen si kandidatundersøking 2020 syner at Vestland har ein nettogevinst i rekruttering av høgt utdanna arbeidskraft på 2.2% grunna dei akademiske institusjonane. Ein må likevel følgje opp enkelte kompetanseområde, t.d. IKT-faga, der det ser ut til at mange av kandidatane rekrutterast til Oslo-regionen. Det er viktig at kommunar, regionen og akademia spelar på lag slik at ein greier å rekruttere dei beste kandidatane nasjonalt (og dels internasjonalt) til lærestadane, og behalde dei i regionen etter fullførte studie eller phd-løp. Vi trur det ville vere av stor verdi både for samfunnet og utdanningsinstitusjonane at næringslivet og det offentlege i endå større grad gjorde seg bruk av studentar, i form av praksis eller skriving av oppgåver som er relevante for regionen. Dette kan styrke rekrutteringa av kompetent arbeidskraft, samtidig som det gir utdanningsinstitusjonane eit endå nærrare forhold til utfordringane i samfunnet. Men aller viktigast er at det kan få ny kunnskap som trengst for innovasjon og grøn omstilling raskare spreidd i regionen. At slike ressursar blir tatt i bruk over heile fylket er sjølvsgart avgjerande. Eit område med særleg relevans er høvet for tilgang på forskingsinfrastruktur, der nasjonale og internasjonale ordningar krev at slike satsingar stillast til vege for brukarar utanfor akademia ved høve. Dette kan også vere gode område for fellessatsingar mellom akademia og næringsliv.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>								
<p>Akademia og næringsliv treng møteplassar for å dele kunnskap. Særleg dei områda som oppnår status som framifrå i forskningsrådet og EU sine ordningar kan vere nyttige som utgangspunkt for dialog mellom sektorane, som kan skape grunnlag for nye idear til nyskaping og forsking.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>								
<p>Helsenæring er difor eit område Vestland fylkeskommune har eit regionalt fortrinn og dette bør prioriterast som ei av de framtidige moglegitene når handlingsplanane for innovasjon og næringsutvikling leggast for åra framover. Ulike verkemiddel for innovasjon og entreprenørskapsklynger kan bidra til eit meir heilskapleg løp fram mot implementering og eksport av ny teknologi og bioteknologi og nye løysingar i helse- og omsorgstenesta. Vi ser at det vil vere behov for stimuleringsmidlar for å få til auka samarbeid mellom industri, tenester og akademia.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.</p>								
<p><b>Vaksdal næringsselskap AS</b></p> <table border="1" data-bbox="187 1545 1092 1989"> <thead> <tr> <th data-bbox="187 1545 1092 1590">Innspel</th><th data-bbox="187 1545 1092 1612">Merknad/Oppfølging</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td data-bbox="187 1612 1092 1709">Vaksdal Næringsselskap AS står målsetjinga til Vestland fylke om å basera seg på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.</td><td data-bbox="187 1612 1092 1709">Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</td></tr> <tr> <td data-bbox="187 1709 1092 1828">Arbeidsløysa er for tida skyhøg etter ei lang tid med pandemi. Vidare utdanning av vaksne må vera ei målsetjing for å folk i jobb igjen.</td><td data-bbox="187 1709 1092 1828">Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</td></tr> <tr> <td data-bbox="187 1828 1092 1989">For Vaksdal kommune som no har fått fellesprosjektet E16/Vossebanen inn i første del av Nasjonal transportplan er satsingane og tilhøyrande strategiar svært veleigna til å nå måla.</td><td data-bbox="187 1828 1092 1989">Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</td></tr> </tbody> </table>	Innspel	Merknad/Oppfølging	Vaksdal Næringsselskap AS står målsetjinga til Vestland fylke om å basera seg på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.	Arbeidsløysa er for tida skyhøg etter ei lang tid med pandemi. Vidare utdanning av vaksne må vera ei målsetjing for å folk i jobb igjen.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.	For Vaksdal kommune som no har fått fellesprosjektet E16/Vossebanen inn i første del av Nasjonal transportplan er satsingane og tilhøyrande strategiar svært veleigna til å nå måla.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.	
Innspel	Merknad/Oppfølging								
Vaksdal Næringsselskap AS står målsetjinga til Vestland fylke om å basera seg på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.								
Arbeidsløysa er for tida skyhøg etter ei lang tid med pandemi. Vidare utdanning av vaksne må vera ei målsetjing for å folk i jobb igjen.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.								
For Vaksdal kommune som no har fått fellesprosjektet E16/Vossebanen inn i første del av Nasjonal transportplan er satsingane og tilhøyrande strategiar svært veleigna til å nå måla.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.								

<p>Peikar på at skal Bergen oppnå byvekstmålet om at all trafikkauke må skje med kollektiv, sykkel og gåande er det avgjerande at Vaksdal kommune lukkast med å skapa innovative og inkluderande samfunn. Avgjerande at fylkeskommunen er med Vaksdal kommune om knutepunktsutvikling, for å få best mogleg utvikling av næring og bustader.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei</p>
<p>Sentrumsområde bør utviklast til viktige arenaer for handel og kultur, bustader og arbeidsplassar som kan utnytte ei sentral plassering og godt tilgjenge til kollektivtransport. Det må leggast til rette for offentlege besøksverksemder i tilknyting til prioriterte vekstområda og kollektivknutepunkta. Vaksdal og Stanghelle treng arealintensive verksemder.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei og til Regional plan for senterstruktur.</p>
<p>Fylkeskommunen bør ta eit spesielt ansvar for funksjonelle fylkesvegane, og grensesnittet til E16. Dale har gode føresetnader til datadriven næringssutvikling og til det treng me utfyllande infrastruktur til K5.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.</p> <p>Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og innspelet blir sendt over til dei.</p>
<p>For at Vestland skal sikra utvikling i heile fylket må ein satsa vidare på vasskraft som ein viktig ressurs for utvikling.</p>	<p>Tatt til følge - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.</p> <p>Fornybar energi er trekt fram som ei strategisk prioritering i planen. Det blir lagt opp til gode koplinger til den komande regionale planen for fornybar energi.</p>
<p>Vaksdal Næringselskap AS kan ikkje setja stor nok strek under denne setninga i innovasjons- og næringsplanen: Rett areal for rett næring, der ein har tatt omsyn til tilgang til infrastruktur.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>

Vestland bondelag	
Innspel	Merknad/Oppfølging
<p>Peikar på landbruk er ei svært viktig næring som skaper økonomiske verdiar gjennom ei heil verdikjede frå jord via lokal industri til bord. Areala i inn- og utmark gjev grunnlag for verdiskaping i andre næringar. Det vert i planen synt til at Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Det er svært viktig at noverande næringar i Vestland også får fokus i planen. Landbruket produserer i stor grad for ein innanlandske marknad, men marknaden er samstundes sterkt konkurranseutsett frå import. Det er også ein sterk konkurranse om marknaden innanlands. Landbruket i Vestland må til ei kvar tid ha fokus på innovasjon og utvikling, og det vil vere viktig at fylkeskommunen er med å legge til rette for at utviklinga kan skje.</p>	Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.
<p>Tykkjer det er bra at fylkeskommunen vil skape eit eigarskap til planen hos næringslivet. Skal ein lukkast med dette må næringslivet involverast i sterk grad. Vestland Bondelag ynskjer gjerne å bli involvert i det vidare arbeidet med konkretisering av handlingsprogram for kortare og lengre tidsperiodar.</p>	<p>Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2021.</p> <p>Det er positivt at Vestland Bondelag ynskjer å bidra med kunnskap inn i arbeidet. Vi noterer oss innspelet til vidare arbeid.</p>
<p>Tykkjer planen sine tre satsingsområde er gode. Næringslivet må gå i ei grønare lei med større fokus på sirkulærøkonomien. Innovasjon og korleis samfunna fungerer for å tiltrekke seg rett kompetanse vil vere avgjerande. Det same gjeld arealbruken.</p>	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
<p>Bondelaget etterlyser eitt nytt satsingsområde i planen. Dei meiner det må jobbast seriøst med ei satsing på å legge til rette for at menneske kan ta med seg arbeidsoppgåver frå byane og jobbe i spanande tversektorielle kontorfellesskap i heile Vestland. I staden for å flytte ut heile statlege arbeidsplassar bør ein lyse ut stillingar, der det vert sagt at du kan jobbe frå kvar som helst i Norge. Fylkeskommunen, kommunar og næringsliv må vere med å legge til rette for at menneske opplever det som attraktivt og bu og jobbe frå ein stad i Vestland. Dette må kome som ei satsing i tillegg til satsing på større bu og arbeidsområde.</p>	<p>Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Temaet blir jobba vidare med i handlingsprogram.</p>
<p>Landbruket legg ned mykje arbeid i å verte meir berekraftig og kan i stor grad bidra i den grøne næringsutviklinga. Matproduksjon og utmarksressursar gjev grunnlag for mange grøne produkt, mellom anna lokalmat, trevirke, energiproduksjon og karbonbinding i jord. Landbruket spelar også ei viktig rolle for reiselivet. Bruk av husdyrgjødsel til produksjon av biogass er ein god ressursutnytting.</p>	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
<p>For å få fram fleire produkt og tekniske løysingar i Vestland, kan det vere ein fordel å kople innovative teknologiverksemder med landbruket gjennom FOU-aktivitet. Frukt- og bærnæringa i Vestland har potensiale til å vere leiande i kvalitet i landet, men vi treng eit fylke som er drivande på teknologiutvikling.</p>	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025 og til temaplan for landbruk.

<p>Å tette eksportgapet er ei eiga overskrift og målsetjing i planen. Det er viktig at den lokale næringa kan ta del i denne verdiskapinga. Knoppskyting skjer i stor grad med utgangspunkt i eksisterande produksjon. Eit døme på dette er siderprodusentane i Hardanger. Dette viser eit potensial for næringsutvikling som fylkeskommunen må vere med på å utvikle vidare.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen</p>
<p>I samarbeid med andre næringar kan nye produkt og nye løysingar oppstå. Vestland har ei lang kystlinje og det jobbast mykje med FOU innan marin sektor. Vi har som mål å auke norskandelen i kraftfôret. Då må vi sjå på andre proteinkjelder, og her kan eit samspele med marinsektor vere ei løysing.</p>	<p>Tatt til orientering som innspeil til handlingsprogram 2022-2025 og til temaplan for landbruk.</p>
<p>I Norge kan vi skryte av å ha lågast bruk av antibiotika, god dyrehelse, god plantehelse og eit landbruk som stadig jobbar med å bli endå meir klimavenleg enn det allereie er. Dette er noko vi bør kunne dele med resten av verda. Eit konkret tiltak for å tette eksportgapet er å satse på innovasjon og teknologiutvikling innan landbruk og eksportere løysingar til andre land.</p>	<p>Tatt til orientering som innspeil til handlingsprogram 2022-2025 og til temaplan for landbruk.</p>
<p>I Vestland, med sine mange bygder, er det viktig å skape lokalsamfunn med gode bu- og arbeidsforhold. Å tenkje samarbeid og arbeide på tvers av sektorar er bra, men ta også med punkt der menneska kan ha kontoradressa til arbeidsplassen sin ein heilt annan stad enn der dei bur.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen</p>
<p>Utbetring av flaskehalsar innan transport og digitalisering vil gjøre det meir attraktivt å busetje seg i dei rurale delane av fylket. Fylkesvegane knyter ulike delar av fylket saman og skal fungere som ei trygg og føreseieleg ferdselsåre for trafikantar og næringsliv. Landbruket er ei desentralisert næring med ein stor trong for effektiv og sikker transport av produkt i heile verdikjeda. Vegstandard på fylkesvegane og dei kommunale vegane er difor avgjerdande.</p>	<p>Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.  Det blir også foreslått ein eigen temaplan for breiband.</p>
<p>Ei nedbygging av jordbruksareal vil vere negativt for mattriggleik, beredskap, klima og biologisk mangfald. I planen vil ein sjå på jordvernstrategien som ein sentral indikator for jordvern. Vestland Bondelag meiner planen må ha ein betre strategi for å ta vare på dyrka og dyrkbar mark og utmarksressursar. Eit verktøy for å oppnå dette kan vere ein regional strategi for jordvern.</p>	<p>Tatt til følgje. Det blir foreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.  Det blir foreslått å starte opp arbeidet med ein temaplan for landbruk. Jordvern kan vere eit tema der.</p>
<p>Det er viktig at landbruket vert invitert aktivt med i prosessane som skal lede fram til nye handlingsprogram. Vestland Bondelag vil gjerne delta i arbeidsgrupper og møteplassar der tema som er viktig for utviklinga av næringslivet og lokalsamfunna i Vestland vert drøfta. Vi er også opne for å drøfte ei meir forpliktande deltaking gjennom Partnarskap utover det reinte landbruksretta Partnarskapen der vi deltek i dag.</p>	<p>Tatt til orientering som innspeil til handlingsprogram 2022-2025.  Det er positivt at Vestland Bondelag ynskjer å bidra med kunnskap inn i arbeidet. Vi noterer oss innspelet til vidare arbeid.</p>

For å sikre ein vidareutvikling av landbruket i Vestland, med auka verdiskaping og ei grøn utvikling, meiner Vestland Bondelag at det må utarbeidast ein eigen temaplan for landbruk. Om det vert lagt større vekt på tverrsektorielt samarbeid kan ein gjerne tillate seg å tenkje nytt der ein lagar felles handlingsprogram for næringar som er nært knytt opp til kvarandre.	Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan
<b>Vestlandets innovasjonsselskap AS</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
I handlingsprogram for 2021 bør det definerast konkrete innsatsområde/satsingar innan utvalde område tom til dømes hav, reiseliv, helse) der vi har regionale fortrinn. Ta posisjon som Havfylket med felles ambisjonar og kjerneaktivitet. Fylkeskommunen bør sørge for koordinert samarbeid med aktørar som koplar interessentar som til dømes TTO, industriklynger, inkubatorar, næringsråd og tilsvarande. Felles satsingar som Innovasjonsuken OPP kan nyttast som arena for samarbeid knytt til innovasjon i heile regionen.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
VIS og dei andre 10 norske TTO-ar ynskjer å dele erfaringar om sin innovasjonsarena med andre. Fylkeskommunen må koordinere slik at dette og andre miljø som vil dele sine erfaringar og bygge kultur for innovasjon og medverknad for å få mest mogleg effekt. Det er behov for ei heilskapleg entreprenørskapssatsing i regionen med fokus på kunde og felles kundereise. Gründerar, oppstartsselskap og SMBar må få tilgang til relevant kompetanse uavhengig av geografi og bransje. Her kan det bli vurdert å ta i bruk ein felles informasjonsplattform som òg involverer investorkapital.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Bør aktivt støtte opp om satsing på innovasjon over heile verdikjeder for vedtekne satsingar. Må ha fokus på Fokus på Missions i Horisont Europa og heile verkemiddelapparatet i Norge med særleg vekt på Grøn plattform og tilsvarande utlysingar. I større grad gjere tilgjengeleg verkemidlar for grøn næringsutvikling inn mot EU-marknaden til oppstartsselskap og SMB-ar i regionen. Må ha tett dialog med industri og vil derfor videreførast i samråd med TTO og industriklyngene.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025
Peikar på at regionen har stor kompetanse innanfor helse, og forskingsmiljøa har markert seg med selskap på børs. Det er stor satsing på innovasjon innanfor helse og ein ny helseinkubator er innflyttingsklar på Haukeland i år. VLFK vil bidra til at tverrfagleg innovasjon kan skje, gjennom å vera vertskap/støtte arrangement innanfor dette.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025
VIS vil gjerne gje innspel til arbeidsgruppa som skal lage det fleirårige programmet.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Det er positivt at VIS ynskjer å bidra. Vi noterer oss innspelet til vidare arbeid.

Bør støtte opp om skaleringsmotor i form av testsenter, støtte aktivt opp om katapultsenter og gå i bresjen for å etablere koordinere småskalaproduksjon for prosessering av marine råvarer. Skape fleire, berekraftige arbeidsplassar gjennom entreprenørskap og innovasjon innan bransjar med regionale fortrinn; helse, hav, energi og teknologi. Premiere initiativ som skapar samhandling og felles satsingar. Viktig å få til ei større havsatsing, og peiker på ei rekke dømer.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Viktig å sørge for aktiv trippel helix med særleg tett samarbeid med akademia og marin forsking. Prioritere havnæring og helse. Peikar på regulatorisk innovasjon og samarbeid. Viktig å ha fokus på relevant kompetanse og praksisnær utdanning kopla til bransjar med regionale fortrinn.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Endring er nødvendig bort frå småparsellar/frimerke til typisk areal på 400 kv km i sjø regulert for dyrking. Dette bør skje i lag med arealsenteret for berekraft ved UiB. Utarbeide konkrete forslag i regionen for regulering av areal som gjev realisme til å nå femdobling i havnæringa innan 2050.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
<b>Viken fylkeskommune</b>	
Innspel	Merknad/Oppfølging
I høyringsutkastet til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling har Vestland fylkeskommune peika på vesentlege globale, nasjonale og regionale utfordringar. Det går tydeleg fram av utkastet korleis desse er lagt til grunn for analyse av situasjonen i dag og vidare satsingar.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Klimaendringar, grøn omstilling og næringsutvikling, å ta heile fylket i bruk er og heilt sentrale premissar i planprosessane i Viken fylkeskommune. Med tanke på at situasjonen i dag påverkar menneske og miljø på alle geografiske nivå, er det positivt at fleire fylkeskommunar og andre regionale aktørar gjer desse utfordringane synlege og prioriterer regional næringspolitikk og utviklingstiltak i høve til dette.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Planutkastet er det formulert på eit relativt overordna nivå. Noko meir konkretisering av utfordringar, alternativ og moglege prioriteringar kunne vore gjort, for å gjøre tydeleg dei val ein står framføre. Har samstundes forståing for at ein ikkje ynskjer å leggje for sterke bindingar på vidare prioriteringar allereie no, før arbeidet med handlingsprogram for dei kommande åra er starta opp.	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.  Satsingane er spissa noko gjennom å ta fram strategiske prioriteringar, og vert konkretisert meir i handlingsprogram for 2022-2025.
Positivt med Smart spesialisering, og positivt at ein legg vekt på å utvikle eit system med indikatorar m.m. for å etterprøve resultat og effektar av gjennomføringa av planen. Dette er eit område som ofte ikkje får tilstrekkeleg merksemeld i planprosessar og i oppfølging av regionale planar.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.


Viken fylkeskommune vil understreke behovet for, og verdien av, ein vidare dialog og samhandling på område der dei to fylkeskommunane har gjensidige ansvar og interesser, så vel geografisk som tematisk. Det er ei rekkje viktige tangeringspunkt mellom Vestland og Viken fylker. Eksempel på dette er spørsmål knytte til transport og kommunikasjon, natur- og viltforvaltning, og ulike tema rundt dette. Potensial for næringsutvikling knytt til dette, til dømes innanfor reiselivs- og opplevingsnærer, kan verte utvikla gjennom samarbeid og koordinert handling. Eit døme på dette er naudsynet av at berekraft og grøn dimensjon står sentralt i vidare satsingar. Dette gjeld ikkje minst for fjellområda i så vel Vestland som Viken. Dette er tema som vi og vil kome inn på i den pågående planprosessen i Viken, der regional plan for kompetanse og verdiskaping blir ein av tre regionale planar Viken skal utarbeide dei kommande to åra.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025
<b>Visit Bergen</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Det er behov for å vidareutvikle reiselivet i tett samarbeid mellom næringsaktørane og det offentlege. Reiselivet bidrar til sysselsetting og busetnad i fylket, og bidreg til å ta vare på og vidareutvikle unike natur-, historie- og kulturopplevingar i heile regionen. Reiselivet er ein del av løysinga for planens hovudmål om auka verdiskaping, desentralisert utvikling, eit godt klima og miljø, gode lokalsamfunn og like moglegeheit til å delta i verdiskapinga - dette må tydeleggjerast meir i planen.	Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.  Det blir føreslått å starte arbeidet med ein temaplan for reiseliv, og då er dette tema som kjem tydlegare fram.
Fylkeskommunen bør ha ein ambisjon om at alle destinasjonar i Vestland skal sertifiserast med Innovasjon Norge sitt merke for berekraftig reisemål. Dette bør komme fram i planen.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.  Dette er eit meir naturleg tema i Temaplan for reiseliv dersom fylkestinget vedtek å starte opp planarbeidet.
<b>Voss herad</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Den regionale planen kan ikkje erstatta Voss herad si eiga planlegging, men utgjera eit viktig kunnskapsgrunnlag i arbeidet. Meiner at vi bør invitere til innspelsmøter tidlegare i høyningsprosessen.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.

Ynskjer at planen er meir tydeleg og konkret, og kanskje retta mot dei ulike områda fylket har: Bergen og omland, regionsentera og alle grendene	Tatt til følgje - tekst korrigert i endeleg plan eller handlingsprogram 2021.  Planen er konkretisert med strategiske prioriteringar, og satsingane blir mykje tydelegare i handlingsprogram 2022-2025.
Ynskjer at kulturnæringa får større plass i planen og at nysatsingar innan skjeringspunktet landbruk/reiseliv/kultur kunne vore ein eigen uttalt strategi. Strategiar for vidareforedling av råvarer frå landbruket vil og vera nyttig for verdiskaping i distrikta	Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.  Det blir føreslått oppstart av temaplanar både for landbruk, og for reiseliv.
Vestland burde ta initiativ til ordningar som inneberer at det vert lettare å få aksept for at krafta skal nyttast der den vert produsert - vil vera stimulerande for lokal næringslivsutvikling.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Infrastruktur og digitalisering viktig for alle dei tre satsingane - er avgjeraende for distrikta	Tatt til følgje. Det blir føreslått å starte opp arbeid med ny temaplan.  Det blir føreslått å starte arbeidet med ein temaplan for breiband og digitalisering.
Tykkjer at både plan og handlingsprogram burde vore meir konkret for å fanga opp dei mange utfordringane ein har i kjømdu av koronapandemien	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Handlingsprogram for 2022-2025 blir meir konkret om aktuelle verkemiddel.
Det bør skiljast betre mellom kva storbyane og distrikta treng av verkemidlar.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.

For å unngå ei sterkare byråkratisering av næringsavdelingane i fylkeskommunane er det viktig å gje meir ansvar og verkemiddel til kommunane sjølve. Voss herad støttar ikkje at regionale midlar skal overførast til interkommunale samarbeid/prosjekt eller regionråd. Voss herad ynskjer å halda seg til forvaltningsnivåa i lovverket: stat – fylke – kommune.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Rolledeeling og verkemiddel blir meir konkretisert i handlingsprogram.
Handlingsprogrammet ber preg av hastverk.	Tatt til orientering.
Tykkjer det er viktig at også distriktskommunane vert inkludert i det vidare arbeidet.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025. Distriktskommunane kjem til å bli involvert.
<b>Øygarden kommune</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Trekk fram at nye arbeidsplassar og næringar vil vere avhengig av, og bygge på dei naturgitte fordelane som Vestland har. Dei trekk fram havet, energi og turisme. Peikar på at kunnskapen frå olje- og gassnæringa vil kunne danne grunnlag for nye, grøne arbeidsplassar.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.
Ber om at kommunen og det lokale næringslivet i Øygarden vert involvert og sikra medverknad i arbeidsgruppene som skal jobbe vidare med handlingsprogrammet. Peiker på at ein i handlingsprogrammet må differensiere mellom dei ulike regionane i fylket og ta omsyn til ulike lokale strukturar, næringsliv og folkesetnad.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.  Det er positivt at det er ynskje om meir involvering  Gjennom Grøn region Vestland skal vi sjå på regionale føremon.

Ber om at flyttinga av Bergen Hamn, CO2-fangstprosjekt og bygging av nytt Sotrasamband blir vektlagt i oppfølginga av planen.	Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid/anna avdeling i fylkeskommunen.  Det har vore dialogmøte med avdeling for infrastruktur og veg og avdeling for mobilitet og kollektivtransport , og deler av innspelet blir sendt over til dei.
<b>Årdal kommune</b>	
<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Meiner at det bør utviklast ein eigen strategi og verkemiddel/verktøy for dei områda som er basert på prosessindustri. Der dei ulike stadene kan arbeide saman på tvers.	Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.  Det blir ikkje føreslått ein eigen industristrategi, men industri bli innarbeida i handlingsprogram 2022-2025. Nettverk for industrikommunar blir også lagt inn som aktivitet i handlingsprogram for 2021.
Tilgang på tilstrekkeleg og rett kompetanse blir ein nøkkel for å utvikle næringslivet og lokalsamfunna. Ein må finne gode og fleksible løysingar med utdanningsinstitusjonane og dei vidaregåande skulane.	Innspelet sendt over som informasjon til anna planarbeid i fylkeskommunen.  Det har vore dialogmøte med avdeling for opplæring og kompetanse, og innspelet blir sendt over til dei.
Bør synleggjere dagens tilbod av næringsareal, peike ut strategisk viktige areal som kan vere ei konkurransekraft framover.	Tatt til orientering som innspel til handlingsprogram 2022-2025.
Fag-/FoU miljøa i Bergen må bli relevante og nå ut til industrimiljøa i distrikta.	Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.

<p>Det bør lagast ein strategi for utvikling av verktøy og verkemiddel tilpassa dei einsidige industristader med prosessindustri. Stiller spørsmål ved om dagens verkemiddel i fylkeskommunen er relevant.</p>	<p>Ikkje tatt til følge. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Det blir ikkje føreslått ein eigen industristrategi, men industri bli innarbeida i handlingsprogram 2022-2025. Nettverk for industrikommunar blir også lagt inn som aktivitet i handlingsprogram for 2021.</p>
<p>Planen har ein viktig ambisjon om å vere i front i det grøne skiftet.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>
<p>Viktig med eit felles kunnskapsgrunnlag jamfør «Vestlandsscenarioene 2020». Peikar på at Nordhordland Næringslag, Alver kommune og Region Nordhordland har bestilt scenarioanalyse for Nordhordland.</p>	<p>Tatt til orientering, men det er ikkje gjort endringar i planen.</p>



vestlandfylke.no